

**ALDEREN TIL EDDAKVADA I  
*CODEX REGIUS***

**Spesielt om *of/um*-partikkelen som  
dateringskriterium**

**[tittelblad]**



## INNHALD

Innhald	3
Forkortingar	7
Forord	9
Innleiing	11
1. bolc: Problemstilling og metode	12
Problemstilling	12
Handskrifta for eddakvada	12
Tidlegare forskning	13
Dateringar hos Fidjestøl (1999) og von See et al. (1997-2012)	14
Fidjestøls kriterium	14
Kriteria hos von See et al.	18
Konklusjon om alderskriteria hos Fidjestøl og von See et al.	23
Metode	23
2. bolc: Språktrekk frå tidleg norrøn tid	27
<i>Vinðandin forna</i>	27
Hiatus eller samantrekte former	28
Preposisjonane <i>fyr</i> , <i>ept</i> og <i>und</i>	29
Enklitisk bruk av <i>ek</i> og <i>es</i>	30
Etterhengd artikkel	30
Verb plassert seint i setninga (brot på V2-regelen)	32
Bortfall av ‘w/v’ føre vokal: Lokasenna	35
Overgang /w/ > /v/ og stavrim mellom ‘v’ og vokal	37
Språkgrensa mot urnordisk	39
Konklusjon for språklege trekk — så langt	39

3. bolc: <i>Of/um</i> -partikkelen (I): skaldekvad	41
<i>Of/um</i> som dateringskriterium	41
Fidjestøls tal	42
Gades tal	43
Myrvolls tal	45
Variasjonane frå skald til skald	49
Konklusjon for bruken av <i>of/um</i> -partikkelen i skaldekvad	52
4. bolc: Medvitne arkaismar?	55
<i>Óláfs drápa Tryggvasonar</i> (i <i>Bergsbók: Óldr.</i> )	56
<i>Rekstefja</i> ( <i>Rst.</i> )	60
<i>Íslendingadrápa</i> ( <i>Ísldr.</i> )	61
<i>Jómsvíkingadrápa</i> ( <i>Jómsv.</i> )	63
<i>Stjörnu-Odda draumr</i> ( <i>StjO.</i> )	65
Konklusjon om medvitne arkaismar	67
5. bolc: <i>Of/um</i> -partikkelen (II): eddakvada	69
<i>Of/um</i> -partikkelen som fyllord	70
<i>Of/um</i> -partikkelen i prosa	70
Bevarte <i>of/um</i> -partikkelen rytmikken?	73
Kva skulle meisterskaldar med fyllord?	74
Konklusjon om «rytmefyll»	74
<i>Of/um</i> -partikkelen som trykksvak forstaving	74
Korleis <i>of/um</i> -partikkelen er brukt i <i>Codex Regius</i>	76
Tilfella der eg manglar ei god forklaring	78
Innvendingar mot å oppftta <i>of/um</i> som forstavingar	79
Konklusjon om bruken av <i>of/um</i> i <i>Codex Regius</i>	81
Fyllord eller forstaving?	81
Dateringar av kvada i <i>Codex Regius</i> ut frå bruken av <i>of/um</i> -prt.	82
Foreløpige konklusjonar om <i>of/um</i> -partikkelen i <i>Codex Regius</i>	86
Aldersanslag frå <i>of/um</i> -partikkelen jamført med andre språktrekk	87
Medvitne arkaismar, lånte vendingar, munnleg overlevering	90
Konklusjon om bruken av <i>of/um</i> -partikkelen	93

6. bolc: Alderen til <i>Þrymskviða</i>	95
Argumenta for høg alder	95
Argumenta for at kvadet er ungt	97
Balladeaktig	98
Lånte vendingar	100
Hamarmyten og latterlege gudar	101
Unge språklån	102
Er <i>um kvað</i> ein taleformel?	102
Konklusjon om alderen på <i>Þrymskviða</i>	103
7. bolc: Konklusjon: kva kan me seia om alderen på eddakvada?	105
Litteratur	107
Tabellar	
1. Kvad i <i>Codex Regius</i> av den eldre Edda (29 bevarte kvad)	26
2. Eddakvad som ikkje står i <i>Codex Regius</i> av den eldre Edda	26
3. <i>Of/um</i> -partikkelen hos dei enkelte skaldane	45
4. <i>Of/um</i> -partikkelen i eddakvada i <i>Codex Regius</i>	84
5. Samtlege undersøkte språktrekk	88
Figurar	
1. <i>Of/um</i> -partikkel i skaldekvad	48
2. <i>Of/um</i> -partikkel i skaldekvad. Bare nokolunde sikkert daterte skaldar.	48
3. <i>Of/um</i> -partikkel hos skaldar med minst 300 verselinjer	50
4. <i>Of/um</i> -partikkel hos skaldar med minst 500 verselinjer	50
5. <i>Of/um</i> -partikkel hos alle skaldar i heile hundreår	51
6. <i>Of/um</i> -partikkel i eddakvada	83
Vedlegg:	
1. Kenningar i <i>Óldr.</i> , <i>Rst.</i> , <i>Ísldr.</i> , <i>Jómsv.</i> og <i>StjO.</i>	
2. <i>Of/um</i> i <i>Codex Regius</i>	



## FORKORTINGAR

Sjá også litteraturlista

1.	1. person	HH. II	Helgakviða Hundingsbana II
1.kond.	1. kondijonalis	HHv.	Helgakviða Hjörvarðssonar
2.	2. person	Hlr.	Helreið Brynhildar
2.kond.	2. kondisjonalis	Hm.	Hamðismál
3.	3. person	Hrbl.	Hárbarðsljóð
A.	Handskriftet AM 748 I 4to.	hs.	(eitt) handskrift
adj.	adjektiv	hss.	fleire handskrift
ags.	angelsaksisk	Hym.	Hymiskviða
ahd.	althochdeutsch (=ght.)	iflg.	ifølgje
akk.	akkusativ	ind.	indikativ
akt.	aktiv	indoeur.	indoeuropeisk
Akv.	Atlakviða	inf.	infinitiv
Alv.	Alvíssmál	Ísldr.	Íslendingadrápa
Am.	Atlamál	jf.	jamfør
Brot	Brot af Sigurðarkviða	Jómsv.	Jómsvíkingadrápa
dat.	dativ	kond.	kondisjonalis (1. kond.; 2. kond.)
dvs.	det vil seia	konj.	konjunktiv
eng.	engelsk	l.	linje
f.	hokjønn (femininum)	Lex.Poet.	Lexicon Poeticum (sjå litteraturlista)
FGA	Fyrste grammatiske avhandling (sjå litteraturlista)	LO	Leiv Olsen
Fm.	Fáfnismál	Ls.	Lokasenna
fut.	futurum	Luc.	Lukasevangeliet
g.	(ur)germanisch (germansk)	Luk.	Lukasevangeliet
Gðr. I	Guðrúnarkviða I	m.	hankjønn (masculinum)
Gðr. II	Guðrúnarkviða II	Mc.	Markusevangeliet
Gðr. III	Guðrúnarkviða III	mht.	mellomhøgtysk
germ.	germansk	Mk.	Markusevangeliet
gfr.	gamalfrisisk	mnt.	mellomnedertysk
ght.	gamalhøgtysk	n.	inkjekjønn (neutrum)
Ghv.	Guðrúnarhvøt	nhd.	neuhochdeutsch (=nyhøgtysk)
got.	gotisk	NO	Norsk Ordbok (12 band; sjå litteraturlista)
Grm.	Grímnismál	nom.	nominativ
Grp.	Gripisspá	NlyR	Norges innskrifter med de yngre runer (sjå litteraturlista)
gs.	gammalsaksisk	norr.	norrønt
H.	Hauksbók	Od.	Oddrúnargrátr
Háv.	Hávamál		
Heilag.	Heilagra manna Sögur (sjå litteraturlista)		
HH. I	Helgakviða Hundingsbana I		

Óldr.	Óláfsdrápa Tryggvasonar (i Bergsbók)	Vm.	Vafprúðnismál
ONP	Ordbog over det norrøne prosasprog (sjå litteraturlista)	Vsp. Vsp B	Vǫluspá Vǫluspá i Bugges restituerte versjon
perf.	perfektum	Vsp H Vsp R	Vǫluspá i Hauksbók Vǫluspá i Codex Regius
perf.part.	perfektum partisipp		
pl.	fleirtal (pluralis)		
plperf.	pluskvamperfektum		
pres.	presens		
pret.	preteritum		
prt.	partikkel		
R.	Codex Regius av den eldre Edda (GKS 2365 4to)		
refl.	refleksiv		
Rm.	Reginismál		
Rst.	Rekstefja		
Sd.	Sigrdrífumál		
sg.	eintal (singularis)		
Sg.	Sigurðarkviða in skamma		
sjå d.	sjå dette		
Skj.	Den norsk-islandske Skjaldedigtning (sjå litteraturlista)		
Skm.	Skírnismál		
SkP	Scaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages (sjå litteraturlista)		
smst.	same stad		
SnE.	Snorra Edda		
StjO.	Stjörnu-Odda draumr		
str.	strofe		
st.v.	sterkt verb		
subst.	substantiv		
sup.	supinum		
sv.v.	svakt verb		
t.	talet (800-t. = 800-talet)		
ty.	tysk		
Prk.	Þrymskviða		
urg.	urgermansk		
urn.	urnordisk		
v.	verb		
Vkv.	Vǫlundarkviða		

## FORORD

Ingenting er så spennande som å prøva å løysa det umulige. Å datera eddakvada er eit slikt «uløyseleg» problem — verdas fremste forskarar har diskutert det i 200 år og ikkje blitt einige. Kunne eg makta å løysa problemet? Ikkje kan eg måla meg med dei gigantane som har prøvd, men eg har ein fordel: eg kan bygga på arbeidet dei alt har gjort. Resultatet, kva eg har fått til, får andre bedømme.

Utgangspunktet mitt har vore arbeidet *Bjarne Fidjestøl* aldri fekk fullført (Fidjestøl 1999). Eg meinte det låg meir informasjon i tala hans enn det Fidjestøl sjølv var merksam på. Då eg hausten 2015 la fram ei skisse for arbeidet mitt på ei samling for masterstudentar i Bergen, rådde *Daniel Sävborg* meg til å konsentrera meg om dei språklege kriteria, og å kontakta *Haukur Þorgeirsson* ved *Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum* ved *Háskoli Íslands*. Det var eit godt råd! Takk for det, Sävborg. I løpet av dei fire ára som har gått, har eg hatt mykje kontakt med og fått gode råd frå Haukur. Februar 2016 hadde eg ei veker opphald på Háskolinn, betalt av min tidlegare arbeidsgivar, *Øksnevad vidaregåande skole*, som takk for historieboka eg skreiv til skolens 75-årsjubileum. Eg blei tatt imot med opne armar og vist plass blant forskarane på Stofnun Árna Magnússonar. Det var eit verdifullt opphald som eg er djupt takknemleg for. Takk til alle på Stofnun Árna Magnússonar, takk til Øksnevad vidaregåande skole, som gjorde besøket mulig, og spesielt takk til Haukur for tallause kommentarar og råd i løpet av dei fire ára som har gått.

Arbeidet skulle ta to år, men framtida kan ikkje alltid planleggast. Hausten 2016 heldt kona mi på å dø — eg var sikker på at ho ikkje kom til å leva vinteren gjennom. Eg søkte, og fekk, permisjon frå studiet. Den vinteren var det i staden eg som døydde — nesten. Etter fire dagar på intensiven vende eg tilbake til livet, og sakte, men sikkert, begynte eg å stabla meg på beina. Det blei nok eit halvårs

permisjon. Hausten 2018 blei kona på nytt alvorleg sjuk, og denne gongen overlevde ho ikkje. Det blei endå eit halvårs avbrot. Etter alle møta med det norske helsevesenet må eg seia: eg kan ikkje fullrosa alle dei dyktige, profesjonelle og omsorgsfulle folka som jobbar der, og me kan knapt overvurdera verdien av det helsevesenet me har i Norge. Takk til dokker alle!

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen*, der eg har vore student desse fire åra, har gitt meg høve til å legga fram delar av arbeidet mitt på dei årlege mellomalderkonferansane som går av stabelen i april kvart år: *Bergen International Postgraduate Symposium in Old Norse Studies* — både 2016, 2018 og 2019. Der har eg møtt forskarar frå universitet i alle landa rundt Nordsjøen, og fått kommentarar frå dei; det har vore nyttig og inspirerande og ei god hjelp i arbeidet. Takk til instituttet mitt og til Universitetet i Bergen, og takk til alle dei som har kommentert arbeidet mitt, stilt kritiske spørsmål og oppmuntra meg til å arbeida vidare!

Eg vil spesielt takka rettleiarane mine, *Jens Eike Schnall* og *Helen Leslie-Jacobsen*. Undervegs har dei komme med kritiske kommentarar og gode råd som har bidratt til at eg meir enn ein gong la om heile arbeidet frå begynnelsen av.

Til slutt vil eg takka *Leif Henrik Askeland* for hjelpa eg fekk kvar gong eg ikkje meistra datateknologien.

No ligg arbeidet føre. Sjølv om eg har fått mange og gode råd, er det eg som har bestemt kva val eg ville gjera, og det er eg aleine som må ta ansvaret både for oppgåveløysingane og for feil eller manglar folk måtte finna.

mai 2019

kandidaten

## **ALDEREN TIL EDDAKVADA I CODEX REGIUS**

### **Spesielt om *of/um*-partikkelen som dateringskriterium**

Eddadigtene er stadig en kilde til forskjellige meninger og opfattelser snart sagt i enhver henseende. Den samme strid om deres — ialfald enkeltes — alder vedvarer (Finnur Jónsson 1933:33).

Trass i omfattande forskingsarbeid for å datere eddadikt og for å finne kriteria for datering er problemet langt frå løyst (Mundal 2013:366).

Det *Finnur Jónsson* skreiv i 1933, er ikkje mindre sant i dag. Som *Else Mundal* peikar på, pågår striden enno. Vår tids mest autoritative verk om eddakvada er verket til *Klaus von See* et al.: *Kommentar zu den Liedern der Edda* (1997-2019; komplett fyrst våren 2019 då band 1 kom ut), men *Bernt Øyvind Thorvaldsen* (2016:84-87) kritiserer dateringsmetodane også i dette verket og *Haukur Þorgeirsson* (2012; 2017) har i fleire nyare arbeid komme til andre resultat enn dei. *Bjarne Fidjestøl*, som har drøfta dateringskriteria grundigare enn dei fleste (Fidjestøl 1999), var forsiktig i konklusjonane. Min ambisjon er like fullt å finna dateringskriterium som forskarane kan semjast om.

Eddakvada er ei hovudkjelde til norrøn mytologi og ei viktig kjelde til norrøn kultur (jf. Mundal 2013:357). Men dette er nyleg bestridt; ifølgje *Mai Elisabeth Berg* er desse kvada ikkje mytologi, bare poesi frå kristen høgmellomalder (Berg 2001; 2017). Eg vil hevda at dersom ein kan påvisa at kvada er dikta i førkristen tid, og overlevert med små endringar til dei blei skrivne ned på 1200- og 1300-talet, kan ein gå ut frå at forestillingane kvada formidlar, fanst i Norden i førkristen tid. Men om kvada er dikta i kristen tid, er det meir usikkert kva forestillingar som kan gå tilbake til førkristen tid. Dateringane får konsekvensar for kor pålitelege eddakvada er som kjelder for førkristen kultur og mytologi.

# 1. BOLK: PROBLEMSTILLING OG METODE

## Problemstilling

Eg vil analysa og vurdere dateringskriterium for eddakvada med ønske om å finna kva kriterium som bør tillegast størst vekt, og med håp om å komma fram til kriterium som kan samla brei semje, kriterium som bygger på premiss som kan verifiserast eller falsifiserast.

Eddakvad er eit etablert begrep, men det er ikkje enkelt å *definera* kva eddakvad er til forskjell frå skaldekvad. Eddakvada handlar om gudar og heltar frå *forn qldr*, anonyme kvad dikta i visse versemål (fornyrðislag, ljóðahátr, málahátr, galdralag), men også skaldekvad kan formidla mytologi og vera dikta i slike eddaversemål, og mange skaldekvad er anonyme. Det er vanskeleg å trekka ei skarp grense mellom edda- og skaldekvad (Mundal 2008:224). I dag blir det stilt spørsmål ved den etablerte inndelinga i ‘eddakvad’ og ‘skaldekvad’ (Larrington 2016:5). Skal eg finna fram til dateringskriterium for eddakvada, og testa slike, må eg gjera eit utval kvad som er så representativt som råd er. Eg vel derfor å avgrensa studien til dei kvada som er overleverte i handskriftet som sjangeren «eddakvad» har namn etter: *Codex Regius av den eldre Edda* (GKS 2365 4to), he-  
retter bare kalla *Codex Regius* (eller bare *R*).

## Handskrifta for eddakvada

Hovudhandskriftet for eddakvada er det nemnde *Codex Regius*, truleg ført i pennen kring 1270.<sup>1</sup> Andre eddakvad er overleverte i handskrifta *AM 748 I 4to* (eller bare *A*) frå tidleg 1300-tal,<sup>2</sup> *Hauksbók (H)* frå fyrste halvdel av 1300-talet,<sup>3</sup> *Snorra Edda (SnE.)*, ført i pennen i 1220-åra og bevart i tre handskrift frå tidleg

1. Ca. 1270 (von See et al. 2000:292; Lassen 2013:7; Schier 1986:358; Dronke 1997:xi.; Clunies Ross 2016:22; Clunies Ross 2017:lix); ca. 1275 (Clunies Ross 2005:7; Mundal 2013:362; Thorvaldsen 2016:72); slutten av det 13. årh. (Bugge 1867:lxvii).

2. Blir datert til begynnelsen av det 14. årh. (Bugge 1867:lxvii); ca. 1300 (Lassen 2013:8); ca. 1320-1325 (Dronke 1997:xi); eller ca. 1325 (Clunies Ross 2017:lix).

3. *Vqluspá* er truleg sett inn i *Hauksbók* etter at samlaren, Haukr Erlendsson († 1334) var død; «neppe senere end 1330» (Bugge 1867:xxii), rundt 1330 (Steinsland 2013:150), «fra midten av det 14. årh.» (Finnur Jónsson 1892-1896:cxxxiii), etter 1334 (Lassen 2013:8).

1300-tal/midten av 1300-talet og eitt frå seint 1500-tal,<sup>4</sup> *Flateyjarbók* frå 1380-åra<sup>5</sup> og enkelte andre handskrift frå mellomalderen. Kor mange kvad ein skal rekna som eddakvad, av dei som er overleverte til i dag, er eit spørsmål om kor vid ein skal gjera definisjonen ‘eddakvad’. Fleire av kvada som er samla i *Codex Regius*, er òg gjengitt i *AM 748 I 4to*, *Snorra Edda* og *Hauksbók*, gjengitt med større eller mindre avvik i forhold til *Codex Regius*. Av moderne, trykte utgåver av eddakvada vil eg spesielt nemna utgåvene til *Sophus Bugge* (1867), von See et al. (1997-2019) og *Eddukvæði I-II* utgitt av *Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason* (2014; heretter kalla *JKVO*). Bugges utgåve er eit grundig diplomatarisk verk som gjer greie for alle skilnader mellom handskrifa; alle seinare utgjevarar har hatt nytte av dette verket. Eddakommentarane til von See et al. er det mest autoritative verket i dag, men blei fyrst fullført denne våren, 1. band var enno ikkje tilgjengeleg då eg måtte levera masteroppgåva. *Eddukvæði (JKVO)*, tobandsverket til Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason, var då nyaste komplette vitskaplege utgåva av eddakvada. Siterer eg frå eddakvad i oppgåva mi, er det derfor frå *JKVO*.

### **Tidlegare forskning**

Ei uttømmende oversikt over forskinga på eddakvadas alder ville fylt ikkje bare ei masteroppgåve, men ei doktoravhandling aleine. Her vil eg bare kort nemna nokre hovudtrekk i utviklinga og elles visa til Fidjestøl (1999, for forskinga fram til de Vries), Harris (1985; 2016) og von See et al. (1997-2019). Som kuriosium kan nemnast at *Jakob Schimmelman* i 1774 hevda at Edda var verdas eldste bok nest etter Bibelen, mens hans samtidige *Johann Christoph Adelung* ville datera eddakvada til 1300-1500-talet (Fidjestøl 1999:9). På 1800-talet var det lenge brei semje om at eddakvada var dikta i tidsrommet ca. 400-900, og at dei originale kvada var eldre enn midten av 800-talet (Fidjestøl 1999:4f; Keyser 1866:269). *Sophus Bugge* og *Edwin Jessen* snudde opp-ned på desse forestillingane. Bugge

4. *Codex Regius av Snorra Edda*, GKS 1327 4to, datert til ca. 1325 (Finnur Jónsson 1931:v) eller ca. 1300-1350 (von See et al. 2000:838); *Codex Upsaliensis*, datert til tidleg 1300-tal (Finnur Jónsson 1931:xi; von See et al. 2000:838); *Codex Wormianus*, datert til midt på 1300-talet (Finnur Jónsson 1931:x; Johansson 1997:18); *Codex Trajectinus*, datert til ca. 1595 (von See et al. 2000:838).

5. Fullført ca. 1390 (Gjerde 2017).

vann fram med si oppfatning om at ingen av dei 'til os bevarede' kvada var eldre enn 800-talet (Fidjestøl 1999:5; Bugge 1881-1889:3; 7). Etter den tid har tendensen vore slik *Joseph Harris* uttrykker det: «...it would be fair to say that the tendency of recent time is to propose ever later dates» (Harris 1985:93f).

Dei som har behandla dateringsproblema grundigast i seinare tid, er Fidjestøl: *The Dating of Eddic Poetry* (1999, aldri fullført) og von See et al.: *Kommentar zu den Liedern der Edda* (1997-2019). Eg gjer greie for korleis dei behandlar dateringsproblematikken nedafor. Arbeidet til von See et al. kan oppfattast som Stand der Forschung i dag, men har òg møtt motbør. Dei daterer mange av kvada i *Codex Regius* til 1100-1200-talet (sjå nedafor, «Kriteria hos von See et al.»). *Haukur Porgeirsson* har i to nye arbeid studert språklege trekk som tyder på at eddakvada har høgare alder enn kva von See et al. anslår. Eg kjem tilbake til Haukurs arbeid i 2. bolc, «Språktrekk frå tidleg norrøn tid».

Studium av skaldekvad har alltid vore viktig for dei som vil datera eddakvada. I oppgåva mi vil eg gjera mykje nytte av doktoravhandlinga til *Klaus Johan Myrvoll* (2014), då denne avhandlinga forsyner oss med verifisert materiale som — med alle mulige atterhald — også kan anvendast på eddakvada.

#### *Dateringar hos Fidjestøl (1999) og von See et al. (1997-)*

To verk frå dei siste tjue åra er ikkje til å komma utanom i diskusjonen om eddakvadas alder: *The dating of Eddic Poetry* (1999) av Bjarne Fidjestøl († 1994) og *Kommentar zu den Liedern der Edda* (1997-2019) av Klaus von See († 2013) et al. Bare det siste verket er fullført. Fidjestøl *testa* enkelte kriterium som har vore nytta i debatten, von See et al. *anvende* fleire kriterium, stort sett andre enn dei Fidjestøl drøfta. Eg vil diskutera korleis dei prøvde komma fram til alderskriterium før eg gjer greie for metodane eg sjølv vil nytta.

#### Fidjestøls kriterium

Fidjestøl sette fleire dateringskriterium på prøve i avhandlinga han aldri rakk å fullføra, og som etter Fidjestøls altfor tidlege død blei redigert og utgitt av *Odd Einar Haugen* i 1999. Fem ulike kriterium er drøfta i papira Fidjestøl let etter seg, fleire var planlagde. Dei fem han drøfta, var bruken av ekspletiv partikkel, bruken

av *vinðandin forna*, hiatus eller samantrekte former, grensa mot urnordisk og bruken av kenningar med heidensk mytologisk innhald.

*Hans Kuhn* hadde peika på at dei såkalla *ekspletive partiklane* på eitt eller anna vis måtte kunna nyttast som dateringskriterium (Kuhn 1929). Ekspletive partiklar, «fyllord», er småorda *of* og *um* nytta i trykklette posisjonar føre visse ord, men tømde for eige innhald. Eg vil kalla dei *of/um*-partiklar. Fidjestøl gjennomførte ein statistisk analyse av kor ofte ekspletive partiklar blei nytta av ulike skaldar i perioden 800-1200 og i ulike eddakvad. Han utelukka skaldar me har overlevert færre enn 80 kortverslinjer etter, då det er svært vilkårleg kor ofte eit bestemt ord opptrer i korte tekstar. Alle eddakvada han nytta i undersøkinga, har 80 eller fleire verselinjer. Samtidig valde han å stryka, både i eddakvada og i skaldekvada han samanlikna med, linjer som er reine repetisjonar. Konklusjonen hans blei at det er eit tydeleg fall i bruken av ekspletiv partikkel i skaldekvada i løpet av perioden han undersøkte, men variasjonane frå skald til skald er så store at ein ikkje kan nytta omfanget av partiklane til å datera enkeltkvad (Fidjestøl 1999:217).

Fidjestøl nytta deretter talmaterialet til å undersøka korleis omfanget av *of/um*-partiklar samsvara med rangeringa av eddakvad hos Finnur Jónsson og *Stefan Sonderegger*, og kom fram til at det samsvara best med Finnurs rangering (smst. s. 228). Korleis det skal hjelpa oss å datera eddakvada, står for meg som uklart. Den statistiske analysen til Fidjestøl var komplisert — unødvendig komplisert, ifølgje professor *Håkon K. Gjessing* (smst. s. 328f). Eg vil hevda me i staden for å samanlikna med ulike forskarars *rangeringar* heller bør sjå på det *faktiske omfanget* av partikkelen, i enkeltkvad så vel som i grupper av kvad, og spesielt undersøka korfor bruken sprikar i enkeltkvad når tendensen over tid er eintydig. Då kan me finna mykje interessant i Fidjestøls materiale. Det kjem eg til seinare i oppgåva mi (sjå 3. bolk).

Fidjestøl drøfta også bruken av såkalla *vinðandin forna*. Begrepet er Óláfr Hvítaskálds; fleire ord på *r*- hadde i eldre norrønt begynt på *vr-* (*vrǫngr*, *vreiðr*), og desse eldre formene kalla Óláfr *vinðandin forna*. Fidjestøl påviste at dei eldre formene på *vr-* må ha vore nytta i fleire eddakvad dersom me skal få til stavrim; i andre eddakvad er det bare stavrim når dei same orda begynner på *r-*, i nokre eddakvad er det ikkje mulig å fastslå sikkert om stavrima i slike ord skal vera på

*vr-* eller *r-*. Ut frå dette ser det ut som me kan skilja mellom eldre eddakvad (med ordformer på *vr-*) og yngre (med former på *r-* i dei same orda). Kompliserande faktorar er både at det var ei lengre overgangstid (anslått av Fidjestøl til rundt 900-1000; Fidjestøl 1999:245) der eldre og yngre former blei nytta om kvarandre, og at formene på *vr-* heldt fram i austnordisk, som dei gjer enno idag.

Eit tredje dateringskriterium han behandla er overgangen frå hiatus til samantrekte former, som for eksempel at *fáa* (med hiatus, det vil seia samanstøyt mellom vokalar) blei trekt saman til *fá*. Han tok for seg ord der hiatus forsvann i skaldekvad i løpet av dei fyrste tiåra på 1100-talet, men unntaksvis dukka opp i skaldekvad enno på 1200-talet (smst. s. 249).<sup>6</sup> Dei fyrste samantrekte formene ser ut til å dukka opp alt på 900-talet (smst. s. 250). Fidjestøl undersøkte 29 eddakvad (22 av dei frå *Codex Regius*). Av desse hadde 18 (13 i *Codex Regius*) bare ikkje-samantrekte former, eitt einaste kvad — *Hamðismál* — hadde bare samantrekt form, vel å merka med bare eitt sikkert tilfelle i heile kvadet, mens seks kvad (fem i *Codex Regius*) hadde både samantrekte og ikkje-samantrekte former (Fidjestøl 1999:259). Fidjestøl konkluderte med at dette var ein svak indikator på at gruppa som bare hadde samantrekte former, var eldre enn dei som hadde begge delar, og at denne slutninga var «extremely inconclusive» (smst.). Eg vil hevda at Fidjestøls grundige gjennomgang gir argument for å hevda at dei fleste undersøkte eddakvada må vera eldre enn 1100-talet.

Vidare testa Fidjestøl om overgangen frå urnordisk til norrønt dannar ei bakre grense for oppkomsten av eddakvada. Bugge og Finnur Jónsson hadde komme til at eddakvad ville bryta metrikken i versemålet om språket blei ført tilbake til urnordisk. *Erik Noreen* opponerte; han hadde rekna ut at mange eddakvad i versemålet *ljóðahátttr* kan førast tilbake til urnordisk form utan å bryta den såkalla *Bugges regel* og dermed versemålet (Noreen 1921). Bugges regel seier at fullvers i *ljóðahátttr* må enda på enten tostavingsord med kort, trykksterk fyrstestaving og trykksvak andrestaving, eller eit langt, trykksterkt einstavingsord, eller eit tre-stavingsord. Noreen viste at mange kvad kunne tilbakeførast til urnordisk med få eller ingen brot på Bugges regel, noko som gav grunn til å tru at enkelte av

6. Dei aktuelle orda er lista opp hos Fidjestøl 1999:251.

*ljóðaháttir*-kvada faktisk var dikta i urnordisk tid. Fidjestøl sette Noreens tal på prøve. Noreen hadde undersøkt kor stor prosent fullvers i kvart kvad som kunne tilbakeførast til urnordisk utan brot på Bugges regel, Fidjestøl konsentrerte den same undersøkinga til å gjelda bare dei tilfella der ei norrøn og urnordisk form ville få ulike utslag for Bugges regel. Det bekrefta at enkelte eddakvad *kan* førast tilbake til urnordisk med få eller ingen brot på regelen, men det gjaldt svært få kvad. Fidjestøl konkluderte at med nokre få mulige unntak blei Bugges konklusjon bekrefta, og at avvika var for få til at dei kunne gi positiv støtte til tanken om at enkelte kvad var frå urnordisk tid (Fidjestøl 1999:268).

Endeleg undersøkte Fidjestøl kor ofte skaldekvad frå ulike periodar nytta kenningar med heidensk mytologisk innhald. Han fordelte skaldar på 25-årsperiodar, og talde kor mange kenningar med heidensk mytologisk innhald ein då får i kvar 25-årsperiode. Tala viste eit klart fall i bruken av slike kenningar etter at kristendommen blei innført, noko *Jan de Vries* hadde hevda alt i 1934, men tala til de Vries måtte justerast. Før år 1000 hadde rundt fjerdeparten til tredjeparten av alle skaldekenningar heidensk mytologisk innhald; bruken fall til vel 10 % på 1000-talet, endå lågare på 1100-talet, eit kortvarig oppsving til vel 10 % tidleg på 1200-talet for deretter å falla på nytt (smst. s. 292f). Fidjestøl rakk ikkje å diskutera korleis dette kan nyttast til å datera eddakvad. Tala er interessante og godt underbygde. Men kor omfattande materiale treng me for å kunna bruka slike kenningar som påliteleg dateringskriterium? I kvad med få kenningar kan ein enkelt kenning med mytologisk innhald gi stort utslag. Det bør vera mulig å anslå, ut frå bruken i skaldekvad, kor mange kenningar ein bør ha for at prosenten med heidensk mytologisk innhald skal gi nokolunde pålitelege aldersanslag — eit femtitals, eit hundretals, mange hundre? Dette bør nokon undersøka.

Styrken med Fidjestøls arbeid er at dei gir etterprøvbare tal. Kriteria han drøfta, kan settast på prøve. *Daniel Sävborg* (2004) har

stilt spørsmål om bruken av *vinðandin forna* kan seia noko om alderen på eit kvad all den tid islandske skaldar kjende dei gamle formene frå austnordisk, elles har konklusjonane til Fidjestøl blitt ståande. Men dei er til begrensa nytte når ein vil datera kvada, då hovudkonklusjonen til Fidjestøl var at det er vanskeleg å trekka sikre konklusjonar.

#### Kriteria hos von See et al.

*Kommentar zu den Liedern der Edda* er svært systematisk oppbygd. Kvart enkelt eddakvad blir fyrst kommentert i 10 paragrafar, der dei i den tiande drøftar alderen spesielt, deretter blir kvada gjengitt strofe for strofe, og kvar enkelt strofe og verselinje kommentert særskilt. Ved enkelte kvad blir trekk som er viktige for å datera kvadet, også trekt fram i andre paragrafar enn §10.

Dette er eit verk i sju band, men eg har ikkje hatt tilgang til det fyrste bandet, som behandlar *Vsp.*, *Háv.*, *Vm.* og *Grm.*, då det fyrst låg føre no i vår.<sup>7</sup> Dei andre banda behandlar 25 av kvada i *Codex Regius* samt fleire andre kvad som til vanleg blir rekna som eddakvad, med prosastykke som følgjer kvada i handskriftera. Eg vil konsentrera meg om korleis kvada i *Codex Regius* blir behandla i verket.

Det argumentet som verket bruker oftast, er at mange ord i det enkelte kvadet elles bare er kjende frå litterære tekstar frå 1100-talet eller seinare. Det blir trekt fram under §10 i artikkane om *Skm.*, *Hrbl.*, *Ls.*, *Pkv.*, *Alv.*, *HHv.*, *HH. I*, *HH. II*, *Rm.*, *Fm.* og *Brot*. Dessutan blir det nemnt under §8 i artikkane om *Vkv.*, *Grp.*, *Sd.*, *Gðr. I*, *Sg.*, *Hlr.* (bare to ord), *Gðr. II*, *Od.*, *Akv.*, *Am.*, *Ghv.* (bare nokre få ord) og *Hm*. Det er uvisst korfor det ved desse kvada ikkje også blir nemnt under §10. Dette blir med andre ord nemnt under 23 av dei 25 *Codex Regius*-kvada som til no er behandla i verket. Det er bare ved *Hym.* (rekna blant dei eldre eddakvada, von See et al. 1997:277) og *Gðr. III* (rekna blant dei yngste, kanskje det yngste, av eddakvada; von See et al. 2009:794) argumentet ikkje blir brukt.

Datainnsamlinga som ligg til grunn for konklusjonen er omfattande. Dersom me kan vita når eit ord fyrst er nytta i eit språk, er det eit viktig daterings-

7. Heretter vil eg oftast nytta forkortingar for dei enkelte eddakvada. Sjå oversikta over forkortingar på side 7f.

kriterium. Problemet er at ingen handskrift er eldre enn 1100-talet, få eldre enn 1200-talet, og dei kjeldene me med stor visse kan anslå som eldre enn 1100-talet, bare er runeinnskrifter (ofte korte) og skaldekvad tillagt historisk kjende skaldar. Dei gjengir bare ein minimal del av det faktiske ordforrådet folk hadde. Dei aller fleste orda dei nemner som ikkje kjende frå eldre kjelder enn 1100-talet, er arveord, fleirtalet er samansetningar, samansette av ord som kvar for seg er kjende frå eldre kjelder. Arveorda kan ein anta stammar frå urnordisk tid, og endå eldre. Me kan ikkje vita kor gamle samansetningane er i norrønt, men kan heller ikkje utelukka at dei òg er svært gamle, sjølv om dei ikkje er kjende frå eldre kjelder enn 1100-talet. Ordforrådet i norrøn tid må ha vore større enn det som er kjent frå bevarte kjelder — og langt større enn det som er kjent frå kjelder eldre enn 1100-talet. Det er vanskeleg å argumentera *ex silentio* når kjeldematerialet er magert. Har ein ikkje betre haldepunkt, må ein nytta det ein har, men dersom kriterium som kan underbyggast betre, gir andre konklusjonar, må slike gis forrang.

Von See et al. peikar òg på lånord som er brukt i eddakvad. Dersom slike lån kan daterast, har me eit meir påliteleg haldepunkt for alderen på kvada. Det er ikkje spesielt mange lånord i eddakvada, og ved fleire kommenterer von See et al. at låna er gamle og derfor ikkje kan nyttast som dateringskriterium (von See et al. 1997:273; 380). Det gjeld *ketill* (*Hym.*), *kálkr* (*Skm.*, *Hym.*, *Ls.*), *vín* (*Hym.*), *api* (*Hym.*) og *penningr* (*Ls.*). Andre lånord er *kista* (*Vkv.*, *Sd.*, *Am.*), ‘likkiste’, lånt frå ags.; *jarknasteinn* (*Vkv.*, *Gðr. I*), ‘edelstein’, kanskje lånt frå ags.; *alvitr* (*Vkv.*), ‘framandvette?’, truleg lånt frå ags.; *gim-* (*Vkv.*), ‘eld-’, einaste lån direkte frå latin, *bjórr* (einaste lånord i *Alv.*), ‘øl’; *tresk* (*Gðr. I*), mulig lån frå gamalfransk; *stræti* (*Hm.*), ‘trong veg’, lånord frå latin, truleg via ags. eller gfr.; *hanzki* (*Hrbl.*; her nemner ikkje von See et al. at det er lånord), ‘hanske’, lånt frå lågtysk. Desse orda bruker dei ikkje som dateringskriterium. Tre lån blir brukt som argument for at eit bestemt kvad er ungt: *vafrologi* (*Skm.*; von See et al. 1997:64), *fjaðrhamr* (*Þkv.*) og *skillingr* (*Þkv.*; von See et al. 1997:526).

*Vafrologi* er samansett av det lånte *vafro-*, ‘svirra’, og *logi* (m), ‘ild, loge’, eit gammalt arveord (*BL* 2007:681). Me veit ikkje kor gammalt lån *vafro* er, men eldste belegg er frå handskrift. Det var i bruk i norrønt på 1100-1200-talet, men kan vera

eldre. *Fjaðrhamr* og *skillingr* er begge gamle ord i andre germanske språk, men ikkje skriftfest i Norden før 1200-talet (von See et al. 1997:526). *Fjaðrhamr* er samansett av arveorda *fjaðr* (f), ‘fjør’, og *hamr* (m), ‘ham, ytre klednad’, begge sær gamle i det norrøne språket. *Fjaðr* reflekterer ei grunnform germ. \*féprō- (f), urn. \*feþru (BL 2007:275), *hamr* reflekterer germ. \*hami- (m) (BL 2007:414), ifølgje *Våre arveord*. Eg vil tru også samansetninga *fjaðrhamr* kan vera gamal i norrønt og ikkje treng vera språklån. Når det gjeld *skillingr*, kan me slå fast at det var brukt i norrønt på 1200-talet — men kor lenge før? Det kan me ikkje vita. Det er ikkje utenkeleg at ordet kan vera lånt inn i språket lenge før, og kan vera like gammalt som *penningr*. Eg vil drøfta dette i 6. bolk, «Alderen til *Prymskviða*»; der vil eg mellom anna sjå kor godt me kan datera dette lånet.

Å basera dateringar på premiss me ikkje kan bevise, er problematisk. Dateringar grunngitt med at enkeltord (arveord eller lånord) bare er kjende frå kjelder frå 1100-talet eller seinare, gir ikkje bevis for kvadas alder. Argumenta er interessante om me ikkje har betre haldepunkt, men må vika dersom me har meir solid underbygde kriterium som peikar mot andre konklusjonar.

Eit anna argument som blir mykje nytta, er at eit kvad er påverka av ein annan tekst, eller har påverka ein annan tekst. 15 kvad i *Codex Regius* blir på dette viset anslått som yngre enn bestemte andre eddakvad: *Alv.*, *Þkv.*, *HH. I*, *HH. II*, *Grp.*, *Fm.*, *Brot*, *Sd.*, *Gðr. I*, *Sg.*, *Gðr. II*, *Od.*, *Am.*, *Ghv.* og *Hm.* Slik prøver von See et al. å rekonstruera eit aldershierarki der *Hym.* blir ståande mellom dei eldste av gudekvada mens *Akv.*, *Hlr.* og *Ghv.* (og kanskje *Brot*) blir ståande som dei eldste heltekvada, som dei andre heltekvada på eitt eller anna vis bygger på. Ved å argumentera for at enkelte av desse kvada har lånt frå, eller gitt lån til, tekstar som er nokolunde daterbare (skaldekvad og prosatekstar), kan dei så plassera dei aller fleste heltekvada til ein periode mellom midten av 1000-talet og midten av 1200-talet. Dei fleste vil dei datera til 1100-1200-talet.

Enkelte eddakvad har ifølgje von See et al. lånt frå skaldekvad. Dei skriv at *Fm.* har lånt frå kvad av Illugi Bryndalaskáld (midten av 1000-talet) og samtidig gitt lån til *Merlínússpá* (rundt 1200; von See et al. 2006:393f); det gir både *terminus post quem* og *terminus ante quem* for dette eddakvadet. Dei skriv at *Gðr. I* er avhengig av *Háttalykill* (midten av 1100-talet; von See et al. 2009:221), som

på si side er påverka av *Akv.* (von See et al. 2012:191); at *Ghv.* er påverka av *Ragnarsdrápa* (midt på 800-talet; von See et al. 2012:726) og *Hm.* er påverka av *Ragnarsdrápa* og *Sonatorrek* (andre halvdel av 900-talet; von See et al. 2012:856).

Om slike lån skreiv Fidjestøl at låneretninga «can only in a very few cases be established with any certainty» (Fidjestøl 1999:334). Thorvaldsen kritiserer von See et al. for å sjå bort frå tapte kjelder som mulige långjevarar og for å oversjå at mange formuleringar kan ha vore standardformuleringar som var utbreidde i den munnlege kulturen (Thorvaldsen 2008; 2016:84-87).

Von See et al. står på trygg grunn når dei viser til at daterbare litterære verk nemner, gjengir eller har kjennskap til bestemte eddakvad. *Fyrste grammatiske avhandling* (FGA, skriven midt på 1100-talet) viser kjennskap til *Hym.* (von See et al. 1997:277), Snorri kjende til eit stort tal eddakvad då han rundt 1225 forfatta *Snorra Edda*, og *Völsungasaga* (truleg skriven rundt 1250) ser ut til å ha bygd på dei fleste kvada i syklusen rundt Sigurd Fåvnesbane. Slik får ein pålitelege *terminus ante quem* for dei aktuelle kvada.

*Hrbl.* meiner dei blei dikta som eit skriftleg produkt, og derfor må vera frå litterær tid (von See et al. 1997:169). *Rm.* meiner dei må ha hatt eit skriftleg forelegg (von See et al. 2006:274). Påstandane er vanskeleg å setta på prøve.

Dei to kvada om Helge Hundingsbane meiner dei skil seg ut som særskaldekvadliknande, blant anna med langt fleire kenningar enn andre eddakvad og mange heiti (von See et al. 2004:140f; 144; 624). Det er utvilsomt rett, men kva det seier om alderen til desse to kvada, er meir uvisst.

*Gðr. III* gjengir ein fabel ein ikkje finn hos andre. Det tyder på at kvadet må reknast blant dei yngste eddakvada, skriv von See et al.; *Gðr. III* er det einaste kvadet der *terminus ante quem* blir sett så seint som ca. 1270 (då *Codex Regius* blei sett saman; von See et al. 2009:625). Fabelen i *Prk.* om korleis Tor henta hammaren som Trym hadde stole, er ikkje omtala i andre kvad; også det er argument for ung alder (von See et al. 1997:526). Eg samtykker i at eineståande stoff kan indikera at eit kvad er ungt, men det kan vera fleire grunnar til at ei enkelt forteljing ikkje er omtala i andre bevarte kjelder. Sidan det truleg er fleire tapte kjelder enn bevarte, må me rekna med at mange historier ikkje er overleverte i det heile. Då er det ikkje underleg om enkelte historier, også gamle, bare er

nemnde i eitt verk.

Relativt eineståande stoff finn ein òg i *Am.*; von See et al. skriv (under §§ 3, 4 og 9) at dette kvadet har mykje stoff felles med *Nibelungenlied* (datert til rundt 1200) og *Piðriks saga* (datert til rundt 1250), og at dette stoffet elles ikkje finst i eddakvada (von See et al. 2012:386; 391; 419f). Dei to 1200-talsverka kan likevel ikkje vera kjelder for *Am.*, skriv dei, då dei er for unge, sambandet må vera meir komplisert. Eg konkluderer at (relativt) eineståande stoff kan vera teikn på ung alder, men andre forklaringar kan ikkje utelukkast.

*Ls.* skriv dei må vera ungt fordi det er eit avansert døme på ein *senna*, med likskap med antikk symposionlitteratur (von See et al. 1997:384). *Skm.* og *Prk.* skriv dei er balladeaktige; *Skm.* framstiller dessutan Freyr som høvisk (von See et al. 1997:64; 526). *HH. II* er fylt av følelsemessige vendingar (von See et al. 2004:636) og *Brot* skildrar komplisert sjelsliv (von See et al. 2009:152). Alt dette tyder på at desse kvada er unge, ifølgje von See et al. Men veit me at skaldar i tidleg norrøn tid, eller før den tid, ikkje laga komplisert kunst, ikkje dikta noko som hadde likskapar med balladar, ikkje uttrykte følelser eller skildra sjelsliv? Sävborg har trekt fram døme på kjensleladd dikting i så gamle verk som *Sonatorrek* og *Beowulf* (Sävborg 1997). Mykje dikting må ha gått tapt, det som er bevart frå 800- og 900-talet, er fyrst og fremst dikting til fyrstars og stormenns ære. Diktinga i eldste norrøn tid kan ha vore rikare og meir mangfoldig enn det som er overlevert til i dag. Spørsmålet er om det finst fastare haldepunkt å bygga på.

Von See et al. skriv elles at i *Prk.* er det langlinja, ikkje strofa, som er grunnelementet; også det tyder på at kvadet er ungt (von See et al. 1997:526). Igjen er spørsmålet: *veit* me at eldre dikting hadde strofa som grunnelement og at yngre dikting *ikkje* hadde det?

Endeleg trekker von See et al. fram at bruken av *of/um*-partikkelen («den ekspletive partikkelen»), som er særleg hyppig brukt i *Prk.*, kan vera teikn på høg alder (von See et al. 1997:523). Dei skriv at det er ein tankevekkande kontrast til dei mange trekka som tyder på at dette kvadet er spesielt ungt. Dei ser ut til å stå fast på at *Prk.* er eit av dei yngste eddakvada (von See et al. 1997:526).

Von See et al. nyttar eit stort tal kriterium som alle er interessante, men dei fleste kriteria dei nyttar, bygger på premiss som ikkje kan bevisast. Dei einaste

kriteria som kan testast, er at daterbare prosaverk (*FGA, SnE.*) viser kjennskap til bestemte eddakvad, og bruken av *of/um*-partikkelen. Det er viktig å sjå om andre kriterium kan stadfesta eller motseia aldersanslaga von See et al. kjem fram til.

#### Konklusjon om alderskriteria hos Fidjestøl og von See et al.

Fidjestøls konklusjonar er vel underbygde, og kan settast på prøve, men seier ikkje så mykje om kor gamle eddakvada er, då han gjerne konkluderer med at kriteriet er «extremely inconclusive». Von See et al. går lenger i tidfesting, sjølv om dei òg er varsame med å gi presise dateringar, men kriteria dei nyttar, bygger oftast på premiss som ikkje kan bevisast. Er det mulig å finna fram til kriterium som kan verifiserast eller falsifiserast, og som kan gi dateringar meir presist enn bare ‘norrøn tid’?

#### **Metode**

Dei mange sprikande oppfatningane skuldast fyrst og fremst mangelen på faste haldepunkt. Som *Gabriel Turville-Petrie* slo fast: «...in general it must be admitted that critics fall back on subjective arguments in dating the mythological lays» (Turville-Petrie 1964:13, sitert av Schjødt 2016:133). Men aldersanslag som ikkje er avhengig av personleg skjønn, må bygga på verifiserbare opplysningar om når bestemte endringar, språklege eller kulturelle, inntreffe, når dei tok til og tok slutt, eller på kva måte bruken av noko endra seg over tid. Slike kunnskapar er heller ikkje nok, ein må i tillegg gjera det sannsynleg at eddakvada slik dei er bevarte, inneheld språklege eller andre trekk som seier noko påliteleg om det opphavlege verket — men det er alt anna enn enkelt sidan kvada truleg er overleverte gjennom fleire generasjonar før dei blei skrivne ned.

Eitt spørsmål er kva ein daterer — ord, vendingar e.l. som har komme til i løpet av overleveringa, eller det opphavlege verket? Og er det mulig å snakka om «det opphavlege verket» ved slik munnleg dikting? Eit anna spørsmål er i kva grad arkaiske trekk seier noko om alderen til eit verk eller kan vera resultat av at skaldar hadde kunnskapar om eldre dikting, lånte eldre formuleringar eller gjorde bruk av eit slag register, standardar som var vanlege i bestemte sjangrar.

Fidjestøl føreslo to prinsipp for å vurdera forholdet mellom bevart og original

versjon av eit eddakvad: den bevarte versjonen bør oppfattast å ha ei munnleg forhistorie som representerte det originale verket, og bør oppfattast som eit heilskapleg verk om det ikkje er «particular strong arguments» til å meina noko anna (Fidjestøl 1999:199). Det er for eksempel gode grunnar til å tru at *Hávamál* er resultat av mange ulike diktarars verk (smst.). Diskusjonen er ikkje avslutta med Fidjestøls arbeid, men eg oppfattar Fidjestøls syn som representativt for Stand der Forschung i dag, jf. Thorvaldsen 2016:73f.

Det er vanskelegare å avgjera i kva grad eit arkaisk trekk i eit kvad seier noko om alderen til kvadet. Når eg drøftar kva konsekvensar *oflum*-partiklane har for dateringa av eddakvada, vil eg gå grundigare inn på slike problem. Generelt vil eg seia som Thorvaldsen at dersom mange gamle språklege trekk i eit kvad peikar i same retning, styrkar det argumenta for at kvadet er gammalt (2016:80).

I denne oppgåva vil eg konsentrera meg om *språklege endringar*. Eg ønskjer å studera samtlege språklege endringar me kjenner til, så sant det ser ut til å vera spor etter endringane i eddakvada, og spesielt vil eg studera *oflum*-partiklane; det er der eg har mest å bidra med. For at kriteria eg nyttar, skal gi eit påliteleg dateringsgrunnlag, vil eg stilla tre krav — og alle tre krava må oppfyllest:

1. Kvart enkelt dateringskriterium må bygga på endringar som kan tidfestast, og der tidfestinga kan verifiserast eller falsifiserast.
2. Det talmessige grunnlaget for kvar enkelt studie må vera så omfattande at det gir grunnlag for pålitelege konklusjonar, der tilfeldigheter ikkje vil få vesentleg utslag.
3. Det er ikkje nok med eitt eller eit par kriterium. Me må ha eit større tal kriterium som uavhengig av kvarandre peikar mot same resultat. Samtidig må det ikkje vera verifiserbare kriterium som peikar mot eit anna resultat.

Dersom alle desse tre kriteria blir innfridde, vil dei gi sterke argument for alderen til eit kvad (eller alderen til noko ein finn grunn til å behandla som ei særskilt gruppe av kvad). Er det stor grad av samsvar, men enkelte trekk peikar i ei anna retning, kan ein tenka seg fleire årsaker til det. Det kan visa seg at dei valde kriteria ikkje gir pålitelege aldersanslag. Det kan òg henda at det eller dei avvikande trekka skuldast yngre tillegg eller endringar som har komme til under overleveringa, eller trekket kan vera lån frå eldre kvad eller standardformuleringar som har halde seg frå eldre tider og eldre språksteg. Det vil neppe vera mulig å seia noko sikkert om årsakene til slike eventuelle avvik, det blir ein diskusjon om kva ein ser som meir eller mindre sannsynleg.

Etter at eg har undersøkt i kva grad språklege trekk kan nyttast som alderskriterium, vil eg ta for meg *Prymskviða* særskilt, då det er det kvadet der ulike kriterium ser ut til å gi særleg store sprik i aldersanslaga. Det vil vera ein test på kva kriterium som vil å vera mest bygga på.

**Tabell 1. Kvad i *Codex Regius* av den eldre Edda (29 bevarte kvad)**

Vøluspá	Gripisspá
Hávamál	Reginismál
Vafþrúðnismál	Fáfnismál
Grímnismál	Sigrdrífumál
Skírnismál	Brot af Sigurðarkviðu
Hárbarðsljóð	Guðrúnarkviða I
Hymiskviða	Sigurðarkviða in skamma
Lokasenna	Helreið Brynhildar
Prymskviða	Guðrúnarkviða II
Alvíssmál	Guðrúnarkviða III
Völundarkviða	Oddrúnargrátr
Helgakviða Hjörvarðssonar (med Hrímgærðarmál)	Atlakviða
Helgakviða Hundingsbana I	Atlamál
Helgakviða Hundingsbana II	Guðrúnarhvöt
(samt ein lakune som kan ha innehalde eit antatt *Sigurðarkviða in meiri eller andre kvad)	Hamðismál

**Tabell 2. Eddakvad som ikkje står i *Codex Regius* av den eldre Edda**

He følgjer nokre av dei kjende eddakvada som ikkje står i *Codex Regius*. Lista kan gjerast lengre. Spørsmålet er kva ein skal rekna som eddakvad.

Baldrs draumar (Vegtamskviða)	Heiðreksgátur (Gestumblinda gátur)
Rígspula	Hlóðskviða
Hyndluljóð (med Vøluspá in skamma)	Hjalmars dødskvad
Grottasöngur	Hildibrands dødskvad
Forspallsljóð	Víkarsbálkr
Heimdallargaldr (éi linje bevart)	Hrókskviða
Bjarkamál	†Vølsungakviða in forna
Hrafnagaldr Óðins	Innsteinskviða
Hugsvinnsmál	Sólarljóð
Grógaldr )	
Fjölsvinnsmál ) = Svipdagsmál	

## 2. BOLK: SPRÅKTREKK FRÅ TIDLEG NORRØN TID

Ambisjonen er å undersøka alle språkendingar me kan spora i eddakvada, så sant dei med nokolunde visse kan tidfestast til 1200-talet eller tidlegare. Det eg ser på i denne bolken, er: *vinðandin forna*, hiatus eller samantrekte former, preposisjonane *fyr*, *ept*, *und* (eller *fyrir*, *eptir*, *undir*), enklitisk bruk av *ek* og *es*, etterhengd artikkel, plassering av det finitte verbet, bortfall av *w* (*v*) føre runda vokal, overgang */w/ > /v/*, stavrim mellom *v* og vokal, og språkgrensa mot urnordisk. I neste bolk behandlar eg *of/um*-partikkelen i skaldekvad, og i eddakvad i 5. bolk.

### *Vinðandin forna*

Fidjestøl (1999) påviste at fleire kvad må ha hatt eldre ordformer på *vr-* dersom det skal vera stavrim, og at dette tyder på at me kan skilja mellom eldre kvad med stavrim på *v-* i ord som t.d. (*v*)*rqngr*, (*v*)*reiðr* og yngre kvad med stavrim på *r-* i dei same orda. Sävborg innvende at også kvad frå 1000-talet eller seinare kan ha stavrim på *v-* i desse orda, då islandske skaldar må ha visst at orda blei uttala med *vr-* på svensk og dansk (Sävborg 2004:84). Haukur Þorgeirsson har undersøkt det same (2017). Han peikar på at Ólafur Hvítaskáld, som lanserte begrepet *vinðandin forna*, bare har døme frå 900-talet; det tyder på at ingen (eller knapt nokon) skald han visste om etter den tid nytta slike former. Ikkje ein gong skaldar me veit viste interesse for arkaiske former, brukte dei eldre formene på *vr-*, slike er heller ikkje nytta i dei mange kvada i versemålet *fornyrðislag* og *ljóðaháttir* me veit blei dikta i kristen tid (Haukur Þorgeirsson 2017:45ff). «There... seems to be very substantial evidence that initial *vr* had gone out of use in Norse/Icelandic poetry by the early eleventh century» (smst. s. 45). Skrivarane verkar ukjende med fenomenet, dei gjengav alltid dei aktuelle orda med former på *r-*, dei opphavlege formene på *vr-* må rekonstruerast ut frå stavrim (smst. s. 50).<sup>8</sup> Ólafur Hvítaskáld var meir lærd enn dei fleste islendingar i samtida, han hadde også vore ved den

8. Det einaste dømet i handskrifa på ei ordform på *vr-*, frå *Sólarljóð* 26, føreset tekstretting (Haukur Þorgeirsson 2017:47ff)

danske hirden. Me kan ikkje ta for gitt at andre skaldar på Island hadde dei same kunnskapane om gamle ordformer på *vr-* som han hadde (smst. s. 41).

Haukur kom fram til det same som Fidjestøl, bortsett frå at han lot *Prk.*, *Bdr.*, *HHv.* og *HH. II*, der Fidjestøl hadde uttrykt tvil, stå uplassert (smst. s. 58f). Ut frå undersøkingane til Fidjestøl og Haukur kan me skilja mellom tre grupper av kvad:

1. Gamle kvad der stavrim mellom *vr-* og *v-* er overtydande:

*Hávamál*, *Vafþrúðnismál*, *Lokasenna*, *Fáfnismál*, *Sigrdrífumál*, *Atlakviða*. Alle desse kvada bør vera dikta før *v-* fall bort i orda på (*v*)*r-*. Samt gamle kvad der stavrim mellom *vr-* og *v-* er meir usikkert: *Þrymskviða* og *Baldrs draumar* (det siste står ikkje i *Codex Regius*). Også desse to kvada er det fristande å rekna til dette eldre laget, ut frå bruken av *vinðandin forna*.

2. Unge kvad der me i slike ord alltid har stavrim mellom *r-* og *r-*:

*Gripisspá*, *Atlamál*. Samt unge kvad der det kan sjå ut som det alltid er stavrim på *r-* i slike ord, men der dette er meir usikkert: *Helgakviða Hjörvarðssonar*, *Helgakviða Hundingsbana II*.

3. Kvad der det er særst usikkert korleis stavrima skal oppfattast:

*Grímnismál*, *Alvíssmál*.

Den nærliggande konklusjonen er at kvada med stavrim *vr/v* er eldre enn kvada der stavrima i dei same orda alltid er på *r*, men me kan ikkje setta ei eksakt grense før og etter bortfallet sidan det må ha vore ei overgangstid før den innleiande *v-*en fall heilt bort. Overgangstida kan me spora i bevarte kjelder. Fidjestøl rekna med at bortfallet i vestnordiske dialektar begynte på 800-talet og var gjennomført rundt 1000 (1999:235; i austnordisk blei innleiande *vr-* ståande). Han foreslo å datera den eldre gruppa kvad til før år 1000 og den yngre til etter år 900 (1999:245).

#### *Hiatus eller samantrekte former*

Både Fidjestøl (1999), *Kari Ellen Gade* (2001) og Klaus Johan Myrvoll (2014) har undersøkt ord som hadde hiatus i tidleg norrøn tid, men på 1100/1200-talet fekk samantrekte former. Gade og Myrvoll behandla skaldekvad. Myrvoll har dei mest presise dateringane av skiftet; mens overgangen *éarn* > *jarn* skjedde før

1020 og talord på *-téan* og substandtiv på *-andi* fekk samantrekte former i løpet av 900-1000-talet, fekk me samantrekte former i usamansette ord noko seinare, i løpet av 1000-talet, fullført rundt 1150 (Myrvoll 2014:327f). Orda må rekonstruerast til ei antatt opphavleg form, noko som inneber noko uvisse, spesielt for kvad i *ljóðahátttr*, som Fidjestøl derfor utelot. I dei undersøkte orda (sjå lista hos Fidjestøl 1999:251) er hiatus-formene heilt dominerande i kvada, som derfor bør vera eldre enn skiftet. Fidjestøl fann eit fåtal samantrekte former, men tilmed *Grp.*, det einaste kvadet med meir enn eitt døme på slike, har flest former med hiatus (1999:253-259). Det tyder på at eddakvada i *Codex Regius* er eldre enn midten av 1100-talet. Kriteriet kan ikkje nyttast til å skilja mellom eldre og yngre eddakvad.

#### *Preposisjonane fyr, ept og und*

Her viser eg til Finnur Jónsson (1933) og Kari Ellen Gade (2001). Desse preposisjonane heitte i eldre tid *ept*, *fyr* og *und*, i yngre tid *eptir*, *fyrir* og *undir*. Finnur skreiv at *eptir* er brukt i danske og svenske runeinnskrifter frå slutten av 900-talet, i norske frå tidleg 1000-tal, *fyrir* i skaldekvad frå 1100-talet, og *undir* seinast frå 1100-talet (1933:46f). Yngste bruk av *ept* på norsk område er innskrifta på Erling Skjalgsson-krossen, datert til rundt 1030 (Johnsen 1968:54). Gade slo fast at *fyrir* er brukt i skaldekvad frå 1000-talet av (2001:69). I *Codex Regius* er *fyr* regelen (*fyrir* er bare to gonger brukt som preposisjon),<sup>9</sup> *ept* er brukt éin gong (*Skm.* 39:4, i ei verselinje som blir gjentatt i 41:4) og *und* 30 gonger (Finnur Jónsson 1933:46f). Sjølv har eg funne 14 døme med *undir* og fire døme med *eptir* brukt som preposisjon.<sup>10</sup> Formene på *-ir* er i mindretal; dei kan ha komme inn under overleveringa. Det er *Grp.*, *Sg.* og *Am.* som har flest former på *-ir*, men tilfella er få (*Grp.* 12 *fyr*, ingen *fyrir*; 2 *und*, ingen *undir*; ingen *ept*, 2 *eptir*; *Sg.* 3 *fyr*, ingen *fyrir*, ingen *und*, 3 *undir*, ingen *ept*, 1 *eptir*; *Am.* 4 *fyr*, 1 *fyrir*, ingen *und*, 2 *undir*, ingen *ept* eller *eptir*), det aleine gir knapt grunn til å datera dei som seine kvad. Det antyder at alle kvad i *Codex Regius* er eldre enn tidleg 1100-tal.

9. Dei to er *Grm.* 54:3 og *HH. II* 19:4. Dei korte kvada *Rm.* og *Hlr.* har korkje *fyr* eller *fyrir*.

10. *Undir*: *Vsp.* 28:3; 35:2; *Háv.* 106:4; 156:4; *Hrbl.* 23:8; *Alv.* 3:3; *Vkv.* 34:7; *Sg.* 32:7; 65:7; 71:6; *Hlr.* 7:3; *Gðr. II* 2:6; *Am.* 12:6; 96:5. — *Eptir*: *HH. II* 36:3; *Grp.* 21:4; 44:2; *Sg.* 22:3. Dessutan er *eptir* átte stader adverb.

### *Enklitisk bruk av ek og es*

Finnur Jónsson peika på at det alltid er enklise (samantrekte former) av *ek* og *es* i norske og svenske runeinnskrifter frå 900-talet «og deromkring», og enklitisk *ek* enno hos Ari fróði og handskrift frå 1100-talet (1933:40f). Deretter skjer ei endring: «...i det 13. årh... har den daglige talebrug i det hele og store været den at udtale *ek* og *es* uden enklise,..» (smst. s. 40). «Der forekommer mig nu kun at være én slutning at drage... sammentrækningen af *ek* (enklisen) har været almindelig i det hele i det ældste historiske tidsrum, ): det 9.-10. (11.) årh.» (smst. s. 44). Endringa inntreer frå tidleg 1100-tal, då enklitisk bruk enno var det vanlege, til 1200-talet, då det var slutt. Enklitisk *es* er brukt i eldre runeinnskrifter, men aldri hos Ari (Finnur Jónsson 1933:41). *Codex Regius* har enklitisk bruk av *ek* «i så at sige alle digtene» (Finnur Jónsson 1933:43; eksempel frå 27 av kvada). Bare to kvad, *Vsp.* og *Rm.*, har ikkje døme på enklitisk *ek*, men i begge har eg funne enklitisk *es*: *þærs* (*Vsp.* 19:6); *hvars* (*Vsp.* 22:2); *hvers* (*Vsp.* 28:5); *þars* (*Rm.* 25:3). Det er vanskeleg å tru at enklitiske former har komme inn i samtlege kvad etter at dei var ute av daglegtalen. Då er knapt noko kvad i *Codex Regius* yngre enn 1100-talet. Dette kan ikkje nyttast til å skilja mellom eldre og yngre kvad.

### *Etterhengd artikkel*

I handskrift frå 1200-talet og seinare er etterhengd artikkel det vanlege. I eddakvad finst det knapt. Tre eddakvad i *Codex Regius* har eitt tilfelle med etterhengd artikkel: *Vsp.* 33:5 (*goðin*), *Gðr. II* 23:4 (*akarninn*) og *Ghv.* 20:2 (*eikikostinn*).<sup>11</sup> I desse kvada er etterhengd artikkel unntaket som bekreftar regelen; *Marius Nygaard* skreiv at etterhengd artikkel kan ha komme inn frå språkbruken i tida då kvada blei samla inn og skrivne ned (Nygaard 1865:48). Eitt kvad, *Hárbarðsljóð*, har noko hyppigare bruk av etterhengd artikkel. Nygaard rekna opp 19 tilfelle, med 15 ulike ord (smst.). Kvadet har endå fleire tilfelle av bundne substantiv utan etterhengd artikkel; 28 tilfelle, dersom eg har talt rett. Innslaget av etterhengd artikkel i dette eine kvadet er likevel påfallande høgt. Finnur Jónsson meinte dei etterhengde artiklane hadde komme inn i *Hrbl.* under avskrift

11. *Codex Regius* har *akarninn* mens det står *akarn* i *Völsunga saga* (Bugge 1867:270n). Bugge retta til *akarn* i *Gðr. II*, det gjer mange andre utgjevarar òg, blant dei *JKVO*.

(1901:80f). Delar av kvadet (frå og med str. 19) er også gjengitt i handskriftet A, men der er nokre av dei same orda utan etterhengd artikkel (von See et al. 1997:165). Etterhengd artikkel førekjem likevel så ofte i *Hrbl.* at ein kan mistenka at kvadet er dikta i ei tid der slik språkbruk var i ferd med å bli vanleg.

Kor gammal er orddanninga med etterhengd artikkel? Det eldste kjende, men usikre, tilfellet er frå runeinnskrifta på *Tjängvidesteinen*, Tjängvide i Alskogs socken på Gotland, i ei innskrift i norsk-svenske runer (også kalla Rök-runer), datert til slutten av 900-talet (Johnsen 1968:53). Der står blant anna **stain in**... (Wessén 1962:195). *Elias Wessén* oppfatta **stain in** som feil-ristning, noko Bugge i si tid avviste (Wessén 1962:196; 198). Litt yngre er to innskrifter frå Uppland, U 644 og U 669. U 644, reist ved Ekilla bro i Yttergrans socken, Uppland, er ein av dei såkalla *Ingvarsstenene*, reiste til minne om folk som fall på Ingvars tokt i austerveg ein gong rundt 1040; U669 frå Kålsta i Heggeby socken, Uppland, må vera omtrent samtidig, då den er pryda av same ornamentikk. Begge innskriftene har vendinga **kuþ heabi ontini**, ‘Gud hjelpe anden’ (Wessén 1943-46a:94; 1943-46b:156). Det eldste norske dømet er innskrifta *Storhedder III* frå Bykle i Valle, øvst i Setesdalen (*NlyR* 192; M. Olsen 1954:44-67), datert av *Magnus Olsen* til tidleg i det 12. århundret (smst. s. 53), av *Didrik Arup Seip* og *Ingrid Sanness Johnsen* til rundt 1100 (Seip 1958:234; Johnsen 1968:53). Etterhengd artikkel blei aldri vanleg i Danmark. I skaldekvad nytta Arnórr Jarlaskáld etterhengd artikkel éin gong i *Hrynhenda* (str. 15, usikkert), elles var Markus Skeggjason den fyrste, i *Eiríksdrápa* frå rundt 1100. Rundt 1100 og ut over på 1100-talet blei det meir og meir vanleg; Ari fróði brukte det fleire stader i *Íslendingabók* (rundt 1125). Overgangen ser dermed ut til å kunna tidfestast til frå seint 900-tal til litt inn på 1100-talet. «I den daglige tale må dette dog være sket et godt stykke ind i det 11. årh...» skreiv Finnur Jónsson (1901:80) — på 1000-talet.

Mangelen på etterhengd artikkel i dei fleste eddakvada i *Codex Regius* blir eit argument for å datera desse kvada, med mulig unntak for *Hrbl.*, til ikkje seinare enn rundt 1100. *Hrbl.* kan vera dikta i ei overgangstid, det vil seia mellom seint 900-tal og tidleg 1100-tal, eller dei mange formene med etterhengd artikkel kan vera komne inn under overlevering og nedskriving.

*Verb plassert seint i setninga (brot på V2-regelen)*

Kuhn (1933) påviste eit skilje mellom såkalla bundne setningar (leddsetningar, og heilsetningar som begynner med konjunksjon) og ikkje-bundne setningar (heilsetningar som ikkje begynner med konjunksjon) i norrøne kvad. I enkelte kvad finst omfattande brot på den såkalla V2-regelen som seier at verbalet alltid står i 1. eller 2. posisjon i setninga, ikkje lenger bak.<sup>12</sup> V2-regelen er konsekvent følgt i norrøn prosa. Poesi i versemålet *dróttkvátt* har mange brot på regelen i bundne setningar, men ingen i ikkje-bundne setningar. Også i versemålet *fornyrðislag* er det mange brot i bundne setningar, men dette versemålet utmerker seg ved at det også er enkelte brot i ikkje-bundne setningar. Kuhn skreiv at verb plassert seint i setninga (SOV-setningar) er typisk for vestgermansk. I norrøne kvad fann han spesielt mange V2-brot blant kvad han karakteriserte som «Fremdstofflieder», kvad som ifølgje han bygde på vestgermanske førebilde. Brota på V2-regelen måtte derfor skuldast lån frå vestgermansk dikting (Kuhn 1933:61f).

Kuhns «Fremdstofflieder» er ein hypotetisk storleik, dei antatte vestgermanske førebilda for slike kvad er ikkje dokumenterte. Haukur Þorgeirsson (2012) har undersøkt V2-brot i *fornyrðislag* meir detaljert, og påviser då store sprik blant Kuhns «Fremdstofflieder». Nokre av desse kvada har mange V2-brot, andre mest ingen. Derimot er det klart samsvar mellom kvad med mange V2-brot og kvad med mange *of/um*-partiklar (sjå tabell 4, Haukur Þorgeirsson 2012:264). Han skriv at begge delar bør oppfattast som arkaiske trekk, ein arv som i eldste norrøn tid enno hang att frå urnordisk. Haukur peikar på at Kuhn viste at liknande V2-brot i *bundne* setningar må vera eit arkaisk tekk, ein arv frå urnordisk (Kuhn 1933:67; Haukur Þorgeirsson 2012:261).

*Kurt Braunmüller* undersøkte omfanget av SVO- og SOV-setningar i urnordisk og andre gamle germanske språk. Han kom til at SVO hadde blitt dominerande (men ikkje einerådande) ordstilling alt i urgermansk, men at SOV enno blei nytta i urnordisk. I overleverte runeinnskrifter frå urnordisk tid fann han at om lag 2/3 av setningane var av SVO-typen, ca. 30 % av SOV-typen (Braunmüller 1982:139). I

12. Denne regelen gjeld enno i moderne nordgermanske språk (med ytterst få unntak). I andre vestgermanske språk, bortsett frå engelsk, gjeld regelen for heilsetningar. Engelsk har klare restar etter V2-regelen (Eide og Hjelde 2018).

sørgermanske språk, gamalhøgtysk medrekna, fann han mest utelukkande SVO-typen i heilsetningar mens SOV dominerte i leddsetningar (smst. s. 140). Innslaga av SOV i germansk oppfatta han som ein reststruktur frå pregermansk, og frå indoeuropeisk før den tid (smst. s. 144; sjå òg Braunmüller 2002:653f).

Braunmüllers funn gjer det lite sannsynleg at SOV-innslaga i ikkje-bundne heilsetningar i *fornyrðislag* skuldast lån frå vestgermansk, sidan SOV i heilsetningar var sjeldnare i gamalhøgtysk enn i urnordisk. Det er i *bundne* setningar, meir presist i leddsetningar, at SOV er (og har vore) vanleg i vestgermansk. Funna styrkar Haukurs påstand, at SOV både i heilsetningar og leddsetningar er ein arv frå urnordisk (og frå eldre språksteg før det).

V2-regelen gjeld ikkje i versemålet *ljóðahátt*. Det interessante er å sjå korleis verbalet er plassert i ikkje-bundne setningar i versemålet *fornyrðislag*, både i eddakvad og skaldekvad. Haukur undersøkte fleire eddakvad enn dei som står i *Codex Regius*, og fann det same samsvaret mellom V2-brot og *of/um*-partiklar der. Eg gjengir Haukurs tal for brot på V2-regelen, med tal for kor mange *langlinjer* som hadde slike brot, rekna i prosent av alle langlinjer, men tar bare med kvada i *Codex Regius*:

Brot af Sigurðarkviðu	8,0 %
Vølundarkviða	7,0 %
Guðrúnarkviða II	6,3 %
Guðrúnarkviða I	6,0 %
Hamðismál	5,7 %
Þrymskviða	5,5 %
Vølusspá	4,8 %
Guðrúnarhvøt	4,6 %
Gripisspá	3,8 %
Oddrúnargrátr	3,2 %
Atlakviða	2,8 %
Sigurðarkviða in skamma	2,2 %
Hymiskviða	2,0 %

Helgakviða Hundingsbana II 1,4 %

Helgakviða Hjörvarðssonar 1,0 %

Helgakviða Hundingsbana I 0,9 %

(sjå Haukur Þorgeirsson 2012:264, tabell 4)

Haukur rekna ikkje ut tal for dei kortaste kvada, *Helreið Brynhildar* og *Guðrúnarkviða III*. Rekna i prosent er spranga særleg store frá *Ghv.* til *Grp.*, ein prosentvis nedgang på  $(4,6 - 3,8) : 4,6 \times 100 \% = 18 \%$ , frá *Hym.* til *HH. II*, ein prosentvis nedgang på  $(2,0 - 1,4) : 2,0 \times 100 \% = 30 \%$ , og frá *HH. II* til *HHv.*, ein prosentvis nedgang på  $(1,4 - 1,0) : 1,4 \times 100 \% = 28 \%$ . Om me ikkje lar *HH. II* danna ei gruppe aleine, får me ei tredeling, der laget med størst innslag av arkaiske trekk (*Brot, Vkv., Gðr. II, Gðr. I, Hm., Prk., Vsp., Ghv.*) i gjennomsnitt har 5,9 % brot på V2-regelen i kvar langlinje, eit mellomlag (*Grp., Od., Akv., Sg., Hym.*) i gjennomsnitt har V2-brot i 2,3 % av langlinjene, og gruppa med færrest arkaiske trekk (*HH. II, HHv., HH. I*) har brot på V2-regelen i 1 % av langlinjene — i snitt.

Ingen kvad har så mykje som 30 % SOV-setningar, som i gjennomsnittet for urnordiske runeinnskrifter, som oftast er frå 400-500-talet. Når talet SOV-setningar er langt lågare, kan me anta at kvada er yngre enn 400-500-talet. Innslaget av SOV-setningar i eddakvada kan ha to forklaringar, som ikkje utelukkar kvarandre: kvada kan vera frå ei tid då innslaget av SOV-setningar i daglegtalen enno var så høgt som i desse kvada, eller sjølve versemålet *fornyrðislag* heldt oppe eldre ordstilling fordi versemålet var konserverande. Sanninga kan vera ein kombinasjon av begge delar. Det interessante er at skaldekvad i *fornyrðislag* frå kristen tid, tillagt kjende skaldar, har forsvinnande få V2-brot i ikkje-bundne setningar: *Erfikvæði um Magnús berrfött* 0 %, *Sigurðarbálkr* 0,6 %, *Merlínússpá* 1,2 % (Haukur Þorgeirsson 2012:260). Desse kvada er frå 1100-talet, *Merlínússpá* frå rundt 1200.<sup>13</sup> Eddakvad med langt fleire V2-brot enn desse, ser ut til å vera eldre.

Thorvaldsen samtykker med Haukur i at setningar med verb plasser seint i ikkje-bundne setningar og hyppig bruk av «ekspletiv partikkel» indikerer at

13. *Erfikvæði* er minnekvad om Magnús Berrfött, dikta kring 1104, *Sigurðarbálkr* om Sigurd Slembe, dikta rundt 1140 (Myrvoll 2014:168). *Merlínússpá* blei dikta av Gunnlaugr Leifsson, som døydde kring 1218 (*Skj. AII*:16).

*språket* i nokre *fornyrðislag*-kvad er gamalt, spesielt når me også finn andre gamle språktrekk i dei same kvada (Thorvaldsen 2016:80). Han innvender at *kvada* ikkje treng vera like gamle, då det kan tenkast at skalden har nytta eit etablert register (smst.). Eg ser ikkje korleis me kan setta Thorvaldsens registerteori på prøve.

I den grad me kan konkludera ut frå omfanget av V2-brot, må det bli at dei indikerer at eddakvad med slike brot neppe er eldre enn frå yngste urnordisk tid og neppe yngre enn frå 1100-talet. Det kan sjå ut som kvada fell i tre alderslag, der det yngste laget ikkje treng vera eldre enn frå 1000-1100-talet. Kvada med flest brot er vel som oftast dei eldste, særleg når dei også inneheld andre språktrekk som drar i same retning.

#### *Bortfall av 'w/v' føre runda vokal: Lokasenna*

Lokasenna har stavrim der *orð* og *úlfr* rimer på ord på *v*- og eitt der *úlfr* rimer på vokal: *mangi er þer í orði vinnr* (2:6); *rístu þá, Viðar! / ok lat úlfs fjoður* (10:1-2); *úlfgi hefir ok vel* (39:4 — her er det uvisst kva som skal vera rim); samt det eine stavrimet på vokal: *úlf sé ek liggja / árósi fyr* (41:1-2). Stavrima på *v*/vokal blir forklara som medvitne arkaismar (Noreen 1926:70; von See et al. 1997:376). Andre forklaringar kan òg tenkast. Kvadet kan ha blitt dikta i ei overgangstid der det var vanleg å høyra desse orda både med og utan innleiande *v*-, både *\*word* og *orð*, både *\*wúlf*- og *úlf*-. Kvadet kan òg vera dikta i ei tid der *v* blei uttala som halvokal, /w/, og derfor oppfatta vokalisk; halvokalen *j* rimar alltid på vokal. Kva for ei forklaring har mest for seg?

Dersom stavrim *v*/vokal er medviten arkaisme, må skalden (og helst også tilhøyrarane) ha visst at folk i tidlegare tider oppfatta den innleiande lyden i *orð*, *úlfr* og ord på *v*- likt, det vil helst seia som ein halvokalisk /w/. Kor lenge kan den kunnskapen ha halde seg i eit samfunn utan lærebøker i språk og utan handskrivne verk i det heile? Det ser ut som bare eit fåtal visste at enkelte ord ein gong hadde vore uttala med *vr*-, endå dei orda enno blei uttala slik i dansk og svensk (jamfør kva eg har skrive lenger oppe). Kunnskapen om at nokre ord ein gong blei uttala med *v* (*w*)-, hadde endå mindre utsikter til å bli bevart. Det er lett å setta fram teoriar om medvitne arkaismar, men vondt å setta slike teoriar på prøve.

Dersom dei omtala stavrima i *Ls.* er frå ei overgangstid der *orð* og *úlfr* kunne uttalast både med og utan innleiande *v* (*w*), får me ei nokså presis datering av kvadet: innleiande *v*- fall bort føre runda vokal etter 600 (Sandøy 2005:1853), runeinnskrifter tyder på at bortfallet var fullført kring 700 (Eggjainnskrifta, datert til slutten av 600-talet, har **urki** > norr. *yrki*, Sölvesborginnskrifta, datert til rundt 700, har **urti**, preteritum av det same verbet; Grønvik 1985:162f; 1987:187). Men kan *Ls.* vera så gammalt? Ifølgje von See et al. kan det ikkje vera eldre enn frå 900-talet (1997:376). Dateringsgrensa blir ikkje grunnig, men kanskje siktar dei til den lite heidrande omtalen alle gudar og gudinnar får i kvadet. Mange meiner at bare ein kristen skald ville spotte heidenske guddommar (smst. s. 365). Men då overfører me kristendommens ærefrykt for gud til det førkristne samfunnets oppfatning av dei mange guddommane dei hadde. I det førkristne samfunnet kan folk ha hatt eit anna, meir tvisynt syn på maktene. Eddakvada er den beste kjelda til førkristne førestillingar, men verdien av den kjelda avhenger av alderen på kvada — her kan me lett hamna i sirkelargumentasjon.

Von See et al. drøftar alderen på *Ls.* i § 10 (1997:384). Dei skriv at kvadet må vera ungt fordi det er eit «elaboriertestes Beispiel für eine senna», det har likskapar med antikk symposionlitteratur som ikkje kan ha vore kjent på Island før tidlegast på 1100-talet, og fleire ord i kvadet er bare overleverte i yngre prosateksttar. Men det er uråd å vita kor tidleg folk var i stand til å skapa kunstverk med komplisert ordveksling, og likskapen med gresk-romersk symposionlitteratur (Platon, Menippos, Seneca, Lukian, Julian Apostata) kan vera tilfeldig og overflatisk. Joseph Harris skriv om slike antatte lån at «none had been proven» (Harris 2016:47). Ordforrådet i kvadet er i all hovudsak gamle arveord, som me kan gå ut frå er langt eldre enn fyrste skriftfesta døme, og dei to lånorda i kvadet, *penningr* og *kálkr*, er ifølgje von See et al. gamle lånord, kjende frå eldste norrøn tid (von See et al. 1997:273; 380). Desse argumenta gir ingen sikre haldepunkt for kvadets alder.

Dersom dei omtala stavrima er frå ei tid då *v* (*w*) enno blei uttala halv vokalistisk, og oppfatta som vokal, kan *Ls.* vera yngre enn frå 700, men kor mykje yngre?

*Overgangen /w/ > /v/ og stavrim mellom 'v' og vokal*

I innskrifta frå Sölvesborgstenen i Blekinge, datert til rundt 700, står blant anna **Wapi**, skrive med **W**-runen frå den gamle fuþarken — resten er skrive i den yngre fuþarken (Grønvik 1987:187). Det tyder på at lyden enno blei uttala /w/ (halv-vokalisk). *Helge Sandøy* skriv at i løpet av «Common Old Nordic Period» (ca. 700-1100) blei /β/ endra til labiodentalen /v/ samtidig som den halv vokaliske /w/ smelta saman med denne nye labiodentalen (2005:1855). *Bo Ralph* skriv at mot slutten av denne perioden hadde bilabial /w/ gått over til labiodental /v/ (2002:716). *Tomas Riad* skriv at i oldsvensk skjedde denne overgangen truleg på 1000-talet (2002:901). Dette tyder på at eddakvad med stavrim v/vokal kan ha blitt dikta så seint som på 1000-talet.

Då bør det også finnast skaldekvad med stavrim v/vokal. Finnur Jónsson meinte det var eksempel på slike: «At v i lighed med j har kunnet rime med vokaler må, trods de få eksempler der haves, anses for muligt» (1920-21:253). Han skreiv ikkje kva eksempel han hadde.

Me har eit døme frå *Sólarljóð: reidi verk / þau þu unnit hefr* (*Skj.* AI:632). Fidjestøl drøfta dette, og kom til at hovudstaven må vera unnit og at langlinja må ha stavrim v/vokal (1999:235f). Kvadet, som blir datert til 1100/1200-talet, står som eit unntak. *FGA* frå midt på 1100-talet nemnde både *j* (= *i*) og *u/v* som vokalar, ikkje som konsonantar, men la til at vokalar enkelte gonger kan kallast konsonantar (1972:222-229). Eitt av eksempla på dette var *uín* (smst. s. 223). Forfattaren avviste å bruka ein særskilt bokstav for *v* nytta som konsonant (smst. s. 238). *Einar Haugen* (1950:36) og *Hreinn Benediktsson* (1962:26-30) skreiv at forfattaren oppfatta både *j* og *v* (= engelsk *w*) som halv vokalar. Me må derfor vera opne for at *v* (unntaksvis) kunne rima på vokal enno så seint som på 1100-talet.

Eg har gått igjennom samtlege skaldekvad frå tida før 1100 i verket *Den norsk-isländske Skjaldedigtning*. Eg fann sju mulige døme på stavrim v/vokal, men då var eg ytst velvillig i tolkingane, truleg for velvillig. Bare ved fire døme vil eg rekna det som kanskje så mykje som 50 % sannsynleg at det er stavrim v/vokal: (1) *adr unnat / vagna runna* (Egils *Sonatorrek* 22:5-6). Finnur retta *unnat* til *vinan*, som gav stavrim v/v. Eg ser ikkje rettinga som naudsynt. (2) *at i være / ættar skade* (Egils *Arinbjarnakviða* 12:7-8). Finnur hadde problem med å få til

stavrim, eg meiner rimet ligg på *være/ættar*. (3) *aufund vm varar gongor / vnna saulua gunni* (Kormakr lausavísa 17:7-8). Finnur retta *várar* til *órar* for å få stavrim på vokal, men i handskriffta stár det *várar*, som òg er korrekt eldre norrønt (Iversen § 104, 1928:90; Hagland 2013:625). Tekstrettinga er ikkje påkravd. På den andre sida kan stavrimet vera *aufund/unna*. (4) *vlf varir niðiar / ægiligr vnd bægi* (Holmgöngu-Bersi lausavísa 3:3-4). Her kan stavrimet liggja på *úlf/ægiligr*, men det kan òg vera som i lausavísa til Kormakr, at *várir* rimer på vokal..

I eddakvada er det langt fleire slike stavrim. Eg har gått igjennom alle stavrim på *v*- hos Lehmann & Dillard (1954:140-153) og alle stavrim *v*/vokal hos von See et al. Utanom *Ls.* har átte eddakvad stavrim dersom *v* blir oppfatta vokalisk; eg lar rimstavene vera understrekte. *Þrk.* har langlinjene *Át vætr Freyja / átta nóttum* (26:5-6) og *Svaf vætr Freyja / átta nóttum* (28:5-6). *Sg.* har langlinja *eru í váruðum / Jónakrs sonum* (63:1-2; stavrim mellom to halvvokalar!). *Gðr. II* har langlinja *Valdarr Dönum / med Jarizleifi* (19:1-2). *Od.* har langlinja *hana kvað hann óskmey / verða skyldu* (20:7-8).<sup>14</sup> *Hrbl.* har *Óðinn á jarla / þá er í val falla* (24:5-6). Her er det bare stavrim viss *val* skal rima på *Óðinn* og *jarla*. *Háv.* har *Vesall maðr / ok illa skapi* (22:1-2) og *óhopp at þér vita* (117:7). I langlinja *þrimr orðum senna / skalatu þér við verra mann* (*Háv.* 125:5-6) kan stavrimet vera enten *orðum/verra* eller *senna/skalatu*. *HHv.* har *á landi ok á yatni / borgit er qðlings flota* (30:4-5; str. 29 iflg. Bugge 1867 og von See et al. 2007). Bugge retta teksten for å få stavrim, på *l*. Tekstretting bør ein vera varsam med, og her er det ikkje nødvendig viss ein aksepterer at *v* kan rima på vokal. *Vm.* har *verpumpk orði á* (7:3). Medrekna *Lokasenna* har då ni av dei 29 eddakvada i *Codex Regius*, eller kvart tredje kvad, stavrim *v*/vokal; til saman er det 14 døme. Inntrykket er at alle desse kvada er frå ei tid der *v* enno blei uttala halvvokalisk, som /w/. Me merker oss rimet *Valdarr/Jarizleifi*. ‘Jarizleifr’ er truleg Jaroslav den vise (døydde 1054), eller ein sagnkonge som blei gitt namn etter denne vidgjetne fyrsten, men dersom det er tilfelle, kan ikkje denne verselinja vera eldre enn midten av 1000-talet.

Det store innslaget av stavrim *v*/vokal i *Codex Regius* (døme i kvart tredje kvad, 14 til saman) stár i kontrast til det forsvinnande litle talet døme i skalde-

14. *Od.* 16:3-4 iflg. Bugge 1867 og von See et al. 2009.

kvada. Finnur Jónsson gjengir skaldekvad med til saman 11.781 kortlinjer frå før 1100 i *Skj. A*, det er omtrent like mange som i *Codex Regius*, og blant dei fann eg bare 4 *mulige* døme på rim *v/vokal* (sju, om eg er maksimalt velvillig). Det styrkar inntrykket av at stavrim *v/vokal* er eit arkaisk trekk, og at eddakvada høyrer til dei eldste kvada, minst like gamle som dei eldste skaldekvada, men sidan *v* blei uttala (halv)vokalisk enno på 1000/1100-talet, kan enkelte av desse kvada vera så unge.

#### *Språkgrensa mot urnordisk*

Fidjestøl kom som nemnt fram til at eit fåtal kvad i versemålet *ljóðaháttir* kunne førast tilbake til urnordisk utan brot på den såkalla Bugges regel, men at det gjaldt så få kvad at det ikkje gir positiv støtte til Noreens tanke at fleire av desse kvada kan vera dikta i urnordisk tid (1999:268). Bare *Alv.* og *Háv. III* kunne rekonstruerast til urnordisk heilt utan brot på Bugges regel, mens *Skm.*, *Vm.*, *Háv. II*, *Háv. IV*, *Háv. V*, *Háv. VI*, *Rm.* og *Fm.* ville bryta regelen i færre enn fire tilfelle.<sup>15</sup>

Kvad i versemålet *fornyrðislag* har to (og bare to) trykktunge stavingar i kvar kortlinje og stavrim i kvar langlinje. Talet på trykklette stavingar kan variera. Synkoptida reduserte talet trykksvake stavingar, men dei trykksterke blei ståande. Eg kan derfor ikkje sjå at det metrisk er noko til hinder for at kvad i *fornyrðislag* kan ha vore dikta i urnordisk tid. Dermed er det likevel ikkje sagt at dei faktisk er så gamle. Til det trengst det indikasjonar som positivt peikar i den retninga.

Konklusjonen blir at det ikkje kan utelukkast at enkelte eddakvad kan vera dikta i urnordisk tid, men at det må diskuterast for kvart enkelt kvad, og at me i dag ikkje veit om noko som positivt tyder på at noko eddakvad er så gammalt.

#### *Konklusjon for språklege trekk — så langt*

Hiatus i ord som på 1100-talet fekk samantrekte former, preposisjonane *fyr*, *ept* og *und* og enklitisk bruk av *ek* og *es* tyder på at samtlege kvad i *Codex Regius* må reknast som eldre enn 1100-talet, i alle fall ikkje yngre enn midten av 1100-talet. Desse språktrekka kan ikkje nyttast til å skilja mellom eldre og yngre kvad i hand-

15. *Háv. I-VI* er ulike delar av *Háv.* som kanskje har blitt dikta på ulike tidspunkt. Denne oppdelinga (som er ei av fleire) er gjort av forskarar i moderne tid.

skriftet. Dei 14 stavrima mellom *v* og vokal i ni eddakvad tyder på at desse kvada er dikta i ei tid der *v* blei uttala /w/ og oppfatta som vokal, på 1000-talet eller tidlegare. Heller ikkje dette seier noko om alderen på andre eddakvad.

Den manglande etterhengde artikkelen tyder på at alle unntatt eitt kvad i *Codex Regius* er eldre enn 1100-talet. Eitt kvad, *Hrbl*, har eit større innslag av etterhengd artikkel. Det kan tyda på at dette kvadet er dikta i ei overgangstid mellom seint 900-tal og tidleg 1100-tal, viss ikkje dei etterhengde artiklane i kvadet har komme inn under overlevering og nedskriving.

Ut frå bruken av *vinðandin forna* ser det ut som me kan skilja mellom eldre og yngre eddakvad, der dei eldre ser ut til å vera dikta før år 1000 og dei yngre etter 900. Alternativt kan dei antatt eldre vera påverka av austnordisk, men me kjenner ingen islandske skaldar etter 900-talet som nytta former på *vr-*. Det er lite truleg at desse kvada er dikta etter 1000 om dei ikkje er dikta i austnordisk område.

Plasseringa av det finitte verbet seint i bundne setningar er eit tydeleg teikn på høg alder. Kvad som har slike brot på V2-regelen, bør reknast til tidleg norrøn tid eller yngre urnordisk tid, men «tidleg norrøn tid» kan strekka seg over hele tidsrommet rundt 700-1100. Ut frå brotet på V2-regelen ser me ei tredeling av kvada i *Codex Regius* der kvad med spesielt mange brot på V2-regelen bør reknast blant dei eldste eddakvada. Dette gjeld bare kvad i versemålet *fornyrðislag*, men kvad i *ljóðaháttur* med få eller ingen brot på Bugges regel kan høyra til det same alderslaget. Bakover i tid er det verre å setta ei grense. Fleire kvad *kan* førast tilbake til urnordisk form utan å bryta metrikken, ser det ut som, men skal dei daterast til urnordisk tid, må me ha klare, positive indikasjonar på at kvadet er så gammalt.

Før eg går vidare, vil eg i 3. bolk undersøka vilkåra for å kunna bruka *of/um-*partikkelen som alderskriterium. Korfor er det så stort sprik frå skald til skald når utviklinga over tid er eintydig? I 4. bolk vil eg prøva å finna støtte for teorien om at gammalt språk kan vera resultat av medvitne val (medvitne arkaismar). Fyrst i 5. bolk vil eg sjå korleis *of/um-*partikkelen er brukt i eddakvad, om partikkelen kan ha hatt nokon funksjon ut over å vera rytmevoll, om bruken av partikkelen kan seia noko om alderen på eddakvada, og om dette samsvarar med dei andre undersøkte språklege kriteria. Til slutt, i 6. bolk, vil eg studera *Prymskviða* for å sjå kva dateringskriterium som kan vera mest pålitelege.

### 3. BOLK: *OF/UM*-PARTIKKELEN (I): SKALDEKVAD

Det som er kalla «ekspletive partiklar» (som betyr fyllord) er to småord, *of* og *um*, som kan stå føre visse substantiv, adjektiv og verb i norrønt, tilsynelatande utan å tilføra utsagna meining. Eg kallar dei heller *of/um*-partikkelen. Forskarane oppfattar dei som restar etter trykksvak forstaving.<sup>16</sup> Dei grunnleggande arbeida om partikkelen er to avhandlingar som blei lagt fram i 1929, av Hans Kuhn (1929) og Ingerid Dal (1930a).<sup>17</sup> *The Nordic Languages* viser til desse og til arbeid av Einar Ol. Sveinsson, Fidjestøl og Gade (Gade 2002:866). Hallfrid Christiansen (1960), Fidjestøl (1989, 1999), Gade (2001) og Myrvoll (2014) har forska på bruken av partiklane i edda- eller skaldekvad; dei viser alle til Kuhn og Dal (viktige usemjer kjem eg tilbake til); det same gjer von See et al. i *Kommentar zu den Liedern der Edda*. Ifølgje Kuhn gjekk partiklane ut av daglegtalet på 800-talet, etter det blei dei utelukkande nytta for å fylla ut trykklette posisjonar i kvad, dei blei fyllord. Dette standpunktet har allmenn oppslutning blant forskarane i dag. Eg vil hevda at begrepet «ekspletiv partikkel» er misvisande. Det kan gi inntrykk av at dette var noko skaldar treiv til når dei ikkje fann på noko betre, men Kuhn og Dal viste at partiklane blei brukt etter bestemte reglar.

Dal og Kuhn var usamde i visse spørsmål. Dal sette «ekspletiv partikkel» i hermeteikn og meinte den også blei brukt i prosa. Kva funksjon *of/um*-partikkelen kan ha hatt, og om den er nytta i prosa, drøftar eg i 5. bolk (*Of/um*-partikkelen II).

#### *Of/um* som dateringskriterium

Kuhn (1929) og Dal (1930a, 1930b) påviste begge at bruken av den trykksvake forstavinga *of/um* avtok med åra, og Kuhn meinte denne kunnskapen måtte kunne nyttast til å datera eddakvad, men fann ikkje ut korleis (Kuhn 1929:101). Fidjestøl (1989, 1999) gjekk meir detaljert til verks, og bekrefta då funna til Kuhn og Dal.

16. Kuhn (1929:3; 43; 63); Dal (1930a:5; 1930b:180); Christiansen (1960:340). Spesielt Dal, men òg Kuhn, gjer i arbeida sine grundig greie for korleis *of/um*-partikkelen har komme i staden for eldre trykksvake forstavingar.

17. Dals avhandling blei lagt fram i 1929 og publisert året etter. Ho følgde opp med ein artikkel same året (Dal 1930b).

Han påviste korleis bruken av denne partikkelen avtok sterkt med tida i skaldekvada, men kom til at dette likevel ikkje kunne nyttast til å datera enkeltkvad, då det var store variasjonar frå skald til skald eller frå kvad til kvad (1989:58; 1999:217). Han diskuterte ikkje kva som kunne forklara desse variasjonane. Som me skal sjå, er det mykje interessant å finna både i tala til Fidjestøl og tala som seinare Gade (2001) og Myrvoll (2014) kom fram til.

### *Fidjestøls tal*

Fidjestøl undersøkte kor ofte *of/um*-partikkelen blei brukt både i skaldekvad og eddakvad. Han tok bare med skaldar (eller enkeltkvad når forfattar er anonym) me har bevart ein større produksjon frå; han sette grensa ved 80 bevarte kortlinjer (1999:213). Hovudfunnet hans var ei klar utvikling frå hundreår til hundreår (smst. s. 215, tabell 6). Frå skald til skald var utviklinga uregelmessig. Skaldane i Fidjestøls tabell 6 deler eg inn i hundreår, slik at Bragi, Þjóðólfr ór Hvini og Hornklofi blir plasserte på 800-talet, rekka frå og med Egill til og med Hallfreðr på 900-talet, rekka frå og med Þórleikr fagri og Þórðr Kolbeinsson til og med Steinn Herdísarson på 1000-talet, rekka frå og med Markús til og med kvadet *Nóregs-konungatal* på 1100-talet. Då kan me summera Fidjestøls tal slik:

Hundreår	«ekspl.part.» delt på samla tal verselinjer (ekspl.:verselinjer)	«ekspl. part.» i prosent av samla tal verselinjer
800-talet	51:959	5,32 %
900-talet	128:3686	3,47 %
1000-talet	43:4348	0,99 %
1100-talet	16:3922	0,41 %
-----		
til saman	238:12 915	(1,84 %)
(mine utrekningar bygde på tala hos Fidjestøl 1999:215)		

Me ser at fallet frå hundreår til hundreår er markert (godt og vel *halvering* ved kvart nye hundreår etter 900). Eg kjem tilbake til dei enkelte skaldane.

### Gades tal

Kari Ellen Gade undersøkte alle kvad i versemålet *dróttkvætt* i tidsrommet frå 800-talet til 1300-talet (Gade 2001). Ho fann dei same tendensane som Kuhn, Dal og Fidjestøl, men med fleire detaljar. På 1300-talet fann ho ingen sikre eksempel på at «ekspletiv partikkel» (*offum*-partikkelen) var brukt (2001:55).<sup>18</sup> På 800- og 900-talet var partikkelen hyppig brukt, og dels på 1000-talet, men langt sjeldnare etter 1000-talet. Ho rekna ut kor ofte partikkelen blei brukt i kvart hundreår. Tala stemmer ikkje heilt med Fidjestøls, sidan dei talde ulike slag — mens Fidjestøl fann 238 tilfelle av partikkelen innafør tidsrommet 800-1200, fann Gade bare 220 tilfelle innafør det endå lengre tidsrommet 800-1300. Det kjem av at Fidjestøl bare tok med skaldar me har bevart minst 80 verselinjer av mens Gade tok med alle skaldar, men bare kvad i versemålet *dróttkvætt*. Gade oppgir ikkje tal for kvar enkelt skald, slik Fidjestøl gjorde, og heller ikkje kor mange verselinjer ho daterer til kvart hundreår, bare kor stor prosentdel kvart hundreår har av det totale talet verselinjer frå heile perioden 800-1300. Gade reknar med langlinjer, Fidjestøl med kortlinjer. Skal me samanlikna tala hennar med Fidjestøls, må me rekna dei om. Eg deler talet hennar for «ekspletiv partikkel» produsert i kvart hundreår, med samla verselinjeproduksjon i hundreåret, oppgitt som prosent av total verselinjeproduksjon frå heile perioden 800-1300 — då får eg eit anslag for «ekspletiv partikkel» i prosent av alle langlinjer. Deretter deler eg på to, for å få «ekspletiv partikkel» i prosent av alle kortlinjer. Eg får då desse tala:

800-talet	24 ekspl.part. : 2,8 % : 2 = 4,3 %
900-talet	96 ekspl.part. : 20,8 % : 2 = 2,3 %
1000-talet	60 ekspl.part. : 31,3 % : 2 = 1,0 %
1100-talet	25 ekspl.part. : 26,6 % : 2 = 0,5 %
1200-talet	25 ekspl.part. : 18,5 % : 2 = 0,7 %
1300-talet	ingen ekspletive partiklar 0 %

(mine utrekningar bygde på tal hos Gade 2001:55)

18. Christiansen skreiv at det yngste eksemplet på ein ekspletiv partikkel er frå 1300-talet, hos skalden Þormóðr Ólafsson: *mest um barg þá malma treysti* (1960:345). Når Gade ikkje nemner dette, er det truleg fordi ho bare tok for seg kvad i versemålet *dróttkvætt*.

Tendensen er den same som hos Fidjestøl, eit jamt fall i bruken av *of/um*-partikkelen («ekspletivpartikkelen») frå hundreår til hundreår, bortsett frå ein svak oppgang på 1200-talet, inntil den gjekk heilt ut av bruk. Avvika frå Fidjestøls tal er størst på 800- og 900-talet, for 1000- og 1100-talet har dei praktisk tala identiske tal (då dominerte *dróttkvétt* blant skaldekvad med meir enn 80 verselinjer). På 1100- og 1200-talet nærma bruken seg null, på 1300-talet var det heilt slutt. Dei ho fann brukte partikkelen på 1100- og 1200-talet (sjå Gade 2001:56-65), vil eg dela inn i følgjande grupper:

- (1) Religiøs dikting, kanskje inspirert av høgtysk *magen + ge + infinitiv* (Gade 2001:58). Det gjeld kvada av Einarr Skúlason (6 tilfelle) og Gamli kanóki (5 tilfelle), eitt enkelt tilfelle frå Markús Skeggjason, eitt tilfelle frå Eilífr kúlnasveinn og det anonyme *Líknarbraut* (2 tilfelle).
- (2) På 1200-talet gjenbrukte Sturla Þórðarson ei vending frå eit gamalt kvad der *of/um*-partikkelen var brukt (*Hákonarflokkur* 2:2 — verselinja er lånt frå *Vellekla* 26:6), og farbroren Snorri brukte partikkelen éin gong (*Háttatal* 56:3).
- (3) Kvad av uviss alder: *Rekstefja* (*Rst.*, 3 tilfelle), *Íslendingadrápa* (*Íslidr.*, 2 tilfelle), *Óláfs drápa Tryggvasonar* (*Óldr.*, 4 tilfelle),<sup>19</sup> *Stjórnu-Odda draumr* (*StjO.*, 3 tilfelle), to anonyme strofer i *Njáls saga* og ei anonym strofe i *Sturlungasaga*.
- (4) *Jómsvíkingadrápa* (*Jómsv.*, 4 tilfelle), lausavísa av Sigurd Jorsalfar (eitt tilfelle), Kolli enn príði (eitt tilfelle), Gullásu-Þórðr (eitt tilfelle).

Hovudregelen er at *of/um*-partikkelen var ute av diktinga etter 1000-talet. Den religiøse diktinga kan vera inspirert av høgtysk mellomalderdikting med *magen + ge + infinitiv*. Held me religiøs dikting utanom, ser det ut som *of/um*-partikkelen («ekspletiv partikkel») på 1100-1200-talet bare er nytta i (3) kvad av uviss alder og (4) *Jómsv.* samt eit fåtal kvad som har eitt tilfelle kvar med *of/um*. *Rst.*, *Íslidr.*, *Óldr.*, *StjO.* og *Jómsv.* var ifølgje Gade mulige døme på medvitne arkaismar eller

19. Fleire dråper har blitt kalla så, dette er *Óláfs drápa Tryggvasonar* i *Bergsbók*.

dikting modellert etter eldre førebilde (2001:65).

### *Myrvolls tal*

Myrvoll (2014) tar for seg dei enkelte skaldane, slik Fidjestøl gjorde. Fidjestøl tok med alle kvada til den enkelte skalden, Myrvoll tok bare med kvad i fem versemål, og utelet då skaldar (eller anonyme kvad) med færre enn 80 overleverte linjer i versemålet — med to unntak: i *dróttkvætt* tok han likevel med Hornklofi, og Myrvoll tok med alle kvad i versemålet *fornyrðislag*.<sup>20</sup> Tala hans blir derfor litt andre enn Fidjestøls, men dei bare forsterkar tendensen Fidjestøl peika på: fallet i bruken frå 800-900-talet til 1100-talet blir endå brattare. Forskjellane på Fidjestøl og Myrvolls tal er små og variasjonane frå skald til skald blir den same.

Myrvoll konsentrerte seg om versemåla *dróttkvætt*, *hrynhent*, *kviðuhátt*, *fornyrðislag* og *málahátt*, og undersøkte i kva grad skaldar frå 800-, 900-, 1000-, 1100- og 1200-talet brukte «ekspletiv partikkel» i desse versemåla (2014:293-308). Han summerte bare tal for kvart versemål for seg. Slår me saman tala for alle fem versemåla, sjå Myrvoll 2014:298-306, og bare tar med skaldar (eller anonyme kvad) med minst 80 bevarte verselinjer, får me desse tala:

### **Tabell 3. Of/um-partikkelen hos dei enkelte skaldane**

Oversikta nemner: skald, samla tal bevarte kortverslinjer (tal i parentes for verselinjer i *dróttkvætt* — *hrynhent* — *kviðuhátt* — *fornyrðislag/málahátt*), samla tal verselinjer med of/um-partikkel (tal i parentes for verselinjer med *of/um*-partikkel i *dróttkvætt* — *hrynhent* — *kviðuhátt* — *fornyrðislag/málahátt*), og verselinjer med *of/um*- partikkel i prosent av alle verselinjer.

SKALD	BEVARTE VERS	OF/UM-PART.	% AV ALLE VERS
<b>800-talet</b>			
Bragi	128 (128-0-0-0)	8 (8-0-0-0)	6,3 %
Porbjørn Hornklofi	244 (72-0-0-172)	2 (1-0-0-1)	0,8 %

(framhald på dei to neste sidene)

20. Myrvoll tok ikkje med Sturla Þórðarson under versemålet *dróttkvætt*, sidan det einaste bevarte kvadet me har av Sturla i det versemålet, *Hákonarflokk*, har færre enn 80 ikkje-repeterte vers.

SKALD	BEVARTE VERS	OF/UM-PART.	% AV ALLE VERS
-------	--------------	-------------	-------------------

### 900-talet

Þjóðólfr ór Hvíni <sup>21</sup>	529 (169-0-360-0)	41 (12-0-29-0)	7,8 %
Egill Skallagrímsson	906 (376-0-390-140)	51 (16-0-23-12)	5,6 %
Eyvindr Skáldaspillir	344 (104-0-100-140)	14 (5-0-2-7)	4,1 %
Holmgöngu-Bersi	104 (104-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	1,9 %
Víga-Glúmr	82 (82-0-0-0)	6 (6-0-0-0)	7,3 %
Glúmr Geirason	100 (100-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	4,0 %
Gísli Súrsson	266 (266-0-0-0)	6 (6-0-0-0)	2,3 %
Kormákr	530 (530-0-0-0)	19 (19-0-0-0)	3,6 %
Einarr Skálaglamm	284 (284-0-0-0)	11 (11-0-0-0)	3,9 %
Þórarinn máhliðingr	136 (136-0-0-0)	0	0 %
Tindr Hallkelson	96 (96-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	1,0 %
Eilífr Goðrúnarson	168 (168-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,8 %
Hallfreðr vandr.skáld	504 (504-0-0-0)	11 (11-0-0-0)	2,2 %

### 1000-talet

Hávarðr Ísfirðingr	108 (108-0-0-0)	0	0 %
Þórðr Kolbeinsson	214 (214-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,4 %
Björn Hitdœlakappa	174 (174-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,6 %
Gunnlaugr Ormstunga	100 (100-0-0-0)	0	0 %
Sigvatr skáld	1158 (1158-0-0-0)	16 (16-0-0-0)	1,4 %
Óláfr helgi	136 (136-0-0-0)	0	0 %
Óttar svartí	240 (240-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	2,1 %
Þórmóðr Kolbr.skáld	312 (312-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	1,6 %
Þórarinn loftunga	76 (0-0-76-0)	1 (0-0-1-0)	1,3 %
Haraldr harðráði	113 (113-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,9 %

21. Me veit ikkje om diktinga til Þjóðólfr skal leggst til andre halvdel av 800-talet eller til tidleg 900-tal. *Ynglingatal* blei dikta til Rognvaldr heiðum-hárr, ein konge me ikkje veit når levde, *Haustlög* til Þórleifr spaki, som må ha levd på tidleg 900-tal. Eg reknar derfor Þjóðólfr til tidleg 900-tal.

SKALD	BEVARTE VERS	OF/UM-PART.	% AV ALLE VERS
Arnórr jarlaskáld	576 (450-126-0-0)	6 (2-4-0-0)	1,0 %
Þjóðólfr Arnórsson	595 (595-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	0,8 %
Pórleikr fagri	90 (90-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	2,2 %
Steinn Herdísarson	187 (187-0-0-0)	0	0 %
<b>1100-talet</b>			
Markús Skeggjason	196 (0-196-0-0)	0	0 %
Halldór Skvaldri	96 (96-0-0-0)	0	0 %
Gísl Illugason	160 (0-0-0-160)	0	0 %
Ívarr Ingimundarson	318 (0-0-0-318)	0	0 %
Einarr Skúlason	889 (889-0-0-0)	6	0,7 %
Rögnvaldr jarl	260 (260-0-0-0)	0	0 %
Gamli kanóki	536 (504-32-0-0)	7 (5-2-0-0)	1,3 %
<i>Placidusdrápa</i>	451 (451-0-0-0)	0	0 %
<i>Nóregs konungatal</i>	664 (0-0-664-0)	0	0 %
Uviss alder, plaserte på 1100-talet			
Hallar-Steinn	298 (298-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,0 %
Haukr Valdísarson	210 (210-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	1,0 %
<i>Óldr. (i Bergsbók)</i>	219 (219-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	1,8 %
<i>Leiðarvísan</i>	344 (344-0-0-0)	0	0 %
<b>1200-talet</b>			
Bjarni byskup ( <i>Jómsv.</i> )	324 (324-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	1,2 %
Óláfr Hvítaskáld	88 (0-88-0-0)	0	0 %
Sturla Þórðarson	504 (0-168-336-0)	4 (0-1-3-0)	0,8 %
<i>Sturlunga saga</i>	802 (802-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,1 %
<i>Njáls saga</i>	372 (372-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,3 %
<i>Líknarbraut</i>	400 (400-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	0,5 %
<i>Grettis saga</i>	418 (418-0-0-0)	0	0 %

Det er illustrerende å setja opp tala til Myrvoll grafisk:


**Figur 1. Of/um-partikkelen i skaldekvad**



Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet (sagaer skrivne på 1200-talet er plassert lengst til høgre). Kurva viser verselinjer med *of/um*-partiklar i prosent av alle verselinjer frå den enkelte skalden. Kvar sirkel er ein skald.

Når kurva går noko opp lengst til høgre i figuren, er det dels på grunn av *Jómsv.*, men òg fordi me har med skaldar og kvad med uviss datering: Hallar-Steinn (med *Rst.*), Haukr Valdísarson (med *Ísldr.*) og *Óldr.* Finnur Jónsson (1923:106-109) og *SkP* (2012:893; 1031) tidfestar desse til 1100-talet, men det kan vera både for tidleg og for seint. Tar me bort dei som er usikkert daterte, blir figuren slik:

**Figur 2. Of/um-partikkelen i skaldekvad. Bare nokolunde sikkert daterte skaldar.**



Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet (sagaer skrivne på 1200-talet er plassert lengst til høgre). Kurven viser verselinjer med *of/um*-partiklar i prosent av alle verselinjer frå den enkelte skalden. Kvar sirkel er ein skald.


Som Fidjestøl peika på, er variasjonane store frå skald til skald. Samtidig ser me ei tredeling kronologisk: den fyrste tida nytta skaldane *of/um*-partikkelen nokså hyppig (i stort sett frå 2,5 % til 7,5 % av alle verselinjer, bare tre skaldar hadde færre enn 2,5 %); det var fram til og med Einarr Skálaglamm (980-ára). Deretter følgjer ein periode der skaldane enno brukte partikkelen, men noko sjeldnare, aldri så ofte som i 2,5 % av alle verselinjene; det var fram til og med Arnórr jarlaskáld, Þjóðólfr Arnórsson og Þórleikr fagri (midt på 1000-talet). Frå 1060-ára (Steinn Herdísarson) blei *of/um*-partikkelen bare brukt i noko omfang av fire av skaldane i oversikta: Einarr Skúlason og Gamli kanóki, i religiøs dikting hos dei begge, samt Bjarni byskup Kolbeinsson og Sturla Þórðarson. Einarr og Gamli brukte konstruksjonar med *mega + of + infinitiv*, kanskje inspirert av høgtysk *magen + ge- + infinitiv*, særskilt nytta i religiøs dikting (Dal 1930a:62; Gade 2001:58). Held me både kvad av uviss alder og denne religiøse diktinga utanfor, er det bare Bjarni byskup (og i mindre grad Sturla Þórðarson) som bryt med utviklinga. Bjarni og dei fire kvada av høgst uviss alder (*Rst.*, *Ísldr.*, *Óldr.* og *StjO.*) er mulige og interessante unntak i dette bildet.<sup>22</sup> Det krev ein eigen diskusjon.

#### *Variasjonane frå skald til skald*

Før me diskuterer korleis dette kan hjelpa oss til å datera eddakvad, må me undersøka korfor det er så store variasjonar. Mest påfallande er forskjellen mellom Hornklofi (*of/um*-partiklar i 0,8 % av alle verselinjene) og Þjóðólfr ór Hvini (7,8 %), to skaldar som må ha vore nokolunde samtidige. Ulike skaldar hadde sikkert noko ulik språkbruk, og ordla seg ulikt ved ulike høve, men forklaringa kan òg vera at kva som er bevart av diktinga til den enkelte skalden er begrensa. Under søker me kor ofte eitt bestemt ord er brukt i ein bestemt tekst, vil me alltid finna store variasjonar frå tekst til tekst. Di kortare tekstar me opererer med, di større variasjonar vil me få frå tekst til tekst. Kva skjer dersom me bare tar med skaldar me har bevart ein større produksjon frå? Tar me bare med skaldar me har bevart minst 300 verselinjer av, blir bildet som i fig. 3 (sjå neste side):

22. Myrvoll har ikkje tatt med *Stjörnu-Odda draumr*, endå kvadet er dikta i versemåla *kviðuhátt* (40 verselinjer) og *dróttkvétt* (88 verselinjer). Eg veit ikkje korfor Myrvoll utelet dette kvadet.


**Figur 3. Of/um-partikkelen hos skaldar med minst 300 verselinjer**



Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet, bare skaldar (sagaer/enkeltkvad) med minst 300 overleverte verselinjer. Kurven viser verselinjer med of/um-partiklar i prosent av alle verselinjer frå den enkelte skalden. Kvar sirkel er ein skald (eller anonymt kvad/saga med anonyme kvad), frå venstre mot høgre: Þjóðólfr, Egill, Eyvindr, Kormákr, Hallfreðr, Sigvatr, Þórmóðr Kolbrúnarskáld, Arnórr jarlaskáld, Þjóðólfr Arnórs-son, Ívar Ingimundarsson, Einarr Skúlason, Gamli kanóki, *Placidusdrápa*, *Nóregs konungatal*, *Leiðarvísan*, Bjarni byskup, Sturla Þórðarson, *Sturlungasaga*, *Njáls saga*. (*Liknarbraut* 0,5 % og *Grettis saga* 0 % burde òg vore med på figuren, lengst til høgre).

No fell kurva frå skald til skald. Avvika blir små. Endå meir regelmessig blir utviklinga dersom me bare tar med skaldar me har bevart minst 500 verselinjer av:

**Figur 4. Of/um-partikkelen hos skaldar med minst 500 verselinjer**



Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet, bare skaldar med minst 500 overleverte verselinjer. Kvar sirkel er ein skald, lengst til høgre: *Sturlunga saga*.


Den religiøse diktinga til Gamli kanóki blir det som bryt ei elles regelmessig fallande kurve. Som nemnt er bruken hans av *of/um*-partikkel kanskje inspirert av høgtysk forbilde. Sturla Þórðarsson bryt òg den fallande tendensen, så vidt det er (0,8 % mot Einarr Skúlasons 0,7 %).

Samlar me opp skaldar på heile hundreår (eg slår saman 800- og 900-talet, då eg bare har to skaldar — Bragi og Hornklofi — me nokolunde sikkert kan datera til 800-talet), og bruker tala til Myrvoll, får me denne utviklinga:

Hundreår	<i>Of/um</i> -part. pr. verselinjer	prosent
800- og 900-talet	179:4421	4,0 %
1000-talet	45:4079	1,1 %
1100-talet	22:4641	0,5 %
1200-talet	12:2908	0,4 %
-----		
til saman	258:16 049	

Då har eg rekna kvada til Hallar-Steinn og Haukr Valdísarson og *Óldr.* til 1100-talet. Hadde me også rekna med *StjO.*, ville me fått 0,5 % på 1200-talet. På 1200-talet er det elles to skaldar, Bjarni og Sturla, som forårsaker ein viss, meir beskjeden, bruk av *of/um*-partikkelen. Me kan slå fast at på 1100- og 1200-talet var bruken av *of/um*-partikkelen marginal. Me kan framstilla utviklinga slik:

**Figur 5. *Of/um*-partikkelen hos alle skaldar i heile hundreår**



Tala viser at variasjonane i den fyrste oversikta, der alle skaldar med minst 80 overleverte verselinjer var med, fyrst og fremst skuldast at ordmengda hos den enkelte skalden er begrensa. Tar me bare med skaldar med minst 300 overleverte verselinjer, ser me korleis bruken av *of/um*-partikkelen fell jamt, og der bare Bjarni byskups *Jómsv.*, Sturla Þórðarsson og religiøs dikting bryt mønsteret. Utelukkar me skaldar med færre enn 500 verselinjer, ser me at utviklinga blir eintydig, der bare Gamlis religiøse dikting og Sturla Þórðarsson bryt utviklinga. Samlar me opp kvad på heile hundreår (rundt 3000 verselinjer i kvart hundreår), er det ingenting som bryt mønsteret. Eg presiserer at då er *Rst.*, *Íslidr.* og *Óldr.* rekna til 1100-talet og *Jómsv.* til 1200-talet. Dette tyder på at omfanget av *of/um*-partikkel er eit sikkert dateringsmiddel så sant me bruker store nok utval.

Me såg dei største endringane skjedde rundt 990 og rundt 1060. Reknar me ut kor ofte *of/um*-partikkelen blei brukt i all skaldedikting fram til 980-åra (til og med Einarr Skálaglamm), blir snittalet i det tidsrommet 4,7 %, mens snittalet i perioden rundt 990-1060 blir 1,25 %. Etter rundt 1060 fall bruken ned mot null.

Kuhn meinte at «fyllorda», *of/um*-partikkelen, enno var i bruk som trykksvak forstaving i talemålet på Bragis tid, midt på 800-talet, men at dei etter hans tid, då bruken blei mindre regelbunden, hadde forsvunne ut av talemålet og bare blei brukt som eit skaldeteknisk grep (Kuhn 1929:100). Men det kan henda at den meir usikre og etter kvart dalande bruken av *of/um*-partikkelen kan *spegla* utviklinga i talespråket, det vil seia at partikkelen enno blei brukt som trykklett forstaving i talespråket, men meir usikkert etter midten av 800-talet, sjeldan frå midten av 1000-talet og forsvann heilt på 1300-talet. Kuhn peika elles på at i skaldekvada fall «fyllorda» fyrst bort føre nominalled, på 1000-talet (1929:32f; Gade 2001:56).

Tala viser i alle fall at omfanget av *of/um*-partikkel er eit brukbart dateringskriterium, sjølv om det må nyttast med alle mulige atterhald.

#### *Konklusjon for bruken av of/um-partikkelen i skaldekvad*

Ingen av dei som har talfesta bruken av *of/um*-partikkelen, har rekna med samtlege bevarte skaldekvad. Dei har gjort utval, og ingen har gjort det same utvalet. Det er ein viss mulighet for at ei opptelling av samtlege skaldekvad ville gitt andre tal. Samtidig har mange kvad uviss datering; tala blir litt ulike om me reknar

med desse eller ikkje, og om me reknar dei uvisse til det eine eller andre hundreåret. Heilt presise og sikre tal vil ein derfor aldri få, eitt eller anna val blir ein nøydd til å gjera. På den andre sida er samsvaret mellom tala til Fidjestøl, Gade og Myrvoll så stort, endå dei har gjort forskjellige utval, at det må vera frekvensen i dagleg bruk som slår igjennom. Dei vilkårlege utslaga som ein får ved små utval, får minimal betydning for tala dei kjem fram til for utviklinga som heilskap. Me kan derfor gå ut frå at snittala blir bortimot dei same, også om ein gjer andre utval. Det gir godt sakleg grunnlag til å trekka følgjande konklusjonar:

1. Omfanget av *of/um*-partikkel blir eit godt aldersmål når tekstmengda blir stor nok.
2. Variasjonane frå skald til skald skuldast i stor grad at diktinga me har bevart frå kvar enkelt skald, er begrensa, slik at tilfeldigheter får store utslag når ein tel kor ofte enkeltord er brukt av den enkelte skalden.
3. Har me ei tekstmengd på minst 300 verselinjer, kan me bruka *of/um*-partikkelen som ein noko usikker indikator på alderen (sjå fig. 3).
4. Har me ei tekstmengd på minst 500 verselinjer, blir bruken av *of/um*-partikkelen litt sikrare (men ikkje avgjerande) som indikator (sjå fig. 4).
5. Har me ei tekstmengd på minst 3000 ord, ser det ut som bruken av *of/um*-partikkel blir eit sikkert mål for snittalderen av ei bestemt gruppe kvad (sjå fig. 5).
6. Fram til 980-åra var *of/um*-partikkelen nokså mykje brukt, i stort sett mellom 2,5 % og 7,5 % av alle verselinjene, gjennomsnittleg 4,7 %. Etter 980-åra og fram til rundt 1060 blei den langt sjeldnare, aldri i så mykje som 2,5 % av verselinjene og med eit gjennomsnitt på 1,25 %. Etter midten av 1000-talet blei den mest aldri brukt, i gjennomsnitt bare 0,4-0,5 % av verselinjene. Følgjeleg hadde frekvensen på 1100-1200-talet blitt redusert til *tiandeparten* av snittet på 800-900-talet. På 1300-talet finst det éitt døme, hos Þormóðr Ólafsson, elles hadde dei forsvunne heilt.
7. *Of/um*-partikkelen forsvann fyrst føre nominalledd (i løpet av 1000-talet, ser det ut som), seinare også føre verb.

8. Óláfs drápa Tryggvasonar í Bergbók, Rekstefja, Íslendingadrápa, Jómsvíkingadrápa og Stjörnu-Odda draumr er mulige eksempel på medvitne arkaismar. Det vil eg drøfta í neste bolc.

Når tala er så eintydige for skaldekvada, må me tru dei også vil ha verknad for eddakvada. Men før eg behandlar eddakvada, vil eg drøfta dei fem skaldekvada som kan antyda at gamle språktrekk kan vera resultat av medviten arkaisering.

#### 4. BOLK: MEDVITNE ARKAISMAR?

Gamalt språk gir ikkje alltid sikre haldepunkt for å datera eit kvad. Skalden kan ha lånt ei vending frå eit eldre kvad, slik t.d. Sturla Þórðarson lånte ei verselinje frå *Vellekla* (sjå s. 44). Slike lån har det sikkert vore mange av, å dokumentera alle, med långivar og låntakar, er verre. Ei anna mulighet er at ein skald medvite har valt å bruka forelda språk. Då snakkar me om *medvitne arkaismar*. Det er helst i kvad av uviss alder forskarar har meint det har vore nytta medvitne arkaismar.

Her er ikkje plass til å gjera greie for diskusjonen om medvitne arkaismar, eg vil bare peika på eit problem: det er lett å påstå at noko er medvite bruk av forelda språk, men vanskeleg å setta slike påstandar på prøve. Bruken av *of/um*-partiklar gir oss ei mulighet. Eg har peika på fem kvad som har større omfang av *of/um*-partiklar enn kva ein skulle venta ut frå dateringane forskarane har landa på. Det gjeld *Óláfs drápa Tryggvasonar*, *Rekstefja*, *Íslendingadrápa*, *Jómsvíkingadrápa* og *Stjórnu-Odda draumr*. Dei blir daterte til 1100-talet (helst andre halvdel) og 1200-talet, men dei har *of/um*-partiklar i 1,0-1,8 % av alle verselinjene, på høgd med kvad frå slutten av 900-talet eller fyrste halvdel av 1000-talet (sjå fig. 2). Dersom me kan påvisa at andre trekk i kvada klart motseier ein slik alder, kan det sjå ut som bruken av *of/um*-partiklar i desse kvada er medvitne arkaismar.

Sidan eg skal testa om bruken av *of/um*-partiklar er i utakt med andre daterbare endringar, vil eg også nytta Fidjestøls tal for *kenningar med heidensk mytologisk innhald*, og sidan Myrvoll har vist korleis også *metriske* trekk blei utvikla over tid, og tidfesta viktige endringar, vil eg også sjå på slike trekk som kan daterast med nokolunde visse. Eg vil sjå på desse språktrekka: *of/um*-partiklar, hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, preposisjonane *ept(ir)*, *fyr(ir)* og *und(ir)*, enklitisk *ek*, rim der *a* og *q* er oppfatta som same vokal, andre gamle ordformer; desse metriske trekka: doble hendingar (innrim) i ujamne vers, aðalhendingar (heilrim) i ujamne vers, bruken av *brestr erfiði Austra*; og i tillegg kenningar med heidensk mytologisk innhald (med namn frå lista hos Fidjestøl 1999:289ff). Står det ikkje kvar eg har tal frå, har eg sjølv talt dei opp frå *Skj. AI* og *SkP*.

### *Óláfs drápa Tryggvasonar (i Bergsbók; Óldr.)*

Dette kvadet (28 strofer) er bare kjent frå *Bergsbók (Holm. perg. I fol.)*, eit handskrift som blir datert til ca. 1400-1425 (Heslop 2012b:1031n). Handskriftet gjengir kvadet som *Óláfs drápa Tryggvasonar er Hallfreðr orti vandræðiskáldi* (Finnur Jónsson 1923:108). Ingen forskarar trur det er eit ekte Hallfreðr-kvad: «Det er nu hævet over enhver tvivl, at det beror på en senere afskrivers fejlagtige mening» (smst.), «ist offenbar unrichtig» (de Vries 1942:106). Finnur daterte det til tidleg 1100-tal (1923:109), de Vries til seint 1100-tal (1942:108), *Kate Heslop* skriv at dei arkaiske språklege trekka i kvadet «are almost certainly deliberate archaisms» og opnar for at kvadet kan vera frå 1200-talet, og «no earlier than the twelfth century» (2012b:1031). Kva er argumenta for den seine dateringa?

Finnur Jónsson viste til kvadets «indledning og hele fremstilling»; diktaren opnar med å be om Guds hjelp, då han, diktaren, har ein «ringere digterbegavelse end en sådan, som vilde passe for Olaf Tryggvason», antyder at fleire før han har dikta om kongen og avsluttar med ei bøn til Kristus for kongens evige salighet. Dessutan er det fleire lån og etterlikningar i kvadet, skreiv Finnur (1923:109). Heslop viser til likskapar mellom *Óldr.* og kvad som *Rst.* og Einarr Skúlasons *Geisli*, appellen til Gud og skaldens beskjedne innstilling. Det stemmer dårleg med bildet av den stolte og staute vikingtidsskalden Hallfreðr, skriv ho (Heslop 2012b:1031). I 12. strofe står det at Grønland var eitt av dei fem landa Olav Tryggvason kristna, det meiner mange forskarar er ein fiksjon (smst. s. 1045).

Lån kan ha gått fleire vegar, det kan like gjerne vera dei nemnde kvada som har lånt av *Óldr.* Skalden er ikkje meir ydmyk enn at heile kvadet er prega av blodig ordbruk: sverd blir raudfarga, hovud og føter kappa av, vargar og ramnar blir mata osb., heilt i stil med andre kvad av Hallfreðr. I sluttstrofa ber skalden Kristus verna den avdøde kongen. *Erfidrápa Óláfs Tryggvasonar*, som alle meiner er eit ekte Hallfreðr-kvad, har ein liknande slutt (Heslop 2012a:439). Når skalden ber Gud om hjelp til å formulera seg, då han elles ikkje maktar å skapa eit kvad som er kongen verdig (1.-2. str.), er det i stil med Hallfreðs store hengivenhet for kongen. Som Finnur også har skrive: «...der er måske ingen der har omfattet ham med en så inderlig hengivenhed og kærlighed som Hallfreðr» (1920:546). Eg vil leggja lite vekt på slike argument, dei seier mest om den enkelte forskars skjønn.

Eg vil heller sjå kva språk, metrikk og kenningbruk antyder som kvadets alder.

Kvadet er dårleg gjengitt, Finnur retta teksten fleire stader for å få stavrim og korrekt metrikk. Eg vil sjå på både retta og ikkje-retta tekst.

1. Kvadet har fire tilfelle av *of/um*-partiklar (*of kom* 6:8; *of eignaðr* 7:7; *of vann* 13:6; *of orðit* 14:8). Alle i den ikkje-retta teksten. 219 kortvers er bevarte, dermed er det *of/um*-partiklar i 4 av 219 = 1,8 % av alle versa i kvadet, som i kvad frå tida ved årtusenskiftet (Hallfreðr hadde 2,2 % i gjennomsnitt). — Kuhn nemnde at *Jómsv.* og kanskje *Óldr.* har *of kom* i ei tyding, ‘bringa’, som me elles bare kjenner til frå Eggjasteinen og skaldar på 800- og 900-talet (1929:40f).

2. Kvadet har fire tilfelle av hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet: *gr̄um* (8:8); *trúu* (9:8; 12:8); *óf̄um* (21:5). I *Bergsbók* er det bare brukt samantrekte former, men då får verselinjene for få stavingar, Finnur førte dei opp med hiatus for å få metrikk til å stemma. Andre 1100-talsskaldar har alltid samantrekte former i desse orda. På 1100-talet er *Óldr.* eit konservativt unntak, skriv Myrvoll, og legg til at *Óldr.* ikkje har samantrekte former i ord som hadde hiatus på 1000-talet (2014:328).

3. I *Bergsbók* er preposisjonane *firi/fyrir* og *vndir*, men dei fleste stadene stemmer det ikkje med metrikk. Finnur retta fem stader til *fyr* (3:4; 7:6; 23:7; 24:7; 26:2) og lot det stå *fyrir* éin stad (19:8). *Undir* (23:4) lot han stå (*Skj.* AI:573-578; *Skj.* BI:567-574). Dette kan høve både med 1000-talet og 1100-talet, men den store overvekta av *fyr* peikar mot 1000-talet. 1200-talet passar ikkje.

4. *Bergsbók*-versjonen har ikkje enklitisk *ek*, men det må vera enklitiske former fem stader dersom metrikk skal stemma: *biðk* (1:1), *vilk* (2:5), *frák* (18:7), *hefk* (26:1), *vissak* (27:6). Éin enkelt stad (20:5) står eit ikkje-enklitisk *ek* som passar med metrikk. Det gir enklitisk *ek* i 5 av 6 tilfelle, 83,3 %. Finnur peika som nemnt på at enklitisk *ek* var vanleg i tidleg norrøn tid, blei sjeldnare på 1100-talet og forsvann heilt på 1200-talet (1933:40-44).

5. I den ikkje-retta teksten har *Óldr.* mange innrim der *a* og *q* må oppfattast som same vokal. Fleirtalet står i jamne vers og kan ikkje vera skothendingar (halvrim); Myrvoll tel sju slike, dei utgjer 11,1 % av innrima med *a* (2014:152). Innrim *a:q* var vanleg i tidleg norrøn tid, skriv Myrvoll, på 1000-talet blei det færre. «Brådst er likevel endringi i yvergangen til 1100-talet, då flestalle

skaldane og kvædi ligg godt under 10 prosent *a:q*-rim av *a*-rimi. Eit undantak til dette er *Óláfs drápa Tryggvasonar*.» det tyder på at kvadet er eldre enn antatt, skriv Myrvoll (2014:153).

6. For å få til innrim måtte Finnur retta *olafr* (3:4) til *Áleifr* og *gvds* (9:8) til *goðs*. Det stemmer med språket på Hallfreðs tid, men ikkje med 1100-talet. Hallfreðr brukte *Áleifr*.

7. Myrvoll skriv om doble hendingar (innrim) i ujamne vers: «Med undantak av 3 døme hjå Hallfrøðr, Einarr Skúlason og i den anonyme *Óláfs drápa Tryggvasonar* fyrekjem alle doble aðalhendingar i jamne vers,..» (2014:102). Her er *Óldr*. på linje med den angivelege skalden, Hallfreðr. Myrvoll viser at doble hendingar (av alle slag) er eit gamalvore trekk (smst. s. 103).

8. *Óldr*. har 13 aðalhendingar (heilrim) i ujamne vers, det vil seia i 10 % av alle overleverte ujamne vers. Ifølgje Heslop kan det tyda på at skalden ikkje meistra faget (2012b:1031). Myrvoll skriv at aðalhendingar i ujamne vers var vanleg hos dei eldste skaldane, og forsvann etter 1000-talet. I andre halvdel av 1100-talet er aðalhendingar i ujamne vers «særs sjeldan», skriv han (Myrvoll 2014:132).

9. *Óldr*. har fire døme på *brestr erfíði Austra*, det vil seia innrim der det fyrste innrimet fell på ein trykklett posisjon. Det blir i 25 % av dei tilfella der dette var mulig (Myrvoll 2014:229). Hallfreðs kjende kvad har ingen. Slike innrim er fråverande i diktinga frå 800-900-talet (bortsett frå tre tvilsame døme på 900-talet; smst. s. 221; 225). Dei kom fyrst på 1000-talet, «og då kjem dei tett i tett» (smst. s. 226), det fyrste kjende tilfellet er frå *Víkings vísur* av Sigvatr, dikta 1014-1015 (Hallfreðr døyddi rundt 1007). Nett på 1000-talet blei denne versteknikken mest brukt, i 20 % av alle situasjonar, ifølgje Myrvoll, nesten like ofte på 1100-talet (19 %), og litt færre på 1200-talet, 16 % (mine utrekningar etter tabellen hos Myrvoll 2014:229f). Dette høver med andre ord like godt på både 1000-talet, 1100-talet og 1200-talet, men dårleg på Hallfreðr med mindre han tydde til eit nytt versteknisk grep i eitt av sine aller siste kvad. Han var ein skald som viste ei særleg evne til å fornya seg, skreiv Finnur Jónsson (1920:553).

10. Eg tel 68-112 kenningar i *Óldr*.; 68 viss me lar vera å telja kenningar som er kenneord inne i andre kenningar, 112 viss me tal tel alle kenningar, også dei

som er kenneord inne i andre). 5-9 av dei (talde på dei same alternative måtane) inneheld heidensk mytologisk innhald, når me held oss til namna på Fidjestøls liste (1999:289ff); sjå vedlegg (1). Om me tar med *fagrþjórf Rögnis* (27), etter ei tekstretting Finnur gjorde, får me 6-10 kenningar med heidensk mytologisk innhald. Uansett korleis me reknar, får me at 7,35-8,93 % av alle kenningane i kvadet hadde heidensk mytologisk innhald (sjå utrekningane i vedlegg 1), som ifølgje Fidjestøls tal (1999:292) ligg ein stad mellom nivået på 1000-talet (10-13 %) og 1100-talet (rundt 4-5 %), eller mellom nivået på 1100-talet og fyrste halvdel av 1200-talet (10-13 %). Det er vanskeleg å vita kor mykje vekt me kan leggja på slike tal når me ikkje har meir enn vel 100 kenningar totalt, men tala motseier i alle fall ikkje kva dei andre trekka antyder.

Gade skriv at *oflum*-partikkelen i *Óldr.* (samt i *Jómsv.* og *StjO.*) stort sett er brukt i versetypar der slik partikkelbruk var vanleg på 800-900-talet, men ikkje etter 1000-talet (2001:65). Ho tolkar det som at skalden har *kopiert* trekk frå eldre dikting, særleg sidan det éin gong står ‘fyrir’ som preposisjon og rimteknikken *brestr erfiði Austra* er nytta (med verselinje av ein type ho kallar XC); det tyder etter hennar meining på at kvadet er verket til ein 1100-tals skald som prøvde å etterlikna eldre dikting, men ikkje makta gjera det konsekvent (smst. s. 71). Ho nemner ikkje at kvadet har fire ‘fyr’ mot det eine ‘fyrir’, noko som tyder på at det er dikta i ei overgangstid, og helst tidleg i overgangstida, som ho sjølv meiner tok til på 1000-talet (smst. s. 69), heller ikkje at verselinja ho kallar XC ifølgje hennar eigne tal var mest populær på 1000-talet (smst. s. 67). Hennar eigne tal tyder med andre ord på at 1000-talet er den mest sannsynlege opphavstida for dette kvadet.

Skal me summera opp dette, ser me at ingenting er i vegen for at *Óldr.* (i *Bergsbók*) kan vera dikta tidleg på 1000-talet. Bare to av dei undersøkte trekka passar med datering til 1200-talet (*brestr erfiði Austra*-teknikken og kenningbruken), alle dei andre gjer slik datering lite truleg. Fleire trekk passar dårleg også med datering til 1100-talet. Alt i alt er det mest sannsynleg at dette kvadet blei dikta på 1000-talet. Det einaste som er i vegen for at Hallfreðr kan ha vore skalden, slik det står i handskriftet, er at han i så fall i eit av sine siste kvad må ha nytta ein versteknikk han ikkje hadde brukt før, innrim der det fyrste rimordet låg

på trykklett posisjon. Men nett ein fornyar som Hallfreðr kunne ha funne på noko slikt, og teknikken blei brått populær alt i tiåret etter at Hallfreðr døydde. Enten han var skalden eller ikkje, er det godt samsvar mellom omfanget av *of/um*-partikkelen og andre trekk der me kan datera endringar med nokolunde visse. Dersom dette er medvitne arkaismar, er dei gjennomførte ved alle trekk som moderne filologar kan datera, og i alle tilfella slik at dei høver med 1000-talet.

### **Rekstefja (Rst.)**

Kvadet har 35 strofer og er dikta av Hallar-Steinn, ein skald me elles ikkje veit noko om, og ikkje veit når levde. Det er overlevert i *Bergsbók*; 24 strofer står også i *Óláfs saga Tryggvasonar en mesta*. Versemålet er *þviskelft*. Kvadet blir datert til 1100-talet. Lat oss sjå på språk, metriske trekk og kenningbruk:

1. Kvadet har tre *of/um*-partiklar: *of nam* (6:6); *of vandak* (8:3); *of galt* (8:6). Det blir *of/um*-partiklar i 1,0% av dei overleverte 298 verselinjene, noko som er sær s uvanleg for 1100-talet, men eksakt på gjennomsnittet for 1000-talet.

2. Kvadet har eitt døme på samantrekt form i ord som hadde hiatus på 1000-talet og ingen døme på det motsette (Myrvoll 2014:319). Så å seia ingen skaldekvad frå 1000-talet har samantrekte former i slike ord. 1100-talet høver best.

3. Kvadet har konsekvent *und* (i stefet), ingen *undir*, og elles korkje *ept/eptir* eller *fyr/fyrir*. Dette høver med 1000-talet og fyrste halvdel av 1100-talet.

4. Enklitisk *ek* er brukt 10 gonger, ikkje-enklitisk 4 gonger. Det tyder på at kvadet ikkje er yngre enn frå 1100-talet.

5. Kvadet har aðalhendingar der *a* rimar på *q* i 3,9 % av alle innrim på *a* (Myrvoll 2014:152). *Rolf Stavnem* skriv at slike rim peikar mot 1100-1200-talet (2012:894). Myrvoll har vist at *a:q*-rim tvert om er typisk for kvad frå før 1100, blei sjeldnare på 1100-talet og ikkje fanst på 1200-talet (2014:153). Skalden må ha oppfatta *a* og *q* som same vokal, men 4 % slike rim er ikkje meir enn kva som enno var vanleg på 1100-talet (smst. s. 152).

6. To stader må det stå *Áláfr* om me skal få aðalhending, slik me ventar i jamne vers: str. 3:8 (*Óláfr:stǫlum*) og str. 8:46 (*Óláfr:dála*). På 1000-talet eller tidlegare ville dei sagt *Ál:stál-*; *Ál:dál-*. Men i stefet rimar *Óláfr* på *sólar*, og i 2:8 er rimet *Óláfr:stóll* (kanskje kunne *stál*, ‘skipsstamn’, gitt meining). Forma ‘Óláfr’ er kjent

frå seint 1000-tal (Stavnem 2012:900). Kvadet har dessutan *Porkatli* (str. 29).

7. Kvadet har mange aðalhendingar i ujamne vers (Stavnem 2012:896).

Myrvoll viser at det blei sjeldant etter 1000-talet og så forsvann (2014:132). Han talde 26 aðalhendingar i dei 149 ujamne versa i *Rst.* (då er stefet bare rekna éin gong, ikkje gjentakingane), det gir aðalhendingar i heile 17 % av dei ujamne versa. Eit så høgt innslag var vanleg på 900- og 1000-talet (snittet var då 13 %), men ikkje på 1100-talet (snittet var då 8 %). Bare 1100-tals kvad med uviss alder har tilnærmeelsesvis like høgt innslag (*Óldr.* 11 %, *Ísldr.* 13 %, vers frå *Njáls saga* 16 %). Elles kjem bare Ragnvaldr jarl (11 %) og *Placidusdrápa* (12 %) over 10 %, av kjende 1100-talskvad (Myrvoll 2014:125; 127; 129).

8. Kvadet har ikkje eksempel på innrimstypen *brestr erfiði Austra*.

9. Kvadet har 75-119 kenningar, av dei 14-30 med heidensk mytologisk innhald (sjå vedlegg 1). Det gir 18,67-25,21 % kenningar med heidensk mytologisk innhald, avhengig av om ein tel kenningar inne i kenningar kvar for seg eller ikkje. Det er langt meir enn kva som var vanleg i kristen tid (aldri meir enn 10-13 %), det nærmar seg nivået på 900-talet (rundt 30 %). Kvadet er sjølv sagt frå kristen tid. Dette viser at sjølv eit hundretals kenningar ikkje er nok om ein ønskjer å bruka dette som hjelpemiddel til å datera eit kvad.

Det høge innslaget *of/um*-partiklar i kvadet peikar mot 1000-talet, dei mange aðalhendingane i ujamne vers likeeins, dei andre trekka peikar dels mot 1000-talet og dels mot 1100-talet. Bare mangelen på hiatus verkar framandt på 1000-talet. Alt i alt er ei datering til 1100-talet meir sannsynleg enn til 1000-talet. Sidan alt peikar mot enten 1000- eller 1100-talet (når me ser bort frå kenningbruken, der talmaterialet er for lite til at me kan bygga på det), blir konklusjonen at det bare er svakt misforhold i kvadet mellom bruken av *of/um*-partiklar og andre språklege eller verstekniske trekk som kan daterast.

### ***Íslendingadrápa (Ísldr.)***

Me har bevart 26 strofer av *Íslendingadrápa*, dikta av Haukr Valdísarson, ein skald me elles ikkje veit noko om og ikkje veit når levde. Kvadet, som ikkje er fullstendig, finst bare i hs. *AM 748 4to* (Finnur Jónsson 1923:107). Det handlar om personar frå Islands eldste historie. Dei fleste levde på 900-talet, dei siste som

er nemnde, levde rundt 1030 (Gretti Ásmundarson, Þórsteinn Siðu-Hallsson, Þórarinn kappi Steinarsson). Vidgjetne islendingar frá tider etter dette, som Sæmundr fróði eller bispane Ísleifr og Gizur, er ikkje nemnde. Følgjande trekk kan seia noko om alderen på kvadet:

1. *Of/um*-partikkelen er brukt to stader: *of hlýra* (17:5) og *of felda* (23:5), det blir i 1,0 % av alle dei overleverte verselinjene, eksakt på gjennomsnittet for 1000-talet. Det er spesielt at kvadet bruker *of/um*-partikkel føre eit nomen (*hlýra*), det var det elles slutt på ved midten av 1000-talet, det einaste dømet som kan vera yngre, er elles frå ei lausavísa av Einarr Skúlason (*of svangan*) (Kuhn 1929:33). Einars *of svangan* er òg det einaste dømet på at *of/um* er brukt føre eit nomen som aldri hadde trykksvak forstaving i eldre germansk (smst.), noko som kan tyda på at han tok etter eldre skaldar utan å vita korleis denne forstavinga skulle brukast. I *Íslidr.* er *of* brukt i samsvar med bruken av trykksvak forstaving i eldre germansk. Dette er eit svakt argument for at kvadet kan vera dikta på midten av 1000-talet; at *of/um*-partiklar er brukt i snitt i 1,0 % av verselinjene, peikar i same leia (men tala er små, me må ikkje leggja for mykje vekt på dei).

2. Kvadet har hiatus i eitt ord som har samantrekt form på 1100-talet (*ófǫum*, 19:8), men også eitt eksempel på samantrekt form: *tvá* (Myrvoll 2014:319, 322f). Skiftet i desse orda skjedde på 1100-talet (smst. s. 328).

3. Preposisjonane er éin stad *fyr* (1:1), éin stad *fyrir* (15:6), éin stad *ept* (21:6). Det er spesielt grunn til å merka seg det siste; skiftet *ept* > *eptir* ser ut til å vera eldre enn skiftet i dei to andre preposisjonane. Dette peikar helst mot 1000-talet, sjølv om me ikkje kan utelukka at kvadet kan vera dikta på 1100-talet.

4. Enklitisk *es*, *vas* og *ek* er gjennomført (12 stader enklitisk *ek*, ingen stad ikkje-enklitisk). Det peikar helst mot 1000-talet og neppe seinare enn 1100-talet; jamfør Finnur Jónsson 1933:44f.

5. Kvadet har mange innrim *a:ǫ*. Omfanget er likevel ikkje større enn kva som enno var vanleg på 1100-talet (3,7 % av alle rima på *a*; Myrvoll 2014:152).

6. Av gamle ordformer merker eg meg *Þorkatli* (gen. av *Þórketill*; 5. str.).

7. Etter måten mange aðalhendingar i ujamne vers, 13 % ifølgje Myrvoll (2014:129). Det svarar til gjennomsnittet på 1000-talet og er uvanleg høgt for 1100-talet (smst. s. 127).

8. Haukr Valdísarson nytta den innrimsteknikken som er kalla *brestr erfiði Austra* i 13 % av situasjonane der dette er mulig (Myrvoll 2014:229), heilt normalt for både 1000-, 1100- og 1200-talet.

9. *Ísldr.* har 91-126 kenningar (talde på same måte som i *Óldr.* og *Rst.*), av dei 20-25 med heidensk mytologisk innhald (sjå vedlegg 1). Det gir 19,84-21,98 %, midt mellom nivået på 900-talet og 1000-talet. Eit kvad som omtaler islendingar som levde rundt 1030, kan ikkje vera så gamalt som ein slik prosent antyder. Det bekreftar at eit hundretal kenningar er for lite dersom me ønskjer å bruka innslaget av heidensk mytologi sm hjelpemiddel til å datera eit kvad.

Det meste peikar mot at *Íslendingadrápa* er dikta på 1000-talet. Det kan òg forklara korfor ingen vidgjeten islending frå tida etter rundt 1030 er nemnde (men dei kan ha vore nemnde, i strofer som er tapt). Yngre enn 1100-talet er det ikkje. Det er nokså godt samsvar mellom alderen som *offum*-partiklane antyder og alderen som alle andre trekk antyder, når me ser bort frå kenningbruken.

### ***Jómsvíkingadrápa (Jómsv.)***

*Jómsv.* er ikkje fullstendig overlevert. 40 strofer står i *SnE.* (men bare i handskriftet *Codex Regius*), 18 strofer (av dei fem som ikkje står i *SnE.*) er gjengitt i *Óláfs saga Tryggvasonar en mesta* (Lethbridge 2012:954f). Den sagaen er overlevert i sju handskrift frå mellomalderen, *Jòmsv.* står i fire av desse: *AM 53 fol.*, *AM 54 fol.*, *AM 61 fol.* og *Bergsbók* (= *Holm. perg. 1 fol.*; sjå *SkP* <https://skaldic.abdn.ac.uk/db.php?id=1122&if=default&table=text&val=mss>). I dei tre siste av desse hss. står det at kvadet blei dikta av Bjarni biskup, som må vera orknøybiskopen Bjarni Kolbeinsson (fødd 1150/1160, døydd 1223).

Enkelte trekk stemmer dårleg med at det skal vera dikta av ein orknøyving i tiåra kort før eller etter 1200. Det gjeld særleg dei mange orda på *hl-*, *hr-* og *hv-* som rimar på andre ord på *h-* (Petersens 1879:129f; Lethbridge 2012:956). Eg har talt 22 slike rim. Forskarane meiner *h-* hadde falle bort i *hl-*, *hr-*, *hv-* i orknøyisk på 1100-talet (M. Olsen 1932:151ff). *Ólafur Halldórsson* opnar derfor for at det ikkje var Bjarni byskup, men ein ukjent islending, som dikta kvadet (1969:27). På islandsk var, og er, innleiande *hl-*, *hr-* og *hv-* vanleg. Bjarni byskup er omtala i fleire kjelder, men han er ikkje kjend for å ha dikta andre kvad (*SkP* 1:954).

Verse målet er *munnvǫrþ*. I det verse målet var hendingsbrúken svært fri. Ved dette kvadet vil eg derfor bare sjá på *of/um*-partiklar, hiatus i ord som fekk samantrekte former p 1100-talet, preposisjonane *ept(ir)*, *fyr(ir)* og *und(ir)*, enklitisk *ek*, andre gamle ordformer og kenningar med heidensk mytologisk innhald. Eg ser ikkje p metrikken.

1. *Jómsv.* har *of/um*-partiklar i fire verselinjer: *of færa* (1:6); *of kþmr* (stefet); *of vann* (34:5); *of þiggja* (43:4) — gjentakningar ikkje talde. Me har bevart 324 ikkje-repeterte verselinjer av kvadet, det gir *of/um*-partikkel i  $4:324 = 1,25\%$  av verselinjene. Det høver best med fyrste halvdel av 1000-talet (eller slutten p 900-talet), og er ikkje kva ein skulle venta i eit kvad fr rundt 1200. Gade meinte som nemnt at brúken av *of/um*-partiklane er best i samsvar med 800-900-talskvad, og dårleg med kvad fr 1100-1200-talet (2001:65), Kuhn at *Jómsv.* nyttar *of kþmr* i ei tyding ‘bringa’ som elles er ukjend hos skaldar etter 900-talet (1929:40f).

2. Kvadet inneheld ikkje ord der hiatus i løpet av 1100-talet blei avløyst av samantrekte former (Myrvoll 2014:319). Dette seier derfor ingenting om alderen.

3. *Fyr* er brukt 14 gonger, aldri *fyrir*; *und* er brukt éin gong, aldri *undir*, ingen *ept*. *Eptir* st to gonger som tidsadverb (37:5; 39:1), men aldri som preposisjon. Det tyder p ei datering før 1100-talet, og i alle fall før andre halvdel av 1100-talet.

4. Kvadet har gjennomfrt enklitisk bruk av *ek*. Fyrste person av pronomenet er brukt 26 gonger, enklitisk i 25 av dei. Slik bruk tok slutt før 1200-talet.

5. Av gamle ordformer har kvadet *Þorketill* (14:8; 42:2), men det har òg *Þorkell* (9:4). Det er eit svakt argument for  skyva alderen bakover i tid.

6. Kvadet har 58-70 kenningar, av dei 7 kenningar med heidensk mytologisk innhald (sj vedlegg 1). Me fr 10-12,07% kenningar med heidensk mytologisk innhald, alt etter korleis me tel. Gudinnenamnet *Gn* st ikkje p lista hos Fidjestl (1999:289ff); reknar me med henne (kenningen *Gn hringa*, ‘kvinne’; str. 42), blir det 8 kenningar med heidensk mytologisk innhald (13,79% heidensk). Det passar godt med bde 1000-talet og fyrste halvdel av 1200-talet (i begge periodar lg prosenten p 10-13), men som me har sett fr *Rst.* og *Ísldr.*, har me knapt grunnlag til  konkludera om alderen nr me ikkje har fleire kenningar enn dette.

Av desse seks trekka er det bare kenningbruken som kan høva med ei datering til dei fyrste tiåra på 1200-talet, mens både kenningbruken og dei andre trekka passar godt med 1000-talet. Som sagt kan me ikkje leggja vekt på kenningbruken. Preposisjonsbruken og enklitisk bruk av *ek* passar ikkje i det heile med ei datering til 1200-talet, og ei plassering på 1100-talet passar heller dårleg både med preposisjonsbruken (burde i så fall vore tidleg 1100-tal) og bruken av *of/um*-partikkelen. Det einaste som kan passa med at Bjarni byskup skal ha vore skalden, kenningbruken, er også det einaste me ikkje kan leggja vekt på! Ólafur Halldórsson har som nemnt foreslått at det ikkje var biskopen, men ein islending som dikta kvadet. I *Orkneyinga saga* blir biskopen kalla *Bjarni skáld* (*SkP* 1:954). Me kjenner ein islending, Bjarni skáld som levde rundt år 1000, han var skald hos Olav Trygvason (*Skáldatal*) som han dikta ei drápa om (*Rst.*) og han hadde røke uklar med Hákon Ladejarl (*Íslodr.*). Kan nokon ha forveksla Bjarni byskup og Bjarni skáld? Lat det stå som ein hypotese.

Det er godt samsvar mellom kva alder dei undersøkte trekka antyder. Dei peikar helst mot 1000-talet. Dersom kvadet blei dikta av ein orknøybiskop som medvite la inn fleire arkaismar, har han gjennomført dei med stor konsekvens.

### ***Stjórnu-Odda draumr (StjO)***

*StjO.* er to anonyme kvad som ikkje nemner Stjórnu-Oddi og ikkje treng vera dikta av han, endå dei i ettertid fekk namn etter han. Dei er gjengitt i handskrifta *AM 555 4ox* og *AM 563 4to* (*Skj.* BI:208n; *SkP* <https://skaldic.abdn.ac.uk/db.php?id=5405&if=default&table=verses&val=>). I prosaen føre kvadet står det at det var Stjórnu-Oddi (døydde rundt 1140/1150) som dikta kvada etter ein draum han hadde hatt. Det er eitt kvad på fem strofer (*StjO. I*, 40 vers) i versemålet *kviðuhátt* og eitt på elleve strofer (*StjO. II*, 88 vers) i versemålet *dróttkvétt*. Finnur Jónsson daterer kvada til 1200-talet, for då blei det dikta fleire slike draumekvad (1923:184-187). No daterte Finnur enkelte andre draume- eller varselsvers til så tidleg som 1008 og elles til 1000-talet (*Skj.* AI:428-431; BI:398-401). Då kan me ikkje utelukka at også *StjO.* kan vera så gamalt. Me finn desse trekka i kvadet (neste side):

1. Kvada har *of/um*-partikkel i 3 av dei 128 overleverte verselinjene (*of nam, of vá, of firðisk*), det vil seia  $3:128 = 2,34\%$  av alle versa. Me skal vera forsiktig med å trekka konklusjonar når kvadet er så kort, men det passar best på 900-talet eller dei fyrste tiåra på 1000-talet. Det var også Gades meining (2001:65).

2. Eg finn ikkje eksempel på hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, men to stader samantrekte former som stemmer med metrikken, *kviðuhátt*, som har tre stavingar i ujamne vers: *ok til fjár* (*StjO. I 1:5*), *af því fé* (*StjO. I 3:5*). Det tyder helst på at kvadet ikkje er dikta tidlegare enn 1100-talet. Men sjå òg punkt 6 (under).

3. Preposisjonane er to stader *fyr* (*StjO. II 3:1; 7:3*) og éin stad *fyrir* (*StjO. II 2:4*); éin stad *und* (*StjO. II 4:7*), ingen *undir*. Korkje *ept* eller *eptir*. Det peikar helst mot 1000-talet eller tidlegare, og ikkje seinare enn fyrste halvdel av 1100-talet.

4. *Ek* er brukt enklitisk 4 gonger: *sák* (*StjO. II 2:5*); *leitk* (*StjO. II 9:1*); *sték* (*StjO. II 10:1*); *sagðak* (*StjO. II 10:5*). Det tyder på at kvadet neppe er dikta seinare enn på 1100-talet.

5. Kvadet bryt regelen om at det alltid skal vera skothendingar i ujamne og aðalhendingar i jamne vers, derfor kan me ikkje vita om *q* blei oppfatta som *a*.

6. Det er enkelte gamle ordformer i kvadet: *svát* (*StjO. I 4:5; 6:2*) og *þvít* (*StjO. II 7:4*). Ifølgje *R.D. Fulk* er *svát* og *þvít* eldre for *svá at* og *því at* (*Fulk 2016:266*). Versemålet krev einstavingsord alle dei tre stadene, så det er grunn til å tru at vendingane er opphavlege, endå dei ikkje stemmer med daglegtalet på nedskrivningstidspunktet.

7. Mange verselinjer manglar hendingar, tilmed i enkelte jamne vers. Tre stader er det skothendingar i staden for aðalhendingar i dei jamne versa (*StjO. II 5:4; 10:6; 11:4*). Samtidig er det tre stader aðalhendingar i dei ujamne versa (alle i str. 12). Finnur Jónsson forklarar dei mange uregelmessige rima med at dette var dikta i draume, eventuelt at dei var etterlikningar etter gamle kvad (1923:187). Myrvoll har vist at slike brot på reglane Snorri gjorde greie for i *SnE.*, tyder på at kvadet er gammalt (2014:127-130). Mange stader rimar skothendingen i det ujamne verset på to aðalhendingar i det jamne verset som følgjer etter; det er òg eit gamalvorent drag, og peikar helst mot 900-talet, kanskje 1000-talet, om me skal bygga

på funna hos Myrvoll (2014:128). Det verkar framandt på 1200-talet. Myrvoll kommenterer ikkje *StjO*.

8. To stader er det brukt kenningar med slikt heidensk mytologisk innhald som Fidjestøl listar opp (1999:289ff). I tillegg er Odins-namnet *Geirvaldr* nytta i kenning éin stad og éin stad står det *geisli Ægis*; Geirvaldr og Ægir står ikkje på lista til Fidjestøl. Kvadet har bare 14-15 kenningar, så det blir meiningslaust å rekna ut presentar.

Alt i alt stemmer dette dårleg med 1200-talet, og langt betre med 1000-talet. Enkelte trekk (*of/um*-partikkelen, preposisjonsbruken, gamle ordformer, skot- og aðalhendingar brukt uregelmessig om me følgjer reglane i *SnE*.) peikar helst mot 1000-talet (eller tidlegare), mangelen på hiatus antyder 1100-talet, enklitisk bruk av *ek* passar like godt på både 1000- og 1100-talet. Om dette sprikar noko, er det ikkje meir enn at nokre trekk peikar mest mot 1000-talet, andre mot 1100-talet.

### **Konklusjon om medvitne arkaismar**

Gjennomgangen av desse fem kvada viser at det er høveleg godt samsvar mellom dateringar som alle dei undersøkte trekka antyder for det enkelte kvadet. I den grad det er noko sprik, er det fordi nokre trekk peikar mot 1000-talet og andre mot 1100-talet. *Óldr.* viser særleg godt samsvar mellom alle trekka, noko som er eit tungt argument for å datera kvadet til 1000-talet, slik den einaste kjelda (*Bergsbók*) gjer. *Jómsv.* viser så påfallande tydelege teikn på å vera dikta på 1000-talet at ein må spørja om overleveringa har blanda saman Bjarni skáld og Bjarni byskup, og gitt den siste æra for noko den fyrste dikta. Det får vera ein hypotese som ikkje kan bevisast. Hadde dei arkaiske formene i nokon av kvada vore medvitne arkaismar, burde det vore større sprik mellom kva alder dei ulike undersøkte trekka antyda. Undersøkinga gir ikkje støtte til teoriane om at det er medvitne arkaismar i nokon av desse kvada.



## 5. BOLK: *OF/UM*-PARTIKKELEN (II): EDDAKVAD

I kvad står *of/um*-partiklane alltid i trykklett posisjon, og dei er restar etter dei trykksvake forstavingane i eldre germansk — det er forskarane samde om (Kuhn 1929:43; Dal 1930a; 1930b:182; Christiansen 1960:340; Gade 2002:866). Kuhn påviste at dei bare står føre substantiv, adjektiv og verb. Føre substantiv står dei bare føre substantiv med sosiativt eller kollektivt innhald eller verbalabstrakt, og både føre substantiv og adjektiv står dei bare føre slike som hadde trykksvak forstaving i eldre germansk — med eitt unntak: Einarr Skúlason nytta vendinga *of svangan* i ei lausavísa midt på 1100-talet ein gong (Kuhn 1929:25-33). *Of/um* blei aldri brukt føre samansette ord, trestavingsord eller attributt (smst. s. 32; 44). Føre verb blei *of/um* brukt føre infinitiv, presens, preteritum og perfektum partisipp, men aldri føre imperativ eller presens partisipp og aldri føre verb med etterhengd nektingsledd (smst. s. 34-43; 44). Så langt er alle forskarar einige.

Usemjá gjeld tre ting. Dei fleste meiner partiklane ikkje tilførte utsagna meining, mens Dal (1930a; 1930b) meinte dei kunne gjera det. Kuhn skreiv at «fyllorda» utelukkande blei nytta i kvad, aldri i prosa, mens Dal kom til at partiklane blei brukt både i kvad og prosa, og på same måte i begge tilfelle (Kuhn 1929:2; 105; 126; Dal 1930a:35-62; 86; 1930b:181f; 187). Dessutan hadde Kuhn (1929), Dal (1930a) og Christiansen (1960) ulike teoriar om korleis *of/um* hadde komme i staden for dei eldre trykksvake forstavingane. Det siste lar eg ligga.

Kuhn undersøkte korleis partiklane blei plasserte i både edda- og skaldekvad, påviste at dei alltid stod i trykklett posisjon, hevda dei hadde forsvunne i daglegspråket etter 800-talet, og konkluderte med at den einaste funksjon dei etter det hadde, var å vera fyllord (ekspletive partiklar) som skulle fylla senkingar i versemålet (1929:79; 100; 102). Sagt med andre ord, var dei rytme-fyll som bevarte rytmikken i verset. Dal sette konsekvent «ekspletiv partikkel» i hermeteikn. Gir oppfatninga av desse partiklane som fyllord ei fullgod forklaring på funksjonen deira?

## *Of/um*-partikkelen som fyllord

Dersom forklaringa som fyllord var tilstrekkeleg, skulle me venta at *of/um*-partikkelen blei brukt vilkårleg og kunne dukka opp kor som helst i trykklette posisjonar. Det er det ingen forskarar som meiner. Dei står bare føre visse ord, og det står aldri andre ord mellom partikkelen og følgjeordet. Derfor gir ikkje karakteristikken som 'fyllord' tilstrekkeleg forklaring på bruken, forklaringa må supplerast. Forklaringa 'fyllord' reiser samtidig andre problem:

- Er det sant at «fyllorda» bare blei nytta i kvad, aldri i prosa?
- Stemmer det at «fyllorda» alltid bevarte (og ikkje endra) rytmen i versemålet?
- Korfor skulle meisterskaldane på 800-900-talet nytta fyllord? Skaldane i hundreåra etter, skaldar som ikkje blei akta like høgt, klarte seg utan.

Eg vil fyrst drøfta desse problema; viser det seg at forklaringa som 'fyllord' er lite tilfredsstillande, må me sjå etter andre forklaringar. Då vil eg spesielt undersøka bruken av partiklane i eddakvada, og sjå om dei der kan ha ein tilsvarande funksjon som dei trykklette forstavingane hadde i eldre germansk.

### *Of/um*-partikkelen i prosa

Det er semje om at *of/um* blei nytta føre verb også i prosa, Kuhn (1929) lista opp fleire døme, Dal (1930a) lista opp meir enn 100, men dei var ikkje samde i om desse var same slags partiklar som i kvada. Kuhn skilde mellom det han kalla «fyllord» (Füllwort), som han meinte bare blei brukt i kvad, og det han kalla *potensial of*, brukt i kvad og prosa. Når den omtala handlinga enno ikkje var gjennomført, bare *tenkt* gjennomført, var den *potensial*, ikkje *perfektiv* (*perfektiv*: gjennomført, fullført), følgjeleg fylte *of/um* i slike høve ein annan funksjon enn der den var ein rest etter den *perfektive* forstavinga (Kuhn 1929:123ff). I praksis hadde Kuhn problem med å skilja mellom «fyllord» og «*potensial of*»: «In vielen Fällen ist nicht zu entscheiden, ob Füllwort oder potenciales *of* vorliegt» (1929:122). Fidjestøl kommenterte Kuhns hypotese om eit slikt skilje: «If this hypothesis is correct, the two words ought to be kept strictly apart for statistical purposes, but since potential *of* also occurs before verbs where the particle may occur as well, there is no means to keep the two entirely separate,...» (1999:207f).

Kuhns skilje føreset (1) at «fyllordet» ikkje kan nyttast i potensiale utsagn fordi det enno har ein perfektiv funksjon, (2) at norrønt ikkje kunne nytta perfektiv forstaving i situasjonar som bare var *tenkt* gjennomførte, og (3) at norrøn prosa ikkje har døme på *of/um* brukt føre verb der *gjennomførte*, fortidige handlingar er omtala i indikativ. Det inneber for det fyrste at fyllordet ikkje er reint fyllord — sidan det enno har perfektiv funksjon. For det andre at perfektiv forstaving ikkje kan nyttast i potensial modus, f.eks. i konjunktiv. Men i germanske språk er det ingen problem med å nytta den perfekteive forstavinga *ge-* i konjunktiv, t.d. på tysk: «Er hätte es getan können». For det tredje at norrøn prosa aldri nytta *of/um* føre verb når gjennomførte fortidige handlingar blei omtalte i indikativ. Dersom desse føresetnadene sviktar, sviktar også Kuhns teori om ein særskilt «potensial *of*» som noko vesensforskjellig frå «fyllorda» *of/um*.

Blant Dals meir enn 100 døme på at *of/um* er brukt føre verb i prosa, er òg eit stort tal der gjennomførte fortidige handlingar er omtalte, og modus er indikativ.

Fyrst eit døme frå *Njáls saga*. Flosi har brunne Njál og huslyden hans inne, dei rid vekk frå staden og treffer Ingjaldr på Keldur, som Flosi meiner har svike han, og Flosi bryt ut:

«...mér þykkir þú við vant um kominn» (*Njáls saga* kap. 130:30; Dal 1930a:29).

«Vant um kominn» tyder ‘kommen i vanskar, hamna i trøbbel’. Det blir ei trefning, men Ingjaldr overlever mens brorson til Flosi blir drepen. ‘Um’ kan markera alvoret i situasjonen.

Den islandske homilieboka gjengir blant anna historia om då Heilaganda kom over apostlane på den fyrste pinsedagen:

«en hver þióp þóttesc sina tungv skilia þót hann mælte a eína. þa þóttosc þeir of skilia hvé mikill guþs crafr fylgþe mále hans.» (*Isl.Hom.* 1872:23, l. 30f; Dal 1930a:52f).

Då folk skjønnte at dei kunne oppfatta kva han sa, endå han snakka på eit anna tungemål enn dei sjølv, skjønnte dei at guds kraft måtte følgja talen hans. Dal kom-

menterte at bruken av *of* fekk fram ein forskjell på dei to høva der ‘skilja’ var nytta. Fyrste gong var ‘skilja’ nytta durativt, andre gong, med førestilt *of*, markerte det «eine plötzlich entstehende und bedeutsam empfundene Einsicht».

Om Johannes Døyparen fortel homilieboka blant anna:

«...þui gerþe guþ oc vár drotten sva. at hann sende ioan fyrst at eige of stóþosc menener ellegar biartleíc hans.» (*Isl.Hom.* 1872:14, l. 28f; Dal 1930a:53).

Gud sende Johannes fyrst, fordi ingen menneske kunne stå seg mot [forkynninga] eller glansen hans. Eg går ut frå at *standa* (pret. 3. pl. ind. refl.) har tydinga ‘stå seg imot’ (*standa* 9, Heggstad 2012:592), og at det førestilte *of* framhevar kor umulig det var å stå seg imot forkynninga hans.

Til slutt eit døme frå legendane om heilage kvinner og menn:

«...auglióst es, at Benedictus vissi leynda hluti guðs, es hann of leit, at klerkrinn vas diþfolóðr.» (*Heilag.* 1877:1:212, l.35; Dal 1930a:53).

Det er openbert at Benedictus kjende løyndomane i guds rike, sidan han såg at klerken var forgjord av djeleven. Vendinga *of leit* får her fram at Benedictus hadde ei uvanleg evne: evna til å sjå noko ingen andre kunne sjå, kommenterte Dal.

Dette er eit fåtal av dei mange døma hos Dal der gjennomførte fortidige handlingar er omtalte i indikativ. Her er det ikkje snakk om potensial modus, då er «potensial *of*» er utelukka. Bruken av ‘of/um’ i slike setningar skil seg knapt frå bruken i kvada. Kuhn argumenterte for at «potensial *of*» var utvikla frå syntaktisk bruk av forstavinga *ga/ge-* i eldre germansk, den same forstavinga som gav enkeltverb perfektiv funksjon (1929:123). Det inneber i så fall at «fyllord» og «potensial *of*» har same opphav. Dal argumenterte for at *of/um* i norrønt kunne ha perfektiverande funksjon føre enkeltverb, men òg syntaktisk funksjon i nokre høve, slik *ga/ge-* også hadde i eldre germansk (1930b:186).

Det er heller ikkje opplagt at ei perfektiverande forstaving er utelukka i potensial modus. Vendingar som «er hätte es getan können» viser noko anna, og som sagt er det i praksis vanskeleg å skilja «potensial *of*» frå «fyllord».

Konklusjonen må bli at *of/um*-partikkelen er brukt både i prosa og poesi, og på same måten i begge høve. Men det er vanskeleg å forstå korfor dei nytta *of/um*-partikkelen i prosa dersom den var reint rytmevoll.

#### *Bevarer of/um-partikkelen rytmen?*

Ja, i mange tilfelle. Men det er òg tilfelle der partikkelen endrar rytmen. *Vm.* 20:4 lyd: *hvaðan jörð um kom*, og dette verset blir gjentatt med små endringar i 22:4, 24:4, 26:4, 36:4 og 38:4. Dei fleste stadene er rytmen identisk, men *Vm.* 22:4 har *hvaðan máni um kom*, med ei staving meir enn i dei andre versa. Hadde dei *stroke* ‘um’ i 22:4, ville rytmen blitt som i dei andre versa. Eit anna problem er *Vm.* 29:2 og 35:2. Skal det stå *jörð um sköpuð* (som i *Vm.* 21:2), og skal det i så fall stå slik begge stader? I *Vm.* 29:2 står det *apr vëri iorþ scopvþ*, utan ‘um’, i *R*, mens det står *apr vëri iorþ vm scopvþ*, med ‘um’, i *A* (Bugge 1867:69n). I *Vm.* 35:2 står den same linja med ‘um’ både i *R* og *A*; dette verset står også i *SnE.*, som har ‘um’ i eitt hs., ‘of’ i staden for ‘um’ i eitt anna og korkje ‘of’ eller ‘um’ i det tredje (smst. s. 70n). *JKVO* droppar ‘um’ i *Vm.* 29 og lar det stå i *Vm.* 35. Då blir rytmen *endra* frå *Vm.* 29 til *Vm.* 35. Det ser ut som *um kom* i str. 20, 22 osv. og *um sköpuð* i str. 21, 29 og 35 høyrer så tett saman at skalden ikkje kunne droppa ‘um’ om han ville få fram den rette meininga. Ei eller anna meining må ‘um’ ha formidla.

Eit anna spørsmål er *kva for ein rytme* som eventuelt skal bevarast ved å setta inn eit fyllord. Både i *fornyrðislag* og *ljóðaháttur* er det to trykkunge stavingar i kvar kortverslinje, men talet på dei trykklette stavingane varierer mykje. I eddaskvada varierer talet på *lette* stavingar frå 1 til 9 i verselinjer med *of/um*-partikkel. Om ein set inn eller stryk ei trykksvakt staving, skapar ikkje dei store problema for versemålet. Annleis kanskje i *dróttkvætt*, der det blei fleire reglar. Men reglane i *dróttkvætt* blei utvikla over tid frå 800- til 1200-talet (Myrvoll 2014), og i løpet av det same tidsrommet forsvann bruken av *of/um*-partikkelen.

Kva skulle ein skald med rytmevoll når talet trykklette stavingar ikkje spela noka rolle? Kuhn peika på at *of/um* kunne stå i ei *overflødig* trykklett staving, og nemnde fleire døme (1929:45f). Hensikten kan ikkje ha vore å bevare rytmen. Det kan heller ikkje ha vore hensikten i kvad der talet trykklette stavingar varierte fritt. *Of/um* må ha blitt sett inn for å dekkja andre behov enn å vera rytmevoll.

### *Kva skulle meisterskaldar med fyllord?*

Dei skaldane som brukte flest «fyllord», var Bragi, Þjóðólfr ór Hvini, Egill Skallagrímsson, Eyvindr Skáldaspillir, Víga-Glúmr, Glúmr Geirason, Gísli Súrsson, Kormákr, Hallfreðr vandræðiskáld og Óttar svartí (sjá tab. 3, s. 45ff) — stort sett dei største førebilda for Snorri. Bare Sigvatr skáld blei av Snorri halde like høgt som desse, og også han hadde eit etter måten høgt innslag av «fyllord». Skaldar som ikkje blei like høgakta, klarte seg fint utan. Kva skulle desse meisterskaldane med fyllord? Var dei ikkje i stand til å få versemålet til å stemma utan? Det er vondt å tru. Då er det lettare å tru at desse småorda *hadde* ein funksjon, at dei tilførte utsagna meining, eller ein nyanse, i språket dei tala.

### *Konklusjon om «rytmefyll»*

*Of/um*-partiklane er brukt både i kvad og i norrøn prosa. Brukt i kvad kan dei både bevara og endra rytmikken. Dei blei mest nytta av meisterskaldar som knapt hadde behov for å nytta reint rytmefyll i stor stil. Dette tyder på at påstanden om at partiklane var rytmefyll, knapt kan vera rett. Dermed er det ikkje sagt at dei fungerte som trykksvake forstavingar enno i norrøn tid. Det må undersøkast, og då vil eg undersøka korleis *of/um*-partiklane er nytta i eddakvad i *Codex Regius*.

### ***Of/um*-partikkelen som trykksvak forstaving**

Vestgermanske språk har mange trykksvake forstavingar (f.eks. tysk *bekommen*, *erzählen*, *geboren*, *vergessen*; eng. *become*), opphavlege preposisjonsadverbial som etter kvart smelta saman med følgjeordet, som kunne vera substantiv, adjektiv eller verb. Slike trykksvake forstavingar fanst i urnordisk òg, men der forsvann dei fleste i løpet av synkopedida. Forstavingane har neppe felles opphav i pregermansk, men må ha komme inn i germansk noko seinare og spreidd seg frå språk til språk (Schulte 2007:10). Dei tilførte følgjeordet ein nyanse. *Ga/ge/gi-verka* perfektiverande (Kluge/Seebold 2002:334f), markerte gjennomføringa.

Perfektum partisipp blir i moderne tysk alltid markert med forstavinga *ge-*. I eldre germansk mangla forstavinga når partisippet hadde adjektivisk funksjon; forstavinga gav verbal funksjon (Dal 1930a:23-30). Prefigering var ikkje regelmessig, som i moderne tysk, i alle fall ikkje i gotisk (Dal 1930b:197). Seinare fekk

partisippet forstaving også i adjektivisk bruk, på 700-talet var slik prefigering blitt regelmessig i vestgermansk (Kuhn 1929:89). Samtidig som dette slo igjennom i vestgermansk, fekk *of/um* den same bruken også i norrøne kvad: «...daß das Präfix regelmäÙig beim part. prä. gestanden hat, übereinstimmend mit dem gleichzeitigen w.germ. Sprachgebrauch» (Kuhn 1929:89; 91).

Sidan dei trykksvake forstavingane var opphavlege preposisjonsadverbial, gav dei følgjeorda den tilleggsmeininga som preposisjonen uttrykte ('ved', 'mot', 'igjennom' osv.). Brukt føre eit intransitivt verb kunne forstavinga gi transitiv funksjon, føre eit durativt verb kunne den gi auka intensitet (Dal 1930a:22f). I gotisk og vestgermansk «står et perfektivt *ga*-verbum systematisk mot et tilsvarende durativt grunnverbum, og et transitivt *bi*-verbum mot et tilsvarende intransitivt verbum» (Christiansen 1960:341). Inkoative verb (verb på *-na* som uttrykker endra tilstand, t.d. *sovna*, *vakna*) fekk som oftast trykksvak forstaving: «Im Got. kommen unter den Verben auf *-nan* viele Komposita vor (von 58 Verba auf *-nan* sind nur 10 nicht komponiert» (Dal 1930a:15). Dessutan kunne forstavinga få syntaktisk funksjon når den blei sett føre eit verb, t.d. i gotisk (Dal 1930b:186; Kuhn 1929:123ff).

Kuhn påviste som nemnt at føre substantiv og adjektiv blei *of/um*-partikkelen brukt slik trykksvake forstavingar var brukte i andre germanske språk, med Einarr Skúlasons *of svangan* som einaste avvik (1929:25-33). *Of/um* blei elles ikkje brukt føre nomen i norrøne kvad etter midten av 1000-talet, med mulig unntak av eitt tilfelle i eit udatert kvad (*Ísldr.*). Skaldar sette ikkje lenger *of/um* føre nomen då folk i Norden rundt 1100 begynte å skriva på pergament, derfor finst det heller ikkje slike døme frå prosa.

Føre verb var situasjonen noko annleis. Føre verb blei *of/um* også brukt føre verb som ikkje hadde trykksvak forstaving i eldre germansk (Kuhn 1929:37; 44; Dal 1930b:192). Kuhn la til: «Es ist sehr schwer, festzustellen, welche Verben ursprünglich Präfix gehabt haben» (1929:43). Han slo òg fast at mens Bragi var konsekvent i bruken av *of/um* som forstaving, som derfor må ha vore nytta i daglegtale på hans tid (smst. s. 73; 94), var bruken inkonsekvent alt hos Þjóðólfr, og hos alle seinare skaldar (smst. s. 75; 79; 84). Han oppfatta det som bevis på at *of/um* hadde gått ut av språket etter Bragis tid, og då bare blei brukt som dikterisk

verkemiddel i kvad (smst. s. 100; 102). Vil ein systematisk gjennomgang av korleis *of/um* er nytta i *Codex Regius* bekrefta dette, eller vil ein slik gjennomgang visa at *of/um*-partikkelen fylte same funksjon som trykksvake forstavingar i eldre germansk, i det minste enno då desse kvada blei dikta?

### *Korleis of/um-partikkelen er brukt i Codex Regius*

I *Codex Regius* er *of/um*-partikkelen brukt rundt 220-230 gonger når me ikkje reknar med repetisjonar. Eksakte tal får me ikkje, då det ikkje alltid er lett å vita om me har «fyllord» eller preposisjon, dessutan er handskrifta forskjellige, og tala blir ulike etter som ein tel med repeterte verselinjer eller ikkje. Fidjestøl talde 223 døme totalt (1999:224; av dei eitt i *Hauksbók*-versjonen av *Vsp.*, ikkje i *Codex Regius*), eg tel 225 døme totalt (av dei eitt i *Hauksbók*-versjonen av *Vsp.*, ikkje i *Codex Regius*). Då er repetisjonar ikkje rekna med. Ordnar me enkelttilfella etter bruk, får me desse tala:

12 tilfelle der *of/um* står føre nomen, alle i samsvar med bruken av trykksvak forstaving i eldre germansk. Det gjeld substantiv med sosiativt innhald, kollektivt innhald, verbalabstrakt og adjektiv; sjå vedlegg (2) s. 79. Eitt av tilfella eg reknar som adjektiv, *um borinn* (*Hlr.* 12:4), vil dei fleste rekna som verb. Her er tydinga den same som det norrøne adjektivet *samborinn* ‘fødde av same foreldre’, så det er brukt som adjektiv, men om ein reknar det som perfektum partisipp eller som bøyingsform av verbet *bera* i tydinga ‘føda’, blir resultatet det same: dette ordet var prefigert i eldre germansk.

213 tilfelle der *of/um* står føre verb. Det er i desse tilfella me kan diskutera om *of/um* har same funksjon som den trykksvake forstavinga eller ikkje. Eg har delt opp denne store gruppa i undergrupper:

79 tilfelle der *of/um* står føre perfektum partisipp; sjå vedlegg (2) s. 79ff. Prefigering av perfektum partisipp varierte i germansk, det var uregelmessig i gotisk, blei mest brukt for å markera verbal (ikkje-adverbial) funksjon, men hadde som sagt på 700-talet blitt alminneleg i vestgermansk ved både adverbial og verbal bruk (Dal 1930a:23-30; 1930b:197; Kuhn 1929:89). Kuhn skreiv at det ser ut om slik prefigering av perfektum partisipp både i verbal og adverbial funksjon blei alminneleg i norrønt på same tid (1929:89; 91). Bruken blei likevel aldri obli-

gatorisk i norrønt (smst. s. 91). Me ser at desse 79 tilfella der *of/um* er brukt føre perfektum partisipp, er fullt i samsvar med prefiksbruken elles i germansk.

Døma med *of/um* føre perfektum partisipp vil delvis overlappa med dei andre tilfella som følgjer.

9 tilfelle der *of/um* står føre verb som tyder ‘fylt heilt opp’, ‘fullført’, ‘fullstendig dekt’, ‘over alt’; sjå vedlegg (2) s. 81. Her gir *of/um* verbet same meining som gotisk og vestgermansk *ga/ge/gi-*.

37 andre tilfelle der *of/um* står føre verb i perfektiv (ingressiv eller resultativ), sjå vedlegg (2) s. 81ff, og 15 andre tilfelle der *of/um* står føre verb i den spesielle perfekte tydinga ‘bli drepen, dø, bli gjort til inkjes’; sjå vedlegg (2) s. 84. Også her gir *of/um* verbet same meining som gotisk og vestgermansk *ga/ge/gi-*.

Alle desse stadene ville det vera naturleg å bruka perfektiverande forstaving, helst *ga/ge/gi-*, i andre germanske språk.

2 tilfelle der *of/um* står føre inkoative verb (markerer endra tilstand), sjå vedlegg (2) s. 83. Som Dal skreiv blei dei fleste inkoative verb prefigerte i gotisk (1930a:15). Også her gir *of/um* same meining som eldre prefiks.

3 tilfelle der *of/um* står føre eit transitivt verb danna ved prefigering av eit intransitivt; sjå vedlegg (2) s. 83. Både i gotisk og vestgermansk var det vanleg å danna transitive verb ved å prefigera eit intransitivt (Dal 1930a:22f; Christiansen 1960:341).

12 tilfelle der *of/um* ser ut til å markera at verbet er knytt til magi; sjå vedlegg (2) s. 83. Me veit ikkje om det var vanleg å prefigera verb i slike tilfelle i eldre germansk, men me har døme som ght. *bigelan* ‘verhexen’ (de Vries 1961:153), og det skjer påfallande regelmessig i eddakvada (Dal 1930a:75; 82).

58 andre tilfelle der *of/um* står føre verb me veit var prefigerte med ymse forstavingar i eldre germansk, og med tydingar som svarar presist til dei prefigerte germanske verba; sjå vedlegg (2) s. 84ff.

Så langt bør døma vera lite omstridde. Det viser at det overveldande fleirtalet av *of/um*-partiklar i eddakvada står føre ord som ofte var prefigerte i andre germanske språk. Dei tilfella som står att, kan vera meir omdiskuterte:

18 tilfelle der me har grunn til å *tru* at eldre germansk hadde prefigerte verb; sjå vedlegg (2) s. 86.

12 tilfelle, av dei 5 alt nemnt, der *of/um*, ifølgje Dal, hadde reint emfatisk verknad, framheva og forsterka innhaldet i eit perfektivt verb; sjå vedlegg (2) s. 87.

37 tilfelle (eitt av dei alt nemnt), der *of/um* er brukt syntaktisk, sjå vedlegg (2) s. 87f. Det kan vera syntaktisk bruk med emfatisk, punktuell eller perfektiv verknad, eller det kan vera syntaktisk bruk i optativ, jf. Dal 1930a:35-51. Både Kuhn og Dal skreiv at gotisk *ga-* kunne ha syntaktisk verknad, det er ikkje omstridd, spørsmålet er om dette er tilfelle i dei døma Dal trekte fram.

#### Tilfella der eg manglar ei god forklaring

Dermed står eg att med dei tilfella der eg manglar ei god forklaring; 8 tilfelle, vedlegg (2) s. 88:

fǫður um hefna (*Grp.* 9:2)

mærr um lék (*Hm.* 12:3)

karl orð um kvað (*Hym.* 32:5)

alls fyrst um kvað (*Þrk.* 2:2; 3:4; 9:10; 12:4)

alls fyrst um kvað (*Brot* 5:4)

orð viðr um kvað (*Sg.* 51:4)

alls fyrst um kvað (*Od.* 3:10)

flest orð of kvað (*Od.* 15:4)

*Hefna* har ein usikker og omdiskutert etymologi (*BL* 2007:459f). De Vries avleidde det frå norr. *hafna*, got. *gahaban* (1961:201), *Harald Bjorvand* og *Fredrik Lindeman* føretrekker forklaringa *hefna* < norr. *hǫfn* (f), verbalsubstantiv til norr. *hafa* eller *hefja*. Dei skriv at *hǫfn* i enkelte betydingar kan ha hatt prefiks (*BL* 2007:459f). Det inneber etter mi meining ein viss, men liten, mulighet for at også *um-hefna* går tilbake på prefiksdanning på eit eldre språksteg.

Eg har inga god forklaring på *um-lék* i *Hm.* 12:3 (Erp svingde seg i salen?), men dei andre to stadene der dette verbet er brukt (*HHv.* 39:5; *Gðr.* I 7:4), er det nytta i den avleidde tydinga ‘svika, forråda’, som i ags. *forlācan* (Dal 1930a:70). Den tydinga ser ikkje ut til å passa i *Hamðismál*.

Underleg er alle utsagna med *um-kvað*. *Kveða* er eit perfektivt verb som ikkje

blei prefigert i andre germanske språk, med mindre det gjaldt tydingar som ‘legga til’, ‘setta saman’, ‘seia seg einige’, ‘slutta avtale’ (Streitberg 1891:105). Seks nokså like vendingar *um-kvað* verkar som standardformlar. På den andre sida: dersom trykksvake forstavingar enno var produktive i tidleg norrønt, kunne sjølvstekt slike forstavingar spre seg også til enkelte situasjonar som ikkje hadde parallelar i andre germanske språk. Er det det som er tilfelle her, og er det snakk om ein standardformel? Thorvaldsen har vore inne på tanken (2008:153f). Eg kjem tilbake til dette i 6. bolc.

### Innvendingar mot å oppfatta *of/um* som forstavingar

Christiansen påpeika at dei same orda blir brukte både med og utan eit førestilt *of/um* utan at det kan påvisast nokon meiningsforskjell (1960:346f). Når følgjeordet kunne opptre både med og utan føreord, var dei ikkje lenger fast knytte saman, skreiv ho. Men slik er det også med forstavingar i andre germanske språk: «Im allen germanischen Sprache standen Wörter mit Präfix neben präfixlosen ohne merkbaren Bedeutungsunterschied» (Kuhn 1929:99). Det er ikkje alltid eit konsekvent og skarpt skilje mellom prefigerte og ikkje-prefigerte former. Når det gjeld perfektum partisipp, var som nemnt prefigering ikkje regelmessig i gotisk. Kuhn skreiv at det blei vanleg å prefigera perfektum partisipp i nordgermansk på same måte og same tid som i vestgermansk (smst. s. 73; 91), men i norrønt blei det aldri gjennomført konsekvent. Prefigerte og prefikslose former kunne brukast om kvarandre. Det betyr ikkje at forstavinga var utan meining. I moderne norsk har me mange tilfelle der forstavingar, eller heile ord, kan nyttast eller droppast vilkårleg, utan at det endrar meininga. Ordet som kan strykast, tilfører ei meining, men denne meininga kan vera underforstått.

Ta ordparet *gjennomsnitt/snitt*. *Norsk ordbok* skriv om desse orda:

«**gjennomsnitt** n.; eigl ‘snitt, line tvers (i)gjennom ein lekam’,..

1) medetal... 2) medels nivå...» (NO 4:101).

«**snitt** n... **9** gjennomsnitt...» (NO 10:739).

‘Snitt’ er her kortform av ‘gjennomsnitt’, og bortsett frå at ‘snitt’ også kan bli brukt i andre tydingar, er det elles ingen skilnad på tydinga til dei to orda, utan at

det skapar forvirring. Meininga er likevel eintydig ut frå samanhengen ordet blir brukt i. Når ein bruker det eine og når det andre ordet, er vilkårleg.

Subjunksjonane ‘at’, ‘som’ og ‘når’ kan vera underforstått, og kan då utelatast. Nokre eksempel på utsagn der meininga blir den same både med og utan ‘som’ eller ‘at’:

Han ville <at> dei skulle bli med inn.

Ho følte <at> noko mangla i livet.

Det <som> eg sa, må du ikkje gløyma.

Ho trudde <at> han var sint på henne.

Alle subjunksjonar kan ikkje droppast på denne måten. Set me inn ‘om’ i staden for ‘at’ i det siste utsagnet, får me: «Ho lurte på *om* han var sint på henne.» Subjunksjonen ‘om’ kan ikkje droppast, men i enkelte tilfelle kan me utelata ‘at’, ‘som’ og ‘når’ (Kulbrandstad 2012:231; 233). Årsaka er at ‘som’, ‘at’ og ‘når’ i mange tilfelle er underforstått. Meininga kjem likevel klart fram av samanhengen (konteksten).

Inneber dette at følgjeord og føreord ikkje lenger er tett knytte til kvarandre når føreordet kan droppast? *Of/um* var i alle fall i heile norrøn tid så tett knytt til følgjeordet at andre ord aldri kunne settast imellom, ikkje ein gong i versemålet *dróttkvætt*, som har særst fri ordstilling og enkelte gonger tillot at ord blei delte og andre ord blei skotne inn mellom orddelane (tmesis). Det skjedde aldri med *of/um* og følgjeordet, dei blei aldri skilde frå kvarandre. Det viser at bindinga mellom *of/um* og følgjeordet var langt sterkare enn t.d. mellom preposisjon og følgjeord, eller mellom infinitivsmerke og infinitiv. *Lars Kulbrandstad* definerer ‘ord’ på denne måten:

«For det første må et ord ha mulighet for å bli uttalt med et selvstendig trykk (hovedtrykk)... Det andre ordkriteriet går ut på at et ord er en fast enhet på den måten at deler som ordet består av, ikke kan skilles fra hverandre for eksempel ved at et annet ord blir skutt inn» (2012:80).

Ut frå denne definisjonen må norrønt *of/um* med følgjeord reknast som *eitt ord*, der *of/um* er forstaving.

Endeleg kan ein hevda at *of/um* ikkje kan reknast som forstaving sidan det

ikkje skilde mellom fleire tydingsnyansar på same måten som tysk *be-*, *ent-*, *er-*, *ge-*, *ver-* osv. gjer. Når *of/um* kom i staden for alle tidlegare forstavingar, kunne meininga snart vera ein, snart ein annan. Men eitt og same ord kan alltid ha noko ulike tydingar alt etter samanhengen det blir brukt i. Rolla som forstaving må ha blitt svekt når *of* og *um* måtte dekkja mange til dels klart ulike tydingar, slik at den presise meininga måtte markerast ved samanhengen ordet blei brukt i (konteksten). Resultatet måtte bli at forstavinga ikkje lenger kjendest nødvendig, den kunne utelatast. Dette kan ha bidratt til at forstavinga blei sjeldnare nytta og med tida forsvann heilt, men det var ei utvikling som tok tid. *Korleis* denne utviklinga gjekk føre seg, viser bruken i skaldekvada tydeleg.

#### Konklusjon om bruken av *of/um* i *Codex Regius*

Gjennomgangen viser at i eit overveldande fleirtal av tilfella der *of/um* står føre eit substantiv, adjektiv eller verb, svarar bruken godt til bruken av trykksvake forstavingar i andre germanske språk. Eit mindre tal kan diskuterast, eit fåtal tilfelle manglar ei god forklaring. Med dette har eg ikkje bevist at *of/um* i eddakvada ganske enkelt *er* trykksvake forstavingar som forsynte følgjeorda med same meining som eldre forstavingar hadde, men eg har vist at ei slik forklaring er *fullt mulig*. Eg vil hevda at det er ei forklaring som byr på færre problem enn fyllordforklaringa.

#### *Fyllord eller forstaving?*

Sidan *of/um*-partikkelen i eit overveldande fleirtal tilfelle er nytta på same måte og med same meining som eldre forstavingar, tydelegvis også *er* restar etter slike, og var så tett knytte til følgjeordet at partikkel og følgjeord må oppfattast som *eitt* ord, må det vera mest fruktbart å oppfatta *of/um*-partikkelen som forstaving. Det me observerer i edakvad, skaldekvad og prosa, er den langsomme *utdøyinga* av trykksvake forstavingar frå 800- til 1200-talet. Bruken av *of/um*-partikkelen i skaldekvada (sjå 3. bolk) speglar truleg bruken i daglegspråket, og gir oss eit godt hjelpemiddel til å datera kvad eller grupper av kvad, så lenge materialet er omfattande nok. La oss sjå kva resultat det gir.

## Dateringar av kvada i *Codex Regius* ut frå bruken av *of/um*-partikkelen


Det er overlevert 9442-9891 verselinjer med eddakvad bare i *Codex Regius*, alt etter korleis me reknar (Fidjestøl 1999:220; 224).<sup>23</sup> Det totale talet vil variera etter som ein tar med alle slags gjentakningar eller ikkje (sjå drøftinga av dette problemet hos Fidjestøl 1999:221ff). I tillegg kjem eddakvad overleverte i *Snorra-Edda*, *Hauksbók* og andre handskrift. Må ein gjera eit utval av eddakvad for å samanlikna med skaldekvada, er det greitt å halda seg til *Codex Regius*, slik at ein slepp diskusjonar om utvalet av kvad er vilkårlig eller skeivt. Frå skaldekvada såg me at bruken av trykksvak forstaving gir eit pålitande bilde av alderen når ein har tekstar med minst 3000 verselinjer. Minst 300 verselinjer gir ein brukbar indikasjon på alderen. Sikrare indikasjonar får me om me har meir enn 500 verselinjer. Med bortimot 10.000 verselinjer, som i *Codex Regius*, er tekstmengda så stor at vilkårlige utslag ikkje vil påverka datering; då blir omfanget av trykksvake forstavingar eit sikkert aldersmål på ein *gjennomsnittleg* alder for desse kvada.

No kan me gå tilbake til figur 1. Me kan leggja inn gjennomsnittet for alle eddakvada i *Codex Regius* på figuren. Eg bruker då tala til Fidjestøl (1989, 1999). Han fann 223 trykksvake forstavingar på 9466 verselinjer i *Codex Regius* når han ikkje tok med verselinjer som var reine gjentakningar (Fidjestøl 1999:224). Omrekna blir det i 2,36 % av alle verselinjene. Sjå neste side.

Figuren viser at eddakvada *som gruppe* må daterast til 900-talet eller tidlegare; bare då var *of/um*-partiklane brukt så ofte som mellom 2 og 3 % av alle verselinjene. Einarr Skálaglam (980-talet) var den siste som brukte partiklane i minst 2,36 % av verselinjene. Det er utelukka at ei så stor mengd som nær 10.000 verselinjer kunne ha innehalde *of/um*-partiklar i 2,36 % av alle verselinjer i gjennomsnitt dersom dei fleste kvada var dikta på 1000-talet eller seinare, det vil seia i periodar då *ingen* skald hadde så omfattande bruk av dette verkemiddeet (sjå tabell 3). Noka grense bakover i tid er uråd å trekka ut frå dette, då me ikkje kan vita kor hyppig slike partiklar blei brukt på 700-talet (eller endå tidlegare). Men

23. Fidjestøl talde 9891 verselinjer totalt, men 9466 verselinjer når vers som blei gjentatt, ikkje blei talde meir enn éin gong (1999:220; 224). Men det ser ut som han då rekna med Bugges re-stituerte versjon av *Vsp.* Når eg korrigerer tala, slik at eg bruker *R*-versjonen av *Vsp.*, får eg 9861 verselinjer totalt og 9442 når eg ikkje reknar med repeterte verselinjer.

Figur 6. *Of/um*-partikkelen i eddakvada



Grå kurve: *of/um*-partiklar i skaldekvad, med skaldane frå venstre mot høgre i kronologisk rekkefølge, jf. fig. 1. Vassrett raud strek: gjennomsnittleg bruk av *of/um*-partiklar i *Codex Regius* (2,36 % av alle verselinjer).

om eddakvada (i *Codex Regius*) som gruppe må daterast til før 1000-talet, kan enkelte kvad likevel vera yngre. Det gjeld spesielt kvad som har svært få døme på *of/um*-partiklar (me kan heller ikkje utelukka at *eitt og anna* kvad med høgt innslag av *of/um*-partiklar, kan vera ungt).

Det er store forskjellar mellom dei enkelte kvada i *Codex Regius*. Rangerer me dei etter omfanget av *of/um*-partiklar, med dei som har prosentvis størst innslag på topp og dei med prosentvis minst innslag på botn, får me oversikta i tabell 4 (sjå neste side). Oversikta viser talet ikkje-repeterte kortlinjer i kvart kvad, talet ikkje-repeterte *of/um*-partiklar i kvart kvad og kor mange verselinjer som inneheld slike partiklar i prosent av samtlege verselinjer i kvadet. Tabellen bygger på tala i tabell 10 hos Fidjestøl (1999:224), prosentane har eg sjølv rekna ut.

Tabellen viser store sprang mellom fleire grupper. *Prymskviða* står i ein klasse for seg, med *of/um*-partiklar i 6,9 % av verselinjene. Avstanden mellom det kvadet og *Oddrúnargrátr* med 4,8 %, er  $(6,9 - 4,8) : 6,9 \times 100 \% = 30,4 \%$ . Elles er det særleg store avtandar mellom *Vkv.* (2,8 %) og *Sg.* (2,3 %), ein skilnad på

**Tabell 4. Of/um-partiklar i eddakvada i *Codex Regius***

Ordna etter fallande bruk av partikkelen

Kvad	tal kortlinjer	tal of/um-prt.	of/um-partiklarprt. i % av kortlinjer	
Prymskviða	218	15	6,9 %	
Oddrunargrátr	250	12	4,8 %	
Vafprúðnismál	274	12	4,4 %	
Guðrúnarkviða I	201	8	4,0 %	
Sigrdrífumál	255	10	3,9 %	
Hávamál III	182	7	3,8 %	
Hamðismál	218	8	3,7 %	gj.sn,
Hávamál I	662	24	3,6 %	3,75
Völuspá	503	17	3,4 %	
Lokasenna	368	12	3,3 %	
Brot	150	5	3,3 %	
Grímnismál	336	10	3,0 %	
Guðrúnarhvøt	174	5	2,9 %	
Vølundarkviða	286	8	2,8 %	
Sigurðarkviða	558	13	2,3 %	
Alvíssmál	174	4	2,3 %	
Hymiskviða	304	7	2,3 %	
Skírnismál	246	5	2,0 %	
Helreið Brynhildar	108	2	1,9 %	
Reginismál	175	3	1,7 %	gj.sn.
Guðrúnarkviða II	350	6	1,7 %	1,86
Atlakviða	351	6	1,7 %	
Fáfnismál	269	4	1,5 %	
Hávamál II	146	2	1,4 %	
Guðrúnarkviða III	80	1	1,3 %	
Hárbarðsljóð	251	3	1,2 %	
HHv.	318	3	0,9 %	
Gripisspá	418	3	0,7 %	
HH I	454	3	0,7 %	gj.sn.
HH II	426	2	0,5 %	0,59
Atlamál	761	3	0,4 %	
	9466	223	2,36 %	

(2,8 - 2,3) : 2,8 x 100 % = 17,9 %, og mellom *Hrbl.* (1,2 %) og *HHv.* (0,9 %), ein skilnad på (1,2 - 0,9) : 1,2 x 100 % = 25 %. Avstandane innbyrdes mellom dei fem kvada med som har minst innslag av *of/um*-partiklar, er også store rekna i prosent. Elles er avstandane, rekna i prosent, mellom dei enkelte kvada langt mindre. Dersom me ut frå dette deler kvada inn i grupper (der det må vera fleire enn eitt kvad for å danna ei ‘gruppe’), får me ei tredeling (sjå tabell 4).

Oversikta antyder ei tredeling i tre alderslag, der det eine (eldste?) omfattar kvada frå *Prk.* til *Vkv.*, det mellomste kvada frå *Sg.* til *Hrbl.*, og det siste (yngste?) kvada frå *HHv.* til *Am.* Dette siste laget har *of/um*-partiklar i eit omfang frå 0,4 % til 0,9 %, med gjennomsnitt 0,59 %, som i skaldekvad frå 1000-talet og seinare, noko som antyder at dei *kan* vera frå kristen tid. Det mellomste laget har *of/um*-partiklar i eit omfang frå 1,2 % til 2,3 %, med eit gjennomsnitt på 1,86 %, som i skaldekvad frå 900-talet og fyrste halvdel av 1000-talet. Laget som har flest *of/um*-partiklar, frå 2,8 % til 6,9 %, med eit gjennomsnitt på 3,75 %, er på nivå med skaldekvad frå 800- og 900-talet, før det kraftige fallet i bruken av partiklane på slutten av 900-talet. Spørsmålet er om dette ikkje bare *ser ut* som tre alderslag, men *faktisk er* tre alderslag. Det kan me ikkje vita ut frå dette eine kriteriet aleine.

Me veit ikkje kor hyppig *of/um*-partikkelen blei brukt før 900-talet. Oversikta gir derfor ingen haldepunkt til å setta noka grensa bakover i tid. Ut frå dette eine kriteriet er det ingenting i vegen for at enkelte av kvada kan vera langt eldre enn skaldekvada, eller tilmed gå tilbake til urnordisk tid. Me kan heller ikkje seia at alle kvad som hamnar i same gruppe på denne oversikta, høyrer til det same alderslaget — dersom dette faktisk er tre alderslag. *Hávamál* treng ikkje vera éin skalds verk. Ved dei andre kvada er verdien av *of/um*-partikkelen som alderskriterium avhengig av lengda på kvadet. Det bør vera minst 300 verselinjer viss me skal nytta partikkelen som eit noko usikkert alderskriterium, minst 500 verselinjer dersom den skal nyttast som eit meir påliteleg kriterium, og fleire tusen verselinjer dersom den skal vera eit særst godt kriterium. Ser me bort frå *Háv.* (som kan ha blitt dikta gjennom ein lengre periode), er det bare tre kvad som har rundt 500 verselinjer eller fleire: *Am.*, *Sg.* og *Vsp.* Desse kan nokså sikkert plasserast i kvar si gruppe. Alle kvada i gruppa som ser ut til å vera den yngste, har meir enn 300 verselinjer; det er eit klart argument for å rekna alle desse til 1000-

talet (eller yngre), utan at det kan fastslåast ut frå dette eine kriteriet aleine. Elles kan godt enkelte kvad vera eldre eller yngre enn den gruppa dei tilfeldigvis har hamna i på denne oversikta. Det gjeld særleg kvad med færre enn 300 verselinjer. Bildet me får, er likevel klart og gir grunnlag for foreløpige konklusjonar.

#### *Foreløpige konklusjonar om of/um-partikkelen i Codex Regius*

Eddakvada som gruppe må daterast til 900-talet eller tidlegare, før den markerte nedgangen i bruken av *of/um*-partiklar i skaldekvada. Det inneber ikkje at samtlege eddakvad er så gamle, men at dei aller fleste må vera det. Enkelte eddakvad er truleg yngre, frå kristen tid. Det kan sjå ut som eddakvada i *Codex Regius* grupperer seg i tre ulike alderslag, der kvad med *of/um*-partiklar i minst 2,8 % av verselinjene er det eldste laget, kvad med *of/um*-partiklar i mellom 2,3 og 1,2 % av verselinjene dannar eit mellomlag, og kvad med *of/um*-partiklar i færre enn 1 % av verselinjene utgjør det yngste laget. Dette yngste laget er truleg frå kristen tid. Enkeltkvad kan bryta dette mønsteret.

Det som ser ut som det eldste laget har *of/um*-partiklar på nivå med skaldekvad frå 800-900-talet, før det kraftige fallet i bruken av *of/um*-partiklar. Dette er eit argument for å rekna kvada i denne gruppa, dei fleste av dei, i det minste, til 800-900-talet. Det er ingenting i vegen for at enkelte kan vera endå eldre.

Det mellomste laget har *of/um*-partiklar på nivå med skaldekvad frå 900-talet og fyrste halvdel av 1000-talet. Det er fristande å rekna denne gruppa til ei overgangstid då kampen stod mellom heiden og kristen tru (900-tal og tidleg 1000-tal), med dei fleste til 900-talet.

Det som ser ut som det yngste laget har *of/um*-partiklar på nivå med skaldekvad frå 1000-talet og seinare. Kvart enkelt av desse kvada, *HHv.*, *HH. I*, *HH. II*, *Grp.* og *Am.*, er så lange (meir enn 300 verselinjer) at det er grunn til å leggja noko vekt på innslaget av *of/um*-partiklar som alderskriterium.

Det er for tidleg å seia kor mykje vekt me skal leggja på omfanget av *of/um*-partiklar som alderskriterium. Aldersanslaga blir sikrare dersom dei samsvarar med andre kriterium, og svekte dersom dei står i motstrid til fleire gode kriterium. Me må òg diskutera andre forhold som kan ha spela inn: muligheten for medvitne arkaismar, lån frå eldre kvad eller bruk av standardformuleringar, og problema

med at kvad blir endra under munnleg overlevering. Kva blir bildet når me ser på alle undersøkte språklege kriterium samla?

*Aldersanslag ut frå of/um-partikkelen jamført med andre språktrekk*

Eg har sett opp samtlege kvad i *Codex Regius* i tabell 5 (neste side), med kommentarar og farger som markerer alder som kvart enkelt språktrekk antyder.

Omfanget av *of/um*-partiklar gir presise tal for kvart enkelt kvad, tal som me kan mistenka seier noko om alderen på kvadet, særleg dersom det er eit langt kvad. Eg tar utgangspunkt i dette, rangerer dei som **H** (høgt innslag av partiklar), **M** (middels innslag) og **L** (lågt innslag), og føyer til prosenten for kvart kvad. Den siste gruppa mistenker eg er dikta på 1000-talet eller kanskje seinare.

Bruken av dei såkalla *vinðandin forna* antyder òg at me kan skilja mellom alderslag; der me har grunnlag for det, rangerer eg dei som **H** (høg alder, dvs. stavrim *vr/v*), **H** (usikkert), **L** (låg alder, dvs. stavrim *r/r* i dei same orda) og **L** (usikkert). Fidjestøl anslo at den eldste gruppa kan vera dikta før 1000 og den yngste etter 900. Bare 11 av dei 29 kvada kan rangerast på dette viset, dei andre har ikkje stavrim med slike ord.

Alle kvad i versemålet *fornyrðislag* kan rangerast etter kor mange brot dei har på V2-regelen i ikkje-bundne setningar (sagt med andre ord: kor mange ikkje-bundne setningar som har verbet plassert langt bak i setninga). Også her fann eg grunnlag for ei tredeling, og rangerer derfor kvada som **H** (mange brot på V2-regelen), **M** (middels tal brot) og **L** (få brot). På same måte blir alle kvada i versemålet *ljóðaháttr* rangerte etter talet brot på Bugges regel, men slik at dei med **F** (få eller ingen brot) blir rangert som det eldste laget og **M** (middels tal brot på Bugges regel) blir rekna til eit mellomlag; ingen av eddakvada i *Codex Regius* skil seg ut med sær mange brot på regelen. *Am.* går i versemålet *málaháttr* og har derfor ikkje tal for korkje brot på V2-regelen eller Bugges regel. Eg anslår at **H** ‘mange brot på V2-regelen’ og **F** ‘få eller ingen brot på Bugges regel’ kan høyra til nokolunde same alderslag (og daterast nokolunde samtidig som **H** ‘høgt innslag av *of/um*-partiklar?’).

*Hrbl.* er det einaste kvadet som har meir enn eitt tilfelle av etterhengd artikkel. Det er eit mulig teikn på at kvadet er ungt, det vil seia frå rundt 1000 eller yngre.

Alle dei andre kvada bør, ut frå dette kriteriet, vera eldre enn 1100-talet.

Kvada i *Codex Regius* har, med få unntak, hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, noko som antyder at dei er eldre enn midten av 1100-talet.

Alle kvada har formene *fyr*, *ept* og *und* for desse preposisjonane, men tre kvad (*Grp.*, *Sg.*, *Am.*) har eit visst (men beskjedent) innslag av *fyrir*, *eptir* eller *undir*. Det antyder at alle kvada i *Codex Regius* er eldre enn tidleg 1100-tal, med ein liten tvil ved dei tre nemnde.

Alle kvada i *Codex Regius* har enklitiske former av *ek* eller *es*, *vas*. Då er knapt nokon av dei yngre enn 1100-talet.

Ni eddakvad har stavrim v/vokal. Sidan dette er sær seldan i skaldekvad, antyder det høg alder, men det er uvisst kva 'høg alder' vil seia. Dei bør i alle fall vera dikta mens v enno blei uttala vokalisk, som /w/, det vil seia ikkje seinare enn 1000/1100-talet. Som sagt har me sær få døme på slike stavrim frå skaldekvada, også i skaldekvad frå 900-1000-talet.

For å visualisera, har eg lagt på farger som antyder alderen ut frå kvart enkelt kriterium. Brun farge står for høg alder, oransje for middels, grøn for låg alder, mens raud farge bare antyder at kvadet truleg er eldre enn 1000-1100. Då får me denne oversikta:

Tabell 5. Samtlege undersøkte språktrekk									
	of/um-partikkel	vinðandin forna	fornyrðislag m/brot på V2	brot på Bugges regel	etterhengd artikkel	hiatus eller samantrekt	fyr, ept, und	enklitisk ek/es	stavrim v/vokal
Þrk.	H (6,9 %)	H (usikkert)	H (5,5 %)	...					
Od.	H (4,8 %)		M (3,2 %)	...					
Vm.	H (4,4 %)	H	...	F					
Gðr. I	H (4,0 %)		H (6,0 %)	...					
Sd.	H (3,9 %)	H	...	M					
Hm.	H (3,7 %)		H (5,7 %)	...					
Vsp.	H (3,4 %)		H (4,8 %)	...					
Háv.	H (3,3 %)		...	F					
Ls.	H (3,3 %)	H	...	M					
Brot	H (3,3 %)	H (usikkert)	H (8,0 %)	...					
Grm.	H (3,0 %)		...	M					
Ghv.	H (2,9 %)		H (4,6 %)	...					
Vkv.	H (2,8 %)		H (7,0 %)	...					
Sg.	M (2,3 %)		M (2,2 %)	...					
Alv.	M (2,3 %)		...	F					
Hym.	M (2,3 %)		M (2,0 %)	...					
Skm.	M (2,0 %)		...	M					
Hlr.	M (1,9 %)		tala manglar	...					
Rm.	M (1,7 %)		...	M					
Gðr. II	M (1,7 %)		H (6,3 %)	...					
Akv.	M (1,7 %)	H	M (2,8 %)	...					
Fm.	M (1,5 %)	H	...	F					
Gðr. III	M (1,3 %)		tala manglar	...					
Hrbl.	M (1,2 %)		...						
HHv.	L (0,9 %)	L (usikkert)	L (1,4 %)	...					
Grp.	L (0,7 %)	L	M (3,8 %)	...					
HH. I	L (0,7 %)		L (1,0 %)	...					
HH. II	L (0,5 %)	L (usikkert)	L (1,0 %)	...					
Am.	L (0,4 %)	L	...	...					

Det er ikkje fullt samsvar mellom alle kriteria. Det er heller ikkje å venta. Samsvaret er likevel stort. Dei fem kvada eg har rangert som 'låg alder' ut frå omfanget av *of/um*-partiklar, får også 'låg alder' på dei andre kriteria, med unntak av at *Grp.* har eit middels høgt tal brot på V2-regelen og dei fleste kvada kjem på raudt på dei kriteria der språkskiljet fyrst slo igjennom på 1100-talet (*Grp.* og *Am.* har eit visst, men beskjedent innslag av *fyrir, undir, eptir*). Inntrykket av at desse kvada er unge, blir bekrefta. Dei 13 kvada eg rangerer som 'høg alder' ut frå omfanget av *of/um*-partikkelen, kjem stort sett ut med 'høg alder' også på andre kriterium. Unntaka er at *Od.* bare får 'middels' på brot på V2-regelen, *Hm.* har ei samantrekt form der me ventar hiatus og *Sd., Ls.* og *Grm.* får 'middels' på brot på Bugges regel. Bortsett frå *Od.* og *Grm.* blir alle dei 13 bekrefta som gamle av minst eitt kriterium i tilleg til *of/um*-partikkelen. På same vis blir dei 11 kvada eg rangerer som 'middels alder', i stor grad plassert slik også på andre kriterium. Her er unntaka at *Alv.* og *Fm.* har få brot på Bugges regel, og derfor blir rangert som gammalt ut frå det kriteriet, mens *Gðr. II* har mange brot på V2-regelen, og blir rangert som gammalt ut frå det kriteriet -- mens *Hrbl.*, kvadet som har færrest *of/um*-partiklar av alle kvada i mellomgruppa, blir rangert som ungt ut frå innslaga av etterhengd artikkel.

Blant kvada som har avvik, er fleire så korte at me ikkje kan leggja stor vekt på kriteria. *Od.* har 250 vers, *Hm.* 218, *Sd.* 255, *Alv.* 174, *Fm.* 269, *Hrbl.* 251. Alle desse kvada har færre vers enn dei 300 eg sette for å nytta *of/um*-partikkelen som indikator. Strengt tatt kan bare *Grp.*s nokså høge tal brot på V2-regelen rokka ved det generelle bildet; *Grp.* er så pass langt (418 vers) at omfanget av *of/um*-partikkelen bør vera ein brukbar indikator. Det kjem også ut med 'låg alder' på eit par andre indikatorar. Eg vil hevda at heilskapsinntrykket er at dei mange ulike språklege trekka bekreftar kvarandre i så høg grad at det er grunn til å stola på dei.

*Of/um*-partikkelen ser ut til å vera eit godt aldersmål. Alderen som omfanget av partikkelen antyder, blir i stor grad bekrefta av andre språklege trekk. Samtidig er omfanget av *of/um*-partikkelen det einaste språklege trekket som gir gode tal, og dermed ei antydning om alderen, for samtlege av eddakvada i *Codex Regius*. Men kva med faren for at medvitne arkaismar, lånte verselinjer eller standardvendingar har påverka resultatet, og kan den munnlege overleveringa ha forkludra tala?

*Medvitne arkaismar, lånte vendingar, standardformlar, munnleg overlevering*

I 4. bolk undersøkte eg fem skaldekvad for å prøva å finna teikn på at skalden medvite hadde nytta forelda språk. Konklusjonen var at der me har grunnlag for å seia noko om når eit visst språktrekk blei endra, eller når eit nytt versteknisk grep blei innført, der er det forbausande høgt samsvar mellom alle slike trekk i dei fem kvada. Mens *Óldr.*, *Jómsv.* og *StjO.* har trekk som alle samsvarar med ei datering til 1000-talet, har *Íslidr.* og *Rst.* trekk som alle kan daterast til 1000- eller 1100-talet. Enten er det ingen sprik mellom alderen som blir antyda av dei ulike språktrekka og verstekniske trekka i det enkelte kvadet, eller så er sprika minimale, slik at nokre trekk høver best med 1000-talet og andre høver best med 1100-talet. Det siste kan forklarast med at skalden levde på overgangen mellom dei to århundra. Dersom dette er medvitne arkaismar, er dei gjennomført med stor konsekvens for alle språktrekk og alle verstekniske trekk i same kvad, noko som føreset kunnskapar ein knapt skulle venta hos nokon som levde eit par hundreår seinare. For å seia det enkelt: det finst ikkje spor etter medvitne arkaismar. Påstanden om at enkelte skaldar medvite nytta forelda språk i stort omfang, forblir ein påstand utan grunnlag.

Det me derimot veit, er at skaldar kunne *låna* vendingar frå gamle kvad. Thorvaldsen har dessutan argumentert for at skaldar kunne nytta standardformlar (parformlar og taleformlar; 2008). Kan lån og standardformlar ha hatt så stort omfang at det svekker dei påviste språktrekkas verdi som dateringskriterium?

*Codex Regius*, som eg behandlar, tel bortimot 10.000 verselinjer. Dersom la oss seia 2/3 av desse er dikta i kristen tid og 1/3 var dikta i heidensk tid før fallet i bruken av *of/um*-partiklar i skaldekvada, burde rundt 2/3 av verselinjene ha *of/um*-partiklar i 0,4-0,5 % av verselinjene og 1/3 i kanskje 4 % av verselinjene. Ut frå Fidjestøls opptalde 9466 verselinjer kan me då anslå:  $9466 \times 1/3 \times 4 \% + 9466 \times 2/3 \times 0,4 \% = 151$  verselinjer med *of/um*-partiklar, mot Fidjestøls 223. Ta dette reknestykket for kva det er verdt, poenget er at det burde gi langt færre tilfelle av *of/um*-partiklar enn det me faktisk finn, med mindre lånte vendingar, standardformlar eller anna har fylt opp store delar av verket med forelda språk. Er det grunn til å tru at omfanget av lånte vendingar og standardformlar har vore så stort at det har tilført *Codex Regius* kanskje 70 forelda språklege vendingar der

*of/um*-partiklar har vore nytta? (og sjølvsagt langt *fleire* forelda vendingar der desse partiklane ikkje har vore nytta, sidan dei aldri blei brukt i meir enn nokre få prosent av alle verselinjer).

Då Myrvoll undersøkte rimteknikk og språk i skaldekvada (2014), fann han alle stader ei markert utvikling over tid. Endå skaldar utvilsomt har lånt vendingar frå eldre skaldar, forhindra det ikkje at utviklinga over tid var tydeleg. Det viser at i skaldekvada var korkje lånte vendingar eller bruk av standardformlar så omfattande at det overskygga språkleg og versteknisk utvikling over tid, sjølv om enkelte kvad (og særleg kvad med *uviss* datering) skilde seg ut. Det viser at når utvalet kvad blir stort, gir lånte vendingar og bruk av standardformlar bare små og knapt målbare utslag i statistikken.

Skulle det vera annleis i eddakvada? Det ser eg ingen grunn til. For det fyrste fordi me ikkje veit om skaldar i norrøn tid oppfatta eddakvad som ein eigen sjanger. For det andre fordi me har overlevert ein god del *daterbare* kvad i eddaversemål, og dei har ikkje forelda språk. Det er ingen ting som taler for at skaldar som dikta det me *i dag* kallar eddakvad, la seg til eit anna språk enn når dei dikta andre kvad.

Men eit openbart problem er at eddakvada blei overleverte munnleg i eit lengre tidsrom før dei blei skrivne ned. Me kan gå ut frå som sikkert at kvada blei endra i denne prosessen, sidan det *er* ulikskapar mellom dei forskjellige versjonane av same kvad nedskrive på 1200-1300-talet. *Gísli Sigurðsson* har argumentert for at munnleg og skriftleg sjanger er så ulike at skriftlege versjonar seier lite om det opphavlege munnlege produktet, då folk formulerer seg annleis i ein skriftleg tekst enn i ei munnleg framføring, og mykje i ei munnleg framføring aldri blir fanga opp i ein skriftleg tekst. Eit munnleg dikt kan desutan *gjenskapast* ved kvar nye framføring, det var i alle fall vanleg i folkeleg sørslavisk dikting. «No poem in an oral tradition is, strictly speaking, older than its most recent rendering» (*Gísli Sigurðsson* 2013:46; viser til sitt eige arbeid 1998:xv-xxiii). *Gísli* avviser at ein kan snakka om eit originalt munnleg dikt (2013:45f).

No er det ikkje opplagt at forhold ved folkeleg sørslavisk dikting kan overførast til norsk-islandsk dikting i norrøn tid (sjå t.d. Thorvaldsen 2008:150). Norrøne kvad var dikting i bunden form med krav til rim og rytme. Dei kunne ikkje like lett

gjenskapast på nytt ved kvar framføring. Men viss eit kvad som fortel ei bestemt historie, har ein bestemt disposisjon og struktur, ein klar begynnelse, eit klimaks og ein klar slutt, må nokon ha skapt dette kunstverket. Det kan ha blitt endra under overlevering, vers og strofer kan ha blitt lagt til eller falle fra, andre endringar kan og ha skjedd med det, men viss versemålet bevarer hovudinnhaldet, er det framleis det same kvadet. Som ein gong må ha hatt ein skapar.

Det er ikkje tvil om at me uttrykker oss annleis i skriftleg prosa enn i munnleg fortelling. Men det gjeld knapt for poesi der rim og rytme er vesentlege element. Rim- og rytmekrava er dei same enten diktet blir framført munnleg eller skriftleg.

Kvad i *dróttkvætt* har så strenge krav at me kan gå ut frå at dei gjennom hundrevis av år blei bevarte med minimale endringar. Dei aller fleste versa lar seg rekonstruera til noko me har grunn til å tru var den opphavlege forma. Rim- og rytmekrava var ikkje like strenge i eddaversemåla, men dei fanst, som stavrim i kvar langlinje/fullverslinje og to tunge stavingar i kvar kortlinje/fullverslinje. Slike krav må ha verka bevarande. Det er interessant å studera dei tre versjonane av *Vǫluspá* som blei skrivne ned på 1200-1300-talet (i *SnE.*, *Codex Regius* av den eldre *Edda* og *Hauksbók*). Dei er klart ulike fordi strofer og helmingar kan komma i ulik rekkefølge, og fordi enkelte strofer eller helmingar i ein versjon manglar i ein annan, men dei *versa* som er gjengitt i fleire versjonar, er mest alltid like. Den største forskjellen er i 3. strofe, der *SnE.* har *ár var alda þat er ekki var* mens begge dei to andre har *a(a)r uar al(l)da þar er ymir bygði* (Bugge 1867:12; 19; 26). I mest alle andre tilfelle er det bare litt forskjellig skrivemåte av same ord som gjer forskjellen på versjonane. Den nærliggande forklaringa på dette store samsvaret er at rim- og rytmekrava bidrog til å bevare teksten, endå om overleveringa skjedde munnleg gjennom eit ukjent tal generasjonar. Då er det forståeleg at strofer kan stokkast om eller utelatast; *versa* blei likevel bevarte.

Det som likevel lett kunne falla bort eller leggest til, var *trykklette stavingar* i senkingane, for dei var ikkje regulerte av korkje rim eller rytme. I *dróttkvætt* var både trykklette og trykkunge posisjonar regulerte, i eddaversemåla bare dei trykkunge. Det inneber at det i eddaversemåla var større risiko for endringar i senkingane enn kva som var tilfelle for kvad i skaldeversemåla. Særleg *forelda* språktrekk må ha vore utsette, då det måtte kjennast naturleg å modernisera

språket under overlevering. At språket skulle bli *meir arkaisk* under overleveringa, verkar lite truleg; det må i så fall ha skjedd reint unntaksvis.

Me må rekna med at uttalen av orda blei endra i takt med språkutviklinga under overleveringa. Dei trykksvake stavingane var særleg utsette; mange av dei fall bort og verselinjene blei kortare (Gade 2002:857). Munnleg overlevering kan i liten grad ha tatt vare på gamle ordformer. Kunnskapar om gamle kvad treng ikkje ha gitt kunnskapar om gammalt språk. Det som *blei* ståande, det versemålet bevarte, var dei trykktunge stavingane (men *orda* i dei òg kunne moderniserast, t.d. slik at *vreiðr* > *reiðr*). Me må tru at dei tunge stavingane blei ståande på same plass på verselinja, og dermed at setningar av SOV-typen ikkje blei endra til SVO. Omfanget av SOV-setningar kan derfor ha vore det same i dei originale dikta som det er i handskriftera frå 1200-1300-talet.

Konklusjonen på dette resonnementet blir at i den grad munnleg overlevering gjer at me må ta atterhald når me vil datera eddakvad ut frå språktrekk, må det bli at kvada kan framstå som noko yngre enn dei faktisk er, sidan eddakvad kan ha vore meir utsette for modernisering enn kva som var tilfelle med skaldekvada. Dette gjeld særleg språklege endringar i trykklette stavingar. Med andre ord: omfanget av *of/um*-partiklar kan ha vore noko større i dei originale eddakvada enn i dei nedskrivne versjonane, og det kan gi inntrykk av at kvada er yngre enn dei faktisk er. Kor mykje, er det umulig å seia noko om, men det er i alle fall eit argument for å runda av anslåtte kriterium oppover. Når eg har rekna ut at det antatt eldste skiktet eddakvad har *of/um*-partiklar i 3,75 % av alle verselinjer i gjennomsnitt, kan me runda dette av til 3,8-4 %. Samtidig kan omfanget av SOV-setningar antyda ei grense *bakover* i tid, dvs. plassera kvad som yngre enn 400-500-talet (jf. 2. bolk s. 34).

#### *Konklusjon om bruken av of/um-partiklar*

1. Språklege trekk gir solid støtte til å datera samtlege eddakvad i *Codex Regius* til ikkje seinare enn midten av 1100-talet, og det store fleirtalet til førkristen tid — før 1000-talet.
2. Samtidig vil eg stilla spørsmål ved den antatte grensa mot urnordisk tid. Me kan ikkje uttelukka at enkelte eddakvad kan vera frå før norrøn tid, men det må i så

fall diskuterast og grunnis ved kvart enkelt kvad. Men omfanget av SOV-setningar kan vera eit argument for å anslå samtlege kvad i *Codex Regius* som yngre enn 400-500-talet.

3. Det ser ut som me kan skilja ut tre alderslag blant eddakvada.
4. Det eldste laget er kvad med *oflum*-partiklar i 6,9-2,8 % av alle verselinjene (gjennomsnitt 3,75 %, avrunda til 3,8-4 %). Blant desse har kvad i *fornyrðislag* særleg mange V2-brot mens kvad i *ljóðaháttr* har få eller ingen brot på Bugges regel. Det er grunn til å datera desse kvada til 800-900-talet eller tidlegare, med atterhald for kortare kvad som kan vera yngre.
5. Eit mellomlag er kvad med *oflum*-partiklar i 2,3-1,2 % av verselinjene (snitt 1,86 %, runda av til 1,9-2 %). Desse har også mellomstort innslag av V2-brot og kan ha både få og mange brot på Bugges regel. Det ser ut som desse kvada kan vera dikta på 900-talet eller tidleg 1000-tal, med atterhald for kortare kvad.
6. Det yngste laget har *oflum*-partiklar i færre enn 1 % av verselinjene, i snitt 0,6 %, ingen *vinðandin forna* og få brot på V2-regelen. Dette gjeld dei tre Helgekvada, *Gripisspá* og *Atlamál*, kanskje også *Hárbarðsljóð*, som har fleire tilfelle av etterhengd artikkel. Kvada er truleg dikta på 1000-talet eller tidleg 1100-tal.
7. Ingen kvad i *Codex Regius* er yngre enn tidleg 1100-tal.
8. Inndelinga i desse tre alderslaga gjeld grupper av kvad. Enkeltkvad kan bryta mønsteret.

## 6. BOLK: ALDEREN TIL *ÞRYMSKVIÐA*

Språklege kriterium ser ut til å gi eit godt grunnlag for å datera eddakvada, men då må ikkje andre, velfunderte kriterium motseia dei. Dette kan vera eit problem, spesielt for *Þrymskviða*. Mens forskarar lenge oppfatta dette som eit særst gammalt kvad (t.d. Dal 1930a), kom eit skifte med Jan de Vries (1928). I dag oppfattar dei fleste *Þrymskviða* som eit av dei yngste eddakvada, frå 1100- eller 1200-talet (Thorvaldsen 2016:75; von See et al. 1997:526).

Omfanget av *of/um*-partiklar («fyllord», «ekspletive partiklar»), dei mange brota på V2-regelen, vinðandin forna, preposisjonane *fyr* og *und*, mangelen på etterhengd artikkel, hiatus i dei orda som fekk samantrekte former på 1100-talet, enklitisk *ek* og stavrim *v/vokal* er alle argument for høg alder (sjå 2. og 5. bolk). Dei som meiner kvadet er ungt, peikar på at kvadet er balladeaktig, har ei påfallande oppbygging, og med langlinja, ikkje strofa, som grunnelement, inneheld ein myte (Torr måtte henta hammaren som Trym hadde tatt) som ikkje er nemnd i andre kjelder, ser ut til å ha lånt vendingar frå andre kvad, også andre nokså unge kvad, og inneheld (lån)ord som elles ikkje er belagde i eldre norrøne kjelder enn handskrift frå 1200-talet: *fjaðrhamar*, *skillingr* (von See et al. 1997:526); kvadet har ei einsformig rytme og stavrimet bryt med kjende reglar (Hallberg 1954:55) og dei gamle gudane framstår som latterlege (de Vries 1928:305).

### *Argumenta for høg alder*

*Of/um*-partikkelen er brukt 22 stader i kvadet (av dei 15 ikkje-repeterte døme) og er klart meiningsberande dei fleste stadene der den er brukt. Partikkelen markerer perfektum partisipp i *um fólgin* (7:8; 8:2), *um reknir* (21:2), *um komit* (24:2) og *of beðit* (32:4). *Um þekki* (31:4), ‘fekk auge på’, går ifølgje Kuhn kanskje tilbake på ei gammal prefiksdanning; han la til at det er usikkert (1929:39f). Tydinga er resultativ, ‘då han oppnådde å sjå (hammaren)’. Resultativt er også *hon skell um hlaut* (32:5): det var alt ho fekk ut av strevet. *Um* gir inkoativ verknad i *um saknaði* (1:4), nett som i gotisk (Dal 1930a:15). *Um fallask* (10:6) har den spesielle resultative tydinga ‘bli gjort til inkjes’; tydinga ligg ikkje langt frå ‘dø,

bli drepen', som ofte er forsynt med forstavinga *of/um* i eddakvada (sjå vedlegg 2 s. 84). *Of beðit* (32:4) er som nemnt perfektum partisipp og svarar samtidig til gotisk *usbidan* 'erbitten' (Streitberg 1906:345), 'be om noko', mens *heimtir* (8:6; 11:6; 18:8) bare er nytta fem stader i eddakvada, og i fire av dei med forstavinga *um*; «wahrscheinlich, daß hier einmal ein Kompositum existiert hat» (Dal 1930a:69). *Um sætti* (14:8) ser ut til å ha same meining. *Um bellir* (10:8) 'våga utan å blunka, utan å bry seg' er emfatisk og svarar til ght. *irbaldēn* (Dal 1930b:181), *um drekka* (25:8) er tydeleg emfatisk: det var ovleg så den dama drakk! *Um fann* (26:3; 28:3) ser òg ut til å vera brukt emfatisk (Dal 1930a:9ff). *Of brenna* (27:8) kan bety 'plutseleg flamma opp' (jf. got. *ufbrinnan*) og gir ein «lebhaft Emphase» (Dal 1930a:34). Det som skil seg ut, er *um kvað* (2:2; 3:4; 9:10; 12:4), som blir brukt på påfallande formelaktig vis, som om det var ein standardformel. Kanskje er den det? Eg kjem tilbake til den vendinga.

*Of/um*-partikkelen finst i heile 6,9 % av alle verselinjene i kvadet. Så høgt innslag finst elles bare i skaldekvad frå 800- og tidleg 900-tal (Bragi 6,3 %, Þjóðólfr ór Hvini 7,8 %, Egill Skallagrímsson 5,6 %, Víga-Glúmr 7,3 %). No skal ein vera varsam med å nytta dette kriteriet på enkeltkvad, men *ingen* kvad frå 1000-talet eller seinare er i nærleiken av eit så høgt innslag. Dei 1000-talsskaldane som nytta *of/um*-partikkelen oftast, var Óttarr Svarti (2,1 %) og Þórleikr fagri (2,2 %). *Þrk.* nyttar partikkelen *tre gonger så ofte*. Dei 800-900-talsskaldane som nytta partikkelen i færre enn 2,5 % av verselinjene, var alle skaldar me ikkje har så mange verselinjer etter (Hornklofi 244 ikkje-repeterte linjer, Holmgöngu-Bersi 104, Þórarinn máhliðingr 136), samt skaldar i dei siste to tiára av 900-talet. Eg konkluderte at me bør ha minst 300 verselinjer for å nytta *of/um*-partikkelen som eit (noko usikkert) kriterium (3. bolk s. 53). *Þrk.* har bare 218 ikkje-repeterte linjer, det gir grunn til varsemd, men det er uansett vanskeleg å forstå at ein skald på 1000-talet skulle ha nytta partikkelen i så stort omfang — og endå meir uforståeleg om ein skald frå 1100-1200-talet, då partikkelen blei brukt i 0,4-0,5 % av verselinjene i snitt, hadde latt kvadet flaume over av slik utdatert språkbruk.

*Of/um*-partikkelen er ikkje det einaste som framstår som forelda språk om skalden hadde levd på 1000-talet eller seinare. Fidjestøl peikar på, rett nok med atterhald, at kvadet ser ut til å ha stavrim *vr/v* (*Vreiðr vart þá Vingþórr, er hann*

*vaknaði*; 1:1-2). I så fall er kvadet neppe yngre enn frå 900-talet (før år 1000, skreiv Fidjestøl; 1999:245). Vidare er kvadet eitt av dei som har flest brot på V2-regelen i ikkje-bundne setningar (i 5,5 % av alle langlinjene), noko som tyder på at det høyrer til den eldste gruppa av eddakvada. Haukur Þorgeirsson påviste eit klart samsvar mellom høgt innslag av *of/um*-partiklar og mange brot på V2-regelen (2012:264). Dette trekker meir i retning av eldste norrøn tid enn i retning 1000-talet. Preposisjonane er utan unntak *fyr* (5:3; 5:5; 8:4; 9:3; 9:5; 24:3; 32:6; 32:8) og *und* (16:1; 19:5; 27:1). *Undir* (13:4) og *fyrir* (26:2 og 28:2, i det siste tilfellet bare skrive *f*; Bugge 1867:127n) er adverb. Det tyder på at kvadet neppe er yngre enn frå 1000-talet, seinast tidleg 1100-tal. Kvadet har konsekvent hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, noko som òg tyder på at det neppe er yngre enn frå 1000-talet (sjå 2. bolc s. 29), og det har ingen etterhengde artiklar, endå etterhengde artiklar blei vanlege i løpet av 1000-1100-talet (sjå 2. bolc s. 31). Kvadet har enklitisk *ek* (*mættak*, 3:8; *sáka*, nektande: *sá ek -a* ‘såg eg ikkje’; Finnur Johnsen 1933:42); endå me må rekna med ein tendens til at enklise kunne falla bort under overleveringa, etter at den var gått ut av daglegtalen. Kvadet har òg stavrim *v/vokal* (*Át vætr Freyja / átta nóttum*; 265-6; *sváf vætr Freyja / átta nóttum*; 28:5-6); det siste er sjeldant i skaldekvad og har neppe vore nytta seinare enn på 1000/1100-talet (sjå 2. bolc s. 37ff).

Når *alle* språkformer som forsvann på 1000-1100-talet er gjennomførde i *Þrk.*, er det vanskeleg å tolka det annleis enn at kvadet er eldre enn 1000-talet. Det spesielt høge innslaget av *of/um*-partiklar og V2-brot tyder på at det er ein god del eldre enn 1000-talet. Samtidig er talet V2-brot lågt i forhold til gjennomsnittet i runeinnskrifter frå 400-500-talet (sjå 2. bolc s. 34). Ser me bare på språktrekka, tyder dei på ein alder ein stad mellom 400-500-talet og 1000-talet.

#### *Argumenta for at kvadet er ungt*

Von See et al. skriv at *Þrymskviða* er *balladenhaft* (1997:522); det var de Vries som fyrst hadde trekt fram dette. ‘Balladenhaft’ kan bety at likskapane med balladar er så klare, påfallande og omfattande at dei knapt kan forklarast som anna enn påverknad frå dei, eller det kan bety at kvadet har enkelte meir overflatiske og

tilfeldige likskapar med balladar. Bare dersom likskapane føreset påverknad frå balladar, vil dei seia noko om alderen på *Prk*.

### Balladeaktig

Balladar skal ha oppstått i Provence, tidleg på 1200-talet vera oppfatta som nytt, og kom kanskje til Skandinavia alt på begynnelsen av det same århundret (Alver 2009). Eldste verk omtala som «ballade» er eit *Lied des Trouvère* (før 1227; Bockholdt 1980:1383). Dersom «balladenhaft» skal bety at kvadet er påverka av balladar, kan det ikkje vera eldre enn frå 1200-talet; det var også dateringa til de Vries. Kva er det då som er «balladenhaft» ved *Prk*? Det er allment antatt at enderimet kom til Norden med balladen (Alver 2009), og von See et al. finn to langlinjer med enderim: *Vreiðr var þá Vingþórr þá hann vaknaði / ok síns hamars um saknaði* (1:1-4) og *Hvar sáttu brúðir bita hvassara? / sáka ek brúðir bita breiðara* (25:3-6); det siste tilfellet er etter mitt skjønnt eit dårleg eksempel, då enderimte i nordiske balladar vanlegvis omfattar to stavingar (Kabell 1956:323). Kvadet har 64 1/2 langlinjepar. Når det er enderim i bare éi, kanskje to, verkar det heller som eit slumpetreff og lite påtenkt. Men det er særleg dei mange gjentakningane i kvadet von See et al. finn *balladenhaft*. Dei florerer (str. 1 liknar på 13; 2:1-2 er lik 3:3-4 osv.; 3 liknar på 12; 5 liknar på 9; 8 på 11; 15:5 følgd av 16 liknar på 19; 12:7-8, 13:9-10, 20:5-6 og 21:7-8; 14:1-2 og 21:1-2; 26 og 28; 29 og 32 er like eller liknar på kvarandre; von See et al. 1997:522).

Kan alle gjentakningane forklarast som anna enn påverknad frå ballade-diktninga? Thorvaldsen peikar på at repetisjon er ein bortimot universell eigenskap ved så vel munnleg som anna diktning (2008:148).

Ei *drápa* skulle ha eit *stef*, elles var det ikkje ei *drápa*. Den eldste kjende *drápa*, *Ragnvaldsdrápa*, blir datert til 800-talet (*Skj.* AI:1; Myrvoll 2014:109). Kvad utan *stef* har òg mange gjentakningar. Me finn eksempel i alle eddakvad, t.d. i *Vsp.R*, der 6:1-4, 29:14 og 43:1-4 alle blir gjentatt fleire stader; 8:5 gjentas i 16:1; 37:1 gjentas i 61:1. Eller i *Háv.*: 3:1 liknar på 4:1; 10:1-3 gjentas i 11:1-3; 36:1-3 gjentas i 37:1-3; 42:1-3 gjentas i 43:1-3; 54:1-3 gjentas i 55:1-3 og 56:1-3; 76:1-3 gjentas i 77:1-3; 112:1-4 (*Ráðumk þer, Loddfáfnir!*) gjentas i heile 19 strofer; i strofe 144 er mest alle dei átte verselinjene like; 147:1 (*Þat kann ek*

*annat*) gjentas seksten gonger, bare med ‘annat’ endra til ‘þriðja’ osb. Verselinja (*enn*) *ósnjallr maðr* stár to gonger (16:1; 48:3) og er mest det same som (*enn*) *ósviðr maðr* (21:3; 23:1) og *ósnotr maðr* (24:1; 25:1; 26:1; 27:1; 79:1); heile 24:1-3 gjentas i 25:1-3. Slik kan me halda på i dei andre eddakvada òg. Me finn flust med eksempel på gjentakingar både i edda- og skaldekvad. Det er særleg mange av dei i *Þrk.*, men gjentakingar var ikkje nytt med balladane, dei kan ha andre forklaringar. I norrøn poesi er dei like gamle som dei eldste kvada.

*Wolfgang Lange* (1955) har trekt fram eit anna argument for at kvadet er ungt: den påfallande oppbygginga med 14 langlinjer frå Ásgarðr, følgt av 14 langlinjer frå Jötunheimar, deretter 50 langlinjer frå Ásgarðr følgt av 50 frå Jötunheimar, og ei avsluttande langlinje til slutt (von See et al. 1997:520f). Det verkar vel planlagt. Men korfor skal det vera eit argument for at kvadet er ungt? Folk kunne telja også i førhistorisk tid. Dersom ein islandsk skald på 1200-talet kunne planlegga ei slik oppbygging, så kan det vel henda at ein skandinavisk skald på 600-700-talet også var i stand til det? Denne spesielle oppbygginga viser at langlinja, ikkje strofa, var grunnelementet i kvadet, skriv von See et al. (1997:526). Men langlinja er grunnleggande i all alliterande germansk diktning (Gade 2002:857).

De Vries peika òg på den einsformige *versrytmen* i *Þrk.* og brota på stavrimreglane (1928:258-268). Om dette ikkje er typisk for balladar, var det i alle fall noko han meinte verka moderne. Men me har begrensa kunnskapar om korleis versrytmen utvikla seg i norrøne kvad før 900-talet, og brota på reglane Snorri gjorde greie for i *SnE.* er det mange av i gamle kvad; Myrvoll viser korleis reglane utvikla seg over tid (2014). Det konkrete dømet de Vries nemner frå *Þrk.* 28:5-6, *sváf vætr Freyja / átta nóttum*, er ikkje brot på stavrim, men stavrim v/vokal.

Ingenting av dette *føreset* påverknad frå balladar. Alt kan vera tilfeldige og overflatiske likskapar som skuldast at kunstnarar til ei kvar tid har vore kreative. Når dei språklege trekka gir gode grunnar til å avvise datering til seinare enn 1000-talet, er det grunn til å tvila på at desse overflatiske likskapane skuldast påverknad frå balladekunsten på 1200-talet.

### Lånte vendingar

*Berta Phillipotts* (1920), *de Vries* (1928), *Peter Hallberg* (1954) og *von See et al.* (1997) har peika på fleire antatte lån. Tors ferd til Jotunheimen minner om *Haustlǫng* (*Hstl.*; str. 14-16) og *Eiríksmál* (3), vendinga *alls fyrst um kvað* (*Þrk.* 2:2; 3:4; 9:10; 12:4) står også i *Brot* (5:4); Tor er redd for å bli *argr* når han blir kledd i brudeklede, det minner om *Ls.* (59), der Tor skuldar Loke for å vera *argr*; og når Loke seier *þegi þú* til Tor (*Þrk.* 18:3), minner det om *Ls.*, der Tor sette Loke på plass med den same vendinga.

Ferda i *Hstl.* der Tor tar av garde for å kjempa med jotnen Rungne verkar meir opphavleg enn ferda i *Þrk.*, der Tor verkar malplassert slik han drar av garde i brudeklede i vogna si. Følgjeleg må *Þrk.* ha lånt vendingane, ifølgje Phillipotts (1920:72). Vendinga *alls fyrst um kvað* verkar meir opphavleg i *Brot*, der den bare står éin gong, enn i *Þrk.*, der den blir repetert, og når *Þrk.* nyttar vendinga *þegi þú*, er det ifølgje Hallberg ei «medveten anknytning och kontrast till sammanstötningen mellan Tor och Loke i Lokasenna» (1954:60). — Men er det så sikkert?

Dersom ei vending er meir opphavleg i ei kjelde der den bare er brukt éin gong (som i *Brot*) enn i ei kjelde der den er repetert (som i *Þrk.*), bør *þegi þú* tvert om vera meir opphavleg i *Þrk.* enn i *Ls.*, der den same vendinga blir nytta heile 16 gonger! Thorvaldsen påpeikar at her blir same argument snudd snart den eine og snart den andre vegen alt etter kva som passar til konklusjonen (2008:149).

Det finst sikkert mange lån i kvad, men det er ikkje lett å slå fast kven som er långivar og kven som er låntakar. Endå verre, omtrent umulig, er det når same vending blir brukt i eit stort tal kjelder. I tillegg kjem problemet med *tapte* kjelder. Dei antatte låna i *Þrk.* finst alle i fleire kjelder, og kan for alt me veit ha stått i eit ukjent tal tapte kjelder i tillegg. Låna treng ikkje ha gått mellom dei meir tilfeldig utvalde kjeldene som er trekte fram i dei nemnde døma, og ein kan lett argumentera for at låneretninga i alle døma kan ha vore ei anna. Argumentasjonen «hviler på en mengde implisitte og problematiske premisser» og «selektive utvalg av usikre dateringskriterier», konkluderer Thorvaldsen (2008:149; 162).

Ei anna og ifølgje Thorvaldsen langt meir sannsynleg forklaring er at dei antatte låna høyrde til eit utval *standardformlar* skaldar kunne nytta, slike folkeleg dikting alltid har hatt for handa (smst. s. 152). Thorvaldsen trekker fram

to typar standardformlar: *parformlar* og *taleformlar* (smst. s. 152; 154). Parformlar som er mykje nytta i norske kvad, blant dei i *Prk.*, er *jorð-upphimin*, *æsiralfar*, *æsir-ásynjar*, *ørendi-erfiði*. Taleformlar nytta i *Prk.*, men også kjende frå andre kjelder, er *þá kvað þat* og *hann þat orða / alls fyrst um kvað*, nytta for å *førebu* direkte tale i ei fortelling, og *þegi þú*, nytta for å *innleia* direkte tale i ei fortelling (smst. s. 153f). Utanom *Prk.* og *Brot* er *alls fyrst um kvað* også nytta i *Od.* (3:10),<sup>24</sup> mens *þegi þú* i tillegg til *Prk.* og *Ls.* også er nytta i *Gðr. I* (24:3) og i ei lausavísa av Harald Hardråde (Thorvaldsen 2008:154).

Standardvendingar er eit velkjent fenomen i folkeleg dikting. Det er ikkje nødvendig å anta at *Prk.* må ha lånt vendingar frå *Hstl.*, *Brot* og *Ls.*, eller frå andre kvad, og dei omtalte vendingane har i alle fall hatt ei brukshistorie som er meir komplisert enn kva Phillpotts, de Vries, Hallberg og von See har føresett.

#### Hamarmyten og latterlege gudar

Hamarmyten er ikkje kjend frå andre kjelder. Det kan tyda på at kvadet er ungt, i alle fall dersom dei fleste mytar frå heidensk tid er bevarte. Men det er dei ikkje. Me må gå ut frå at eit stort tal mytar er tapt, truleg fleire enn dei som er bevarte. T.d. har me ingen mytar som fortel om sambandet mellom *ønduráss* Ull og *øndurdíss* Skade, endå dei begge var guddommar for det same: fjell, skigåing, veiding. Når me kan ta for gitt at fleire mytar er tapte, er det ikkje underleg at enkelte andre bare er bevarte i éi kjelde. Då kan det ikkje utelukkast at myten (og kvadet som fortel den) likevel er gammal.

Tor framstår ikkje spesielt ærerik i kvadet, endå om han triumferer til slutt. At dei førkristne gudane kan framstå heller latterleg, ser me i fleire eddakvad og mytar (f.eks. *Ls.*, *Hrbl.*, *Grm.*). Slike framstillingar treng ikkje vera frå kristen tid. Det førkristne samfunnet kan ha oppfatta gudane som vesen som sleit med mykje dei same plagane og kjenslene som menneska hadde, vesen menneska kjende seg igjen i, og heilt ulikt det underdanige forholdet kyrkja lærte folk å ha til den eine allmektige Gud.

24. Liknande, men ikkje heilt like, vendingar er nytta i *Hym.* (32.5), *Sg.* (51:4) og *Od.* (15:4)

## Unge språklån

Eitt argument kan stå støare: orda som ikkje er belagde i norrøne kjelder eldre enn 1200-talet. Det gjeld *fjaðrhamr* og *skilligr*. Kan me fastslå *når* ord(a) er lånt, har me eit godt haldepunkt for å datera kvadet.

På norrønt er *fjaðrhamr* (m) fyrste gong nemnt i ein omsett tekst frå 1200-talet (von See et al. 1997:522). Ordet svarar til ags. *feðarhama*, gs. *feðarhamo* (smst.). Det er samansett av *fjaðr* (f) og *hamr* (m), begge gamle arveord frå urnordisk (og frå germansk før det; sjå 1. bolc s. 20; *BL* 2007:275; 414). Kan også det samansette ordet gå tilbake til urnordisk, og via urnordisk til urgermansk? Det er både mulig og, etter mitt skjønn, sannsynleg. Fuglar var eit viktig innslag i naturen til menneska i Norden, dei var viktige både som næring og som mytologiske figurar. At nordbuarane ikkje skulle hatt eit ord for fjørhamen, fjørdrakta, anser eg som utenkeleg. Det ordet kan godt ha vore *fjaðrhamr*.

*Skilligr* (m) er eit lånord frå vestgermansk (eller gotisk), jf. got. *skilliggs*, ght. *skilling*, *scilling*, mht. *schillinc*, gs. *skilling*, ags. *scilling* (Kluge/Seebold 2002:803; *DEO* 1989:373). Gotisk *skilliggs* blei uttala /*skillings*/, då -*gg*- var gotisk skrivemåte for /*ŋ*/ (Braune/Ebbinghaus 1981:46). Hadde dette blitt lånt inn i urnordisk, ville det gitt urnordisk \**skillingz*, \**skillingr* > norrønt *skilligr*. Følgjeleg er det ingenting språkleg i vegen for at dette ordet kan ha blitt innlånt alt i urnordisk. Det er ikkje belagt som så gammalt, men belagt ordforråd eldre enn 1200-talet er så begrensa at me ikkje kan trekka slutningar *ex silentio*.

## *Er um-kvað ein taleformel?*

I 5. bolc fann eg inga god forklaring på vendingane med *um kvað*, og spurde om dei kan ha vore standardformlar (5. bolc s. 78f). Thorvaldsen foreslår som nemnt at vendinga *alls fyrst um kvað* var det han kallar ein *taleformel* som førebudde direkte tale i ei fortelling (2008:153f). Slik fungerer vendinga *um kvað* i åtte av dei ni stadene der den er brukt i eddakvada (*Hym.* 32:5; *Prk.* 2:2; 3:4; 9:10; 12:4; *Brot* 5:4; *Sg.* 51:4; *Od.* 3:10). Unntaket er *Od.* 15:4, der Oddrun nytta vendinga *flest orð um kvað* inne i ein lang replikkveksling. No er rekkefølga på versa ulik i dei to handskrifa, men ingen stad står vendinga *flest orð um kvað* ved overgangen frå referat til direkte tale. Dei andre stadene fungerer *um kvað* ingressivt, dei

markerer at fortellaren skiftar frå å referera til å gjengi direkte tale (i *Hym.* kjem vendinga i femte linja etter skiftet, men markerer like fullt overgangen frå referat til direkte tale). Det gir god meining å bruka forstavinga *um-* på denne måten når me veit at *um-* kunne stå der gotisk og vestgermansk hadde *ga/ge/gi-*, som hadde perfektiv (ingressiv og resultativ) funksjon (Kluge/Seebold 2002:334; *BL* 2007:662).

*Orð um fann* (*Þrk.* 26:3; 28:3) fungerer på same måten. Når det ikkje står *um kvað*, men *þá kvað* (*þat*), i *Þrk.* 17:1, 18:1, 20:1, 22:1, 25:1, 30:1, er det i samsvar med *kva* Kuhn *fann* som sams for allitterande germansk diktning: korkje prefiks eller «fyllord» står nokon gong i trykksvake *inngangar* til vers (1929:55; 56).

Skulle me i så fall venta same forstaving *um-* også ved den andre taleformelen, *þegi þú?* Nei, for det er imperativ, og forstavinga *of/um-* blei aldri nytta føre imperativ (Kuhn 1929:42).

Det gir derfor god meining å oppfatta *um-kvað* som del av taleformel, der *um-* markerer den ingressive verknaden: skiftet frå å referera til å gjengi direkte tale.

#### *Konklusjon om alderen på Þrymskviða*

Dei einaste kriteria som kan underbyggast med godt dokumentert, verifiserbart og falsifiserbart materiale, er dei språklege kriteria. Dei kriteria som har vore trekt fram for å underbygga at kvadet er ungt, er alle kriterium som bygger på premiss (oftast ikkje uttrykte) som ikkje bygger på anna enn den enkelte forskars skjønn; alle forholda som er påpeika som teikn på ung alder, kan gis andre forklaringar. Ingen av dei er uforeinlege med ei datering til ein stad mellom 400/500-talet og 1000-talet, den dateringa dei språklege kriteria eintydig peikar mot. Omvendt er det vanskeleg å forklara dei språklege trekka som medvitne arkaismar eller lån. Eventuelle arkaismar måtte i så fall ha vore konsekvent gjennomførde, med uvanleg store kunnskapar om gammalt språk, men det finst ikkje eksempel på skaldar, anonyme eller kjende, som medvite la seg til forelda språk, anna enn lånte enkeltvendingar (sjå 4. bolk). Som eg konkluderte i 5. bolk: påstanden om at enkelte skaldar medvite nytta forelda språk i stort omfang, forblir ein påstand utan grunnlag (5. bolk s. 90). Lånte trekk måtte òg ha vore omfattande, og helst alle frå kvad eldre enn 1000-talet; skaldar lånte vendingar, men ikkje i så stort omfang at

kvad i alle trekk framstår som meir alderdommeleg enn frå tida dei blei dikta i. Med støtte i undersøkingane til Myrvoll (2014) konkluderte eg at når utvalet blir stort, gir lånte vendingar og bruk av standardformlar bare små og knapt målbare utslag i statistikken (5. bolk s. 91). Her er kanskje ikkje utvalet stort (218 ikkje-repeterte vers), men til gjengjeld peikar samtlege språktrekk i same leia.

Skal me datera dette kvadet, må me legga avgjerande vekt på dei språklege trekka, som er dei einaste me kan verifisera, særleg sidan dei er eintydige. Sidan *Þrymskviða* ut frå samtlege språklege kriterium ser ut til å høyra til den eldste gruppa av eddakvada, er det lite truleg at kvadet er dikta i siste del av den nemnde perioden 400/500-1000-talet. Konklusjonen må bli at kvadet er dikta etter 400/500-talet, før 1000-talet, der ei datering til 700-800-talet kan vera sannsynleg og neppe meir enn 100 år feil, den eine eller andre vegen.

## KONKLUSJON: KVA KAN ME SEIA OM ALDEREN PÅ EDDAKVADA?

Språklege trekk gir oss dei mest pålitelege haldepunkta for å datera eddakvada. Særleg omfanget av *of/um*-partiklar er ein god indikator. *Of* og *um* var ikkje fyllord utan meiningsinnhald, slik dei fleste har meint, men trykksvake forstavingar som forsynte følgeordet med eit — rett nok avsvekt — meiningsinnhald, slik Ingerid Dal hevda i 1930. Eg meiner å ha kartlagt meiningsinnhaldet i kvart enkelt tilfelle i *Codex Regius*, med atterhald for eit fåtal usikre døme (vedlegg 2).

Bernt Øyvind Thorvaldsen foreslo (2008) at skaldar hadde enkelte *standardformlar* (parformlar og taleformlar) dei kunne nytta, blant anna vendinga ...*alls fyrst um kvað*. Eg gjettar på at alle vendingane med *um kvað* (brukt ni gonger i *Codex Regius*) og *orð um fann* (brukt to gonger) var slike taleformlar som varsla overgang frå referat til direkte tale; det høver likevel dårleg éin stad (*Od.* 15:4).

Bruken av forstavingane *of/um* i skaldekvada viser oss korleis dei gradvis forsvann ut av det norrøne språket frå 800-talet til 1200-talet, med eit markert fall frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Omfanget av *of/um*-partikkelen kan derfor indikera om eit kvad er eldre eller yngre enn dette fallet, men hjelper oss ikkje til å setta ei grense bakover i tid. Omfanget av SOV-setningar (brot på V2-regelen) kan antyda ei slik grense bakover i tid. Men skal me bruka omfanget av *of/um*-partiklar eller V2-brot som aldersindikatorar, føreset det at ordmaterialet er omfattande nok.

Andre språklege trekk som kan gi pålitelege haldepunkt for datering, er dei såkalla vinðandin forna, hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, preposisjonane *ept*, *fyr* og *und*, enklitisk *ek*, *es* og *vas*, etterhengde artiklar og stavrim v/vokal.

Arbeidet mitt viser også at det ikkje er grunn til å tru at skaldar medvite har dikta kvad i forelda språk. Påstanden om medvitne arkaismar er bare ein påstand, den manglar grunnlag.

Eg meiner å påvisa at dei fleste eddakvada i *Codex Regius* må vera dikta i før-kristen tid, mens eit fåtal — Helgekvada, *Gripisspá* og *Atlamál* (og kanskje nokre få andre kvad) — må vera dikta på 1000-talet eller seinast tidleg 1100-tal. Desse

kvada har få *of/um*-partiklar og framstår som unge også ut frå dei andre språklege kriteria. Ei gruppe eddakvad med mellomstort innslag av *of/um*-partiklar er kanskje dikta på 900-talet eller tidleg 1000-tal, mens dei eddakvada som har størst innslag av *of/um*-partiklar ser ut til å vera eldre, også ut frå andre språklege kriterium. Kva kvad som kan høyra til kva for eit lag, framgår av tabell 5 (5. bolk, s. 84), men enkelte kvad kan vera eldre eller yngre enn laget dei der er plassert i, då alderskriteria blir noko usikre spesielt for kortare kvad. Det eldste laget eddakvad vil eg anslå må vera dikta før 1000-talet og etter 400-500-talet, og snarare i den tidlege enn den seinare delen av denne perioden. Det vil ikkje vera noko dårleg anslag å plassera dei på 700-800-talet, med ein feilmargin på 100 år begge vegar.

Sidan det store fleirtalet eddakvad må vera dikta i førkristen tid, og så å seia alle gudekvada må vera så gamle, kan me trygt gå ut frå at førestillingane kvada formidlar, fanst i Norden i heidensk tid.

## Litteratur

Alexander Jóhannesson. 1956. *Isländisches Etymologisches Wörterbuch*. Bern: Francke.

Alver, Brynjulf. 2011, 14. juli. Ballade: episk folkevise. *Store norske leksikon*. Henta 21. mars 2019 frå [https://snl.no/ballade\\_-\\_episk\\_folkevise](https://snl.no/ballade_-_episk_folkevise).

Berg, Mai Elisabeth. 2001. *Fra myte til poesi. Gudediktene i Den eldre Edda som litterær komposisjon*. Avhandling (dr.art.), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU). Trondheim: Det historisk-filosofiske fakultet, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.

Berg, Mai Elisabeth. 2017. Eddamytologi eller eddapoesi? *Dagbladet* 10.6.2017 (kronikk).

BL = Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindemann. 2007 (rev. utg. av 1. utg. 2000). *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Oslo: Novus.

Bockholdt, Rudolf. 1980. Ballade. *Lexikon des Mittelalters* (10. utg.) 1:1383-1387. München und Zürich: Artemis.

Braune/Ebbinghaus. 1981. *Gotische Grammatik mit Lesestücken und Wörterverzeichnis*, von Wilhelm Braune. 19. Aufl. (1. Aufl. 1880). Neu bearbeitet von Ernst A. Ebbinghaus. Tübingen: Niemeyer.

Braunmüller, Kurt. 1982. *Syntaxtypologische Studien zum Germanischen*. Tübingen.

Braunmüller, Kurt. 2002. The Ancient-Nordic linguistic system from a topological point of view. Phonology, graphemics, morphology, syntax and word order. *The Nordic Languages* 1:649-656.

Bugge, Sophus (utg.). 1867. *Norræn fornkvæði. Islandsk samling av folkelige Oldtidsdigte om Nordens Guder og Heroer, almindelig kaldet Sæmundar Edda hins fróða*. Christiania: Malling.

Bugge, Sophus. 1881-89. *Studier over de nordiske Gude- og Heltedags Op-rindelse*. 1. serie. Christiania: Cammermeyer.

Christiansen, Hallfrid. 1960. De germanske uaksentuerte prefikser i nordisk. *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* 19:340-382.

Clunies Ross, Margaret. 2005. *A History of Old Norse Poetry and Poetics*. Cambridge: Brewer.

Clunies Ross, Margaret. 2016. The transmission and preservation of eddic poetry. *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia* (eds. Carolyne Larrington, Judy Quinn and Brittany Schorn), s. 12-32.

Clunies Ross, Margaret. 2017. Introduction. *SkP* 8:lv-xcvi.

Dal, Ingerid. 1930a. *Ursprung und Verwendung der altnordischen «Expletivpartikel» of, um*. Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskabs-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1929. Nr 5. Oslo: Dybwad.

Dal, Ingerid 1930b. Zur Geschichte der schwachtonigen Präfixe im Nordischen. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 4:179-210.

DEO = Nielsen, Niels Åge. 1989 (4. utg., 2. oppl.; 1. utg. 1966). *Dansk Etymologisk Ordbog. Ordenes historie*. København: Gyldendal.

Detter, Ferdinand und Richard Heinzel (Hgg.). 1903. *Sæmundar-Edda mit einem Anhang hg. und erklärt*. Bd. 2. *Anmerkungen*. Leipzig: Wigand.

Dronke, Ursula (ed.). 1997. *The Poetic Edda. II. Mythological Poems. Edited with Translations and Commentary by Ursula Dronke*. Oxford: Clarendon.

Eide, Kristin Melum og Arnstein Hjelde. 2018. Om verbplassering og verbmorfologi i amerikanorsk. *Maal og Minne* 2018:25-69.

FGA = Hreinn Benediktsson (utg.). 1972. *The first grammatical treatise: introduction, text, notes, translation, vocabulary, facsimiles*. University of Iceland publications in linguistics 1. Reykjavík: Institute of Nordic Linguistics.

Fidjestøl, Bjarne. 1989. Ekspletivpartikkelen som dateringskriterium: Forsøk i filologisk statistikk. *Festskrift til Finn Hødnebo 29. desember 1989* (ed. Bjørn Eithun et al.), s. 46-64. Oslo: Novus.

Fidjestøl, Bjarne. 1999. *The Dating of Eddic Poetry. A historical survey and methodological investigation*, edited by Odd Einar Haugen. Bibliotheca Arnemagnæana vol. 41. København: Reitzel.

Finnur Jónsson (utg.). 1892-1896. *Hauksbók udgiven efter de arnamagnæanske håndskrifter no. 371, 544 og 675, 4to, samt forskellige papirhåndskrifter af Det Kongelige Nordiske Oldskrift-Selskab*. København: Thieles Bogtrykkeri.

Finnur Jónsson. 1901. *Det norsk-islandske Skjaldesprog omkr. 800-1300*. København: Møller.

Finnur Jónsson. 1920, 1923, 1924. *Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie* (3 bd.; 2. udg.). København: Gads.

Finnur Jónsson. 1920-21. *Norsk-islandske kultur- og sprogforhold i 9. og 10. årh.* Historisk-filologiske Meddelelser udg. af Det Kgl. Danske Videnskabers Selskab III, 2. København: Bianco Luno.

Finnur Jónsson. 1931. *Edda Snorra Sturlusonar udg. efter Håndskrifterne af Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat*, Gyldendal, København.

Finnur Jónsson. 1933. Nogle bemærkninger om behandlingen af sprog og form i eddadigtene. *Seks Afhandlinger om Eddadigtene*, s. 33-56. København: Gads.

Fritzner, Johan. 1886, 1891, 1896. *Ordbog over det gamle norske Sprog* (3 bd.). Omarbejdet, forøget og forbedret udgave (1. utg. 1867). Kristiania: Den norske Forlagsforening.

Fulk, Robert D. 2016. Eddic metres. *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia* (eds. Larrington, Quinn & Schorn), s. 252-270.

Gade, Kari Ellen. 2001. The Dating and Attributions of Verses in the Skald Sagas. *Skald Sagas: Text, vocation and desire in the Icelandic sagas of poets* (*Ergänzungsbände zum Reallexicon der Germanischen Altertumskunde* 27, ed. Russel Poole), s. 50-74. Berlin, New York: de Gruyter.

Gade, Kari Ellen. 2002. History of Old Nordic metrics. *The Nordic Languages* I:856-870.

Gísli Sigurðsson (utg.). 1998. *Eddukvæði*. Reykjavík: Mál og Menning.

Gísli Sigurðsson. 2013. Völuspá as the Product of an Oral Tradition: What does that Entail? *The Nordic Apocalypse. Approaches to Völuspá and Nordic Days of Judgment* (eds. Terry Gunnell and Annette Lassen), s. 45-62. Turnhout: Brepols.

Gjerde, Åsmund Borgen. 2017. Flateyjarbók. *Store norske leksikon*, <https://snl.no/Flateyjarbók>.

Grienberger, Theodor von. 1900. *Untersuchungen zur Gotischen Wortkunde*. Sitzungsberichte der Kaiserliche Akademie der Wissenschaft in Wien. Philosophisch-Historische Klasse 142. Wien: Gerold. <https://archive.org/stream/untersuchungenz00griegoog#page/n6/mod/2up>

Grønvik, Ottar. 1985. *Runene på Eggjasteinen. En hedensk gravinnskrift fra slutten av 600-tallet*. Oslo — Bergen — Stavanger — Tromsø: Universitetsforlaget.

Grønvik, Ottar. 1987. *Fra Ågedal til Setre. Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*. Oslo — Bergen — Stavanger — Tromsø: Universitetsforlaget.

Hagland, Jan Ragnar. 2013. Gammalislandsk og gammalnorsk språk. *Handbok i norrøn filologi* (red. Odd Einar Haugen), 2. utg. (1. utg. 2004), s. 600-638. Bergen: Fagbokforlaget.

Hallberg, Peter. 1954. Om Þrymskviða. *Arkiv för nordisk filologi* 69:51-77.

Harris, Joseph. 1985. Eddic Poetry. *Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide* (eds. Carol Clover and John Lindow), s. 68-156. Toronto: University of Toronto Press.

Harris, Joseph. 2016. Tradition of eddic scholarship. *A Handbook to Eddic Poetry* (eds. Carolyne Larrington, Judy Quinn and Brittany Schorn), s. 33-57.

Haugen, Einar. 1950. *First Grammatical Treatise*. Norræn staffræði 1. Language monographs 25. Baltimore: Linguistic society of America.

Haukur Þorgeirsson. 2012. Late Placement of the Finite Verb in Old Norse Fornyrðislag Meter. *Journal of Germanic Linguistics* 24:233-269. doi: 10.1017/S1470542712000037.

Haukur Þorgeirsson. 2017. The Dating of Eddic Poetry — Evidence from Alliteration. *Approaches to Nordic and Germanic Poetry* (eds. Kristján Árnason et al.), s. 33-61. Reykjavík: Háskólaútgáfan.

Heggstad = Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen. 2012. *Norrøn ordbok* (5. utg.; 1. utg. v/Marius Hægstad og Alf Torp 1909). Oslo: Samlaget.

*Heilag.* = *Heilagra Manna Sögur. Fortællinger og Legender om Hellige Mænd og Kvinder efter gamle Haandskrifter* (2 bd.), udg. C.R. Unger 1877. Christiania: Bentzen.

Heslop, Kate. 2012a. Erfidrápa Óláfs Tryggvasonar. *SkP* 1:400-441.

Heslop, Kate. 2012b. Óláfs drápa Tryggvasonar. *SkP* 1:1031-1060.

Hreinn Benediktsson. 1962. The Unstressed and the Non-Syllabic Vowels of Old Icelandic. *Arkiv för nordisk filologi* 77:7-31.

*Isl.Hom.* = *Homiliu-Bók. Isländska Homilier efter en handskrift från tolfte århundradet*, utg. Theodor Wisén 1872. Lund: Gleerup.

Iversen, Ragnar. 1928. *Norrøn grammatikk* (2. utg.; 1. utg. 1922). Oslo: Aschehoug.

*JKVO* = Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason (utg.). 2014. *Íslenzk fornrit. Eddukvæði. I: Godakvæði. II: Hetjukvæði*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.

Johansson, Karl Gunnar. 1997. *Studier i Codex Wormianus: skriftradition och skriftverksamhet vid ett isländskt skriptorium under 1300-talet*. Nordistica Gothoburgensia 20, Göteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis.

Johnsen, Ingrid Sanness. 1968. *Stuttruner i vikingtidens innskrifter*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kabell, Aage. 1956. Balladeversemål. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* (no. hovudred. Finn Hødnebo), bd. 1:323-325. Oslo: Gyldendal.

Keyser, Rudolf. 1866. *Efterladte Skrifter 1: Nordmændenes Videnskabelighed og Literatur i Middelalderen*. Christiania: Malling.

Kluge/Seebold = Kluge, Friedrich. 2002 (24. rev. og utvida utg.; 1. utg. 1883). Kluge. *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache. Bearbeitet von Elmar Seebold*. Berlin/New York: de Gruyter.

Kuhn, Hans. 1929. *Das Füllwort of-um im Altwestnordischen. Eine Untersuchung zur Geschichte der germanischen Präfixe. Ein Beitrag zur altgermanischen Metrik*. Ergänzungshefte zur Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung auf dem Gebiet der indogermanischen Sprachen, Nr. 8. Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht.

Kuhn, Hans. 1933. Zur Wortstellung und -betonung im Altgermanischen. *Beiträge zur Geschichte der Deutschen Sprache und Literatur* 57:1-104.

Kulbrandstad, Lars Anders. 2012 (3. utg., 4. oppl.; 1. utg. 1993). *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lange, Wolfgang. 1955. Zahlen und Zahlenkompositionen in der Edda. *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* 77:306-348.

Larrington, Carolyne. 2016. Introduction. *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia* (eds. Carolyne Larrington, Judy Quinn and Brittany Schorn), s. 1-11.

Larrington, Carolyne, Judy Quinn & Brittany Schorn (eds.). 2016. *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia*. Cambridge: Cambridge University Press.

Lassen, Annette. 2013. The Early Receptions of Vǫluspá from Snorri Sturluson to Árni Magnússon. *The Nordic Apocalypse. Approaches to Vǫluspá and Nordic Days of Judgement* (eds. Terry Gunnell and Annette Lassen), s. 3-22. Turnhout: Brepols.

Lehmann, Winfred P. and J.L. Dillard. 1954. *The Alliterations of the Edda*. Austin.

Lethbridge, Emily. 2012. Bjarni byskup Kolbeinsson: Jómsvíkingadrápa. *SkP* 1:954-997.

*Lex.Poet.* = *Lexicon Poeticum antiquæ linguæ septentrionalis*. Ordbog over det norsk-islandske Skjaldesprog, oprindeligt forfattet av Sveinbjörn Egilsson, forøget og på ny udgivet for Det kongelige nordiske Oldskiftselskab ved Finnur Jónsson. 1931 (2. udg.; 1. udg. 1916). Fotografisk genoptryk 1966. København: Atlas.

Lloyd, Albert L. 1979. *Anatomy of the Verb, the Gothic Verb as a Model for a Unified Theory of Aspect, Actional Types, and Verbal Velocity*. Amsterdam: John Benjamins.

Mundal, Else. 2002. Austr sat in aldna... Giantesses and female powers in *Völuspá*. *Mythological Women. Studies in Memory of Lotte Motz 1922-1997*, red. Rudolf Simek og Wilhelm Heizmann, s. 185-195. *Studia Medievalia Septentrionalia* 7. Wien: Fassbaender.

Mundal, Else. 2008. Oral or Scribal Variation in *Völuspá*: A Case Study in Old Norse Prose. *Oral Art Forms and their Passage into Writing* (eds. Mundal, Else and Jonas Wellendorf), s. 209-227. København: Museum Tusulanum Press.

Mundal, Else. 2012. *Fjöld veit hon fræða*. *Utvalde arbeid av Else Mundal*, redigert av Odd Einar Haugen, Bernt Øyvind Thorvaldsen og Jonas Wellendorf. Oslo: Novus.

Mundal, Else. 2013. Edda- og skaldediktning. *Handbok i norrøn filologi* (red. Odd Einar Haugen), 2. utg. (1. utg. 2004), s. 356-416. Bergen: Fagbokforlaget.

Myrvoll, Klaus Johan. 2014. *Kronologi i skaldekvæde. Distribusjon og språklege drag i høve til tradisjonell datering og attribuering*. Avhandling for graden philosophiae doctor, Universitetet i Oslo, Oslo.

*NO* = *Norsk Ordbok*. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (12 bd.), utgjeven av Det norske Samlaget 19årstal-2015. Oslo: Samlaget.

*NO 4* = *Norsk Ordbok, bd. 4*. 2002. Hovudredaktør Lars Vikør. Oslo: Samlaget.

*NO 10* = *Norsk Ordbok, bd. 10*. Hovudredaktørar Oddrun Grønvik, Lars S. Vikør, Dagfinn Worren, prosjektredaktør Åse Wetås. Oslo: Samlaget.

- Noreen, Erik. 1921. Eddastudier. *Språkvetenskapliga sällskapet i Uppsala förhandlingar Jan. 1919-Dec. 1921*. Uppsala Universitets Årsskrift 1921. Filosofi, språkvetenskapliga och historiska vetenskaper, 5:1-44 (Bil. A). Uppsala.
- Noreen, Erik. 1926. *Den norsk-isländska poesien*. Stockholm: Norstedt.
- Nygaard, Marius. 1865. *Eddasprogets Syntax*. Bergen: Giertsen.
- Ólafur Halldórsson (utg.). 1969. *Jómsvíkinga saga. AM 291 4to*. Reykjavík: Prentsmíðja Jóns Helgasonar HF.
- Olsen, Magnus. 1932. Orknø-Norn og norrøn diktning på Orknøene. *Maal og Minne* s. 137-153.
- Olsen, Magnus (utg.). 1954. *Norges innskrifter med de yngre runer utg. for Kjeldeskriftfondet 3*. Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt.
- Olsen, Magnus (utg.). 1957. *Norges innskrifter med de yngre runer utg. for Kjeldeskriftfondet 4*. Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt.
- Ottosson, Kjartan. 2002. The databasis of a Nordic language history. *The Nordic Languages* 1:38-48.
- Petersens, Carl af (utg.). 1879. *Jómsvíkinga saga (efter Cod. AM. 510, 4:to) samt Jómsvíkinga drápa*. Lund: Gleerup.
- Phillpotts, Berta. 1920. *The Elder Edda and Ancient Scandinavian Drama*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ralph, Bo. 2002. Phonological and graphemic developments from Ancient Nordic to Old Nordic. *The Nordic Languages* 1:703-719.
- Riad, Tomas. 2002. The phonological systems of Old Nordic II: Old Swedish and Old Danish. *The Nordic Languages* 1:896-911.
- Sandøy, Helge. 2005. The typological development of the Nordic languages I: Phonology. *The Nordic Languages* 2:1852-1871.
- Schier, Kurt. 1986. Edda, Ältere. *Reallexikon der Germanischen Altertumskunde* 6:355-394. Berlin — New York: de Gruyter.
- Schjødt, Jens Peter. 2016. Eddic poetry and the religion of pre-Christian Scandinavia. *A Handbook to Eddic Poetry* (eds. Carolyne Larrington, Judy Quinn and Brittany Schorn) s. 132-146.

Schulte, Michael. 2007. Präverbierung in den prosodischen Systemen des Atgermanischen. *NOWELE* vol. 50/51:5-41.

von See, Klaus et al. = Klaus von See, Beatrice LaFarge, Eve Picard, Katja Schulz und Matthias Teichert. 1997-2012. *Kommentar zu den Liedern der Edda* (7 bd.; 1997-2019). Heidelberg: Winter.

- 2019. I. *Götterlieder*. 1. *Völuspá (R)*; *Hávamál*. 2. *Vafþrúðnismál*; *Grímnismál*; *Völuspá (H)*; *Zwergenverzeichnis aus der Gylfaginning*.
- 1997. II. *Götterlieder*. *Skírnismál*; *Hárbarðsljóð*; *Hymiskviða*; *Lokasenna*; *Prymskviða*.
- 2000. III. *Götterlieder*. *Völundarkviða*; *Alvíssmál*; *Baldurs draumar*; *Rígspula*; *Hyndluljóð*; *Grottasöngur*.
- 2004. IV. *Heldenlieder*. *Helgakviða Hundingsbana I*; *Helgakviða Hjörvarðarsonra*; *Helgakviða Hundingsbana II*.
- 2006. V. *Heldenlieder*. *Frá dauða Sinfjötla*; *Grípisspá*; *Reginismál*; *Fáfnismál*; *Sigrdrífumál*.
- 2009. VI. *Heldenlieder*. *Brot af Sigurðarkviðu*; *Guðrúnarkviða I*; *Sigurðarkviða in skamma*; *Helreið Brynhildar*; *Dráp Niflunga*; *Guðrúnarkviða II*; *Oddrúnargrátr*; *Strophenchuchstücke aus der Volsunga saga*.
- 2012. VII. *Heldenlieder*. *Atlakviða in grænlenska*; *Atlamál in grænlenska*; *Frá Guðrúno*; *Guðrúnarhvöt*; *Hamðismál*.

Seip, Didrik Arup. 1958. Den etterhengte artikkel i nordisk. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 18, s. 231-261. Oslo.

*Skj* = *Den norsk-islandske Skjaldedigtning* (utg. Finnur Jónsson; 4 bd.). 1967-1973 (fotografisk optryk av førsteudg. fra 1912-15). København: Rosenkilde og Bagge.

- *AI 800-1200: Tekst efter håndskrifterne*.
- *BI 800-1200: Rettet tekst*.
- *AII 1200-1400: Tekst efter håndskrifterne*.
- *BII 1200-1400: Rettet tekst*.

*SkP* = *Scaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages* (hovudred. Margaret Clunies Ross; 8 bd., enno under utgiving). 2007-. Turnhout: Brepols.

- *Vol. 1 Poetry from the King's Sagas 1: From Mythical Times to c. 1035* (ed. Diana Whaley), parts 1-2. 2012.
- *Vol. 2. Poetry from the King's Sagas 2: From c. 1035 to c. 1300* (ed. Kari Ellen Gade), parts 1-2. 2009.
- *Vol. 3. Poetry from Treatises on Poetics* (ed. Kari Ellen Gade in collaboration with Edith Marold), parts 1-2. 2017.  
[Vol. 4-6 ikkje utgitt enno]
- *Vol. 7. Poetry on Christian Subjects* (ed. Margaret Clunies Ross), parts 1-2. 2007.

- Vol. 8. *Poetry in fornaldarsögur* (ed. Margaret Clunies Ross), parts 1-2. 2017.

Stavnem, Rolf. 2012. Hallar-Steinn: Rekstefja. *SkP* 1:893-939.

Steinsland, Gro. 2013. Völuspá and the Sibylline Oracles with a Focus on the 'Myth of the Future'. *The Nordic Apocalypse. Approaches to Völuspá and Nordic Days of Judgment* (eds. Terry Gunnell and Annette Lassen), s. 147-160). Turnhout: Brepols.

Streitberg, Wilhelm. 1891. Perfective und imperfective Aktionsart im Germanischen. *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* [P.Br.B.] 15:70-177.

[http://www.digizeitschriften.de/dms/toc/?PID=PPN345203690\\_0015](http://www.digizeitschriften.de/dms/toc/?PID=PPN345203690_0015)

Streitberg, Wilhelm. 1906. *Gotisches Elementarbuch*. 2. utg. Heidelberg: Winter.

Sävborg, Daniel. 1997. *Sorg och elegi i Eddans hjältediktning*. Stockholm studies in history of literature 36. Acta Universitatis Stockholmiensis. Stockholm: Almqvist & Wiksell.

Sävborg, Daniel. 2004. Om eddadikternas ursprung och alder. *Arkiv för nordisk filologi* 119:55-104.

*The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages*, ed. Oskar Bandle (main editor), Kurt Braunmüller, Ernst Håkon Jahr, Allan Karker, Hans-Peter Naumann, Ulf Teleman. Berlin — New York: de Gruyter.

- 2002: Vol. I.

- 2005: Vol. II.

Thorvaldsen, Bernt Øyvind. 2008. Om Prymskviða, tekstlån og tradisjon. *Maal og minne* 2008:142-166.

Thorvaldsen, Bernt Øyvind. 2016. The Dating of Eddic Poetry. *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia* (eds. Carolyne Larrington, Judy Quinn and Brittany Schorn), s. 72-91.

Turville-Petrie, Gabriel. 1964. *Myth and Religion of the North: The Religion of Ancient Scandinavia*. New York: Holt, Rinehart and Winston.

de Vries, Jan. 1928. Over de dateering der Prymskviða. *Tijdschrift voor Nederlandsche Taal- en Letterkunde* 47:251-322.

de Vries, Jan. 1942. *Altnordische Literaturgeschichte* II. Berlin: de Gruyter.

de Vries, Jan. 1961. *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch*. Leiden: Brill.

Wessén, Elias. 1943-1946a. 664. Ekilla bro. Yttergrans sn. *Upplands runinskrifter*, granskade och tolkade av Elias Wessén och Sven B.F. Jansson, andra delen, s. 93-96. 7. band i serien *Sveriges runinskrifter*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.

Wessén, Elias. 1943-1946b. 669. Kålsta, Häggeby sn. *Upplands runinskrifter*, granskade och tolkade av Elias Wessén och Sven B.F. Jansson, andra delen, s. 155-157. 7. band i serien *Sveriges runinskrifter*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.

Wessén, Elias. 1962. 110. Tjängvide, Alskogs sn. Nu i Statens Historiska Museum. *Gotlands runinskrifter*, granskade och tolkade av Sven B.F. Jansson og Elias Wessén, första delen, s. 190-198. 11. band i serien *Sveriges runinskrifter*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.

*Ødegård, Knut. 2013-2016. Edda-dikt. Gjendikting og kommentarar av...* (4 band). Oslo: Cappelen Damm.

- bd. 1. 2013. Voluspå & Håvamål.
- bd. 2. 2014. Gudedikt
- bd. 3. 2015. Heltedikt, del 1.
- bd. 4. 2016. Heltedikt, del 2.